

# Kristen ungdomsidentitet online – posisjon eller relasjon?

I kva grad samsvarer anti-essensielle identitetsteoriar med kristen identitetsforståing, og korleis dannar, opplever og uttrykker kristen ungdom tru, verdiar og identitet på internett?

**Stig Tore Aaberg**



Masteroppgåve i Språk, kultur og digital kommunikasjon,  
Avdeling for lærerutdanning og naturvitenskap

**HØGSKOLEN I HEDMARK**

Vår 2010

## FORORD

Då eg begynte på Master i språk, kultur og digital kommunikasjon ved sidan av full jobb var planen å fullføre innan 4 år. No er det ei glede å kunne levere etter 2! Eg anbefaler ingen å gjere det same, men er stolt over å ha fullført prosjektet utan å ha ofra kone og barn, å ha utført lærarjobben med samvitet i behald, og endå til makta å ta oppatt treninga! No er det tid for å ta fatt i hus og hage...

Dette har vore mogleg på grunn av ei oppmuntrande, støttande og passeleg ”pushy” kone, snille barn, ein fleksibel arbeidsgjevar, og eit fantastisk interessant studium! Så takk til Linda, Maileen, Mathias og Alina, Drottningborg vgs i Grimstad og Høgskulen i Hedmark!

Av andre som fortener ein takk må eg nemne:

- Min vegleiar Steinar Laberg. Vi har ikkje vore einige i eitt og alt, men hans innspel har tvinga meg inn i refleksjonar som har heva læringsutbyttet og det faglege nivået.
- Margunn Serigstad Dale ved Gimlekollen Mediehøgskole i Kristiansand for gode tips på relevant litteratur, og generell oppmuntring gjennom sitt blide vesen
- Gode kollegaer ved Drottningborg som har oppmuntra, vist interesse, og fungert som ”sparrings-partnerar” i prosessen
- Administrasjon og lærarar ved Kvitsund Gymnas som på kort varsel og med stor velvilje la til rette for gjennomføring av spørjeundersøking blant elevane
- Elevar ved Kvitsund og Drottningborg som deltok i spørjeundersøkinga, og dermed mogleggjorde fullføringa av prosjektet!
- Medstudentar på Digkom for 2 inspirerande år!
- Vener, bekjente og andre ”tilfeldig forbi-passende” som direkte og indirekte, forvarande og uforvarande, vitande og uvitande har bidrege med innspel til temaet...

Elles håpar eg strukturelle og metodiske svakheiter ved oppgåva ikkje overskyggar det som eventuelt måtte vere av nyttige refleksjonar om identitet og interessante observasjonar av kristen ungdom på nettet.

Stig Tore Aaberg

Grimstad, mai 2010

# INNHALD

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 1     | INNLEIING.....   | 5  |
| 1.1   | Temaområde, motivasjon og "State of the Art" .....                             | 5  |
| 1.2   | Min ståstad i forhold til tema.....  | 7  |
| 1.3   | Tittel, problemstilling og forskningsspørsmål .....                            | 8  |
| 2     | METODE .....   | 10 |
| 2.1   | Innleiing.....   | 10 |
| 2.2   | Vitskapsteoretiske prinsipp og betraktningar .....                             | 11 |
| 2.2.1 | Grounded theory .....  | 12 |
| 2.2.2 | Kritisk teori .....  | 12 |
| 2.2.3 | Trippelhermeneutikk .....  | 14 |
| 2.2.4 | Anvendning av metode-teori i oppgåva – to fokus .....                          | 15 |
| 2.3   | Datainnsamling og forskningsetiske betraktningar.....                          | 15 |
| 2.3.1 | Etiske prinsipp .....  | 16 |
| 2.3.2 | Etiske hensyn ved spørjeundersøkingar og internettforsking .....               | 18 |
| 2.3.3 | Konkrete etiske utfordringar i datainnsamlinga .....                           | 19 |
| 2.3.4 | Validitet .....  | 22 |
| 2.3.5 | Typar validitet .....  | 22 |
| 2.3.6 | Konkrete utfordringar med validitet i datainnsamlinga.....                     | 24 |
| 3     | TEORI.....   | 25 |
| 3.1   | Innleiing.....   | 25 |
| 3.1.1 | Identitetsbegrepet sin plass i oppgåva.....                                    | 26 |
| 3.1.2 | Anti-essensielle identitetsteoriar og kristen identitetsforståing .....        | 27 |
| 3.2   | Historisk, filosofisk og ideologisk utvikling av identitetsbegrepet .....      | 28 |
| 3.2.1 | Den fastlagte posisjonen .....   | 29 |
| 3.2.2 | Den frisettede posisjonen.....   | 30 |
| 3.2.3 | Den flytande posisjonen.....   | 33 |
| 3.3   | Anti-essensiell identitetsforståing .....                                      | 34 |
| 3.3.1 | Foucault og post-strukturalismen .....   | 34 |
| 3.3.2 | Vidareføring av post-strukturalismen - Hall og Butler.....                     | 37 |
| 3.3.3 | Anti-essensiell identitet - konsekvensar og kritiske refleksjonar .....        | 39 |
| 3.3.4 | Oppsummering anti-essensiell identitetsteori .....                             | 42 |
| 3.4   | Identitetsforståing i kristent perspektiv .....                                | 43 |
| 3.4.1 | Grunnprinsipp for kristen identitetstenking .....                              | 43 |
| 3.4.2 | Kristen tru vs anti-essensialisme .....  | 44 |
| 3.4.3 | Mønster for identitetsdanning .....  | 45 |
| 3.4.4 | Bibelske prinsipp for identitetsdanning – skapt i Guds bilete .....            | 47 |
| 3.4.5 | Faktorar med identitetsformande funksjon .....                                 | 49 |
| 3.5   | Beyond identity - kristendommens bidrag til identitetsforståinga .....         | 55 |
| 3.5.1 | Identitet som relasjonell forankring .....                                     | 57 |
| 3.5.2 | Oppsummering anti-essensiell og kristen forståing - samsvar og utfordring..... | 58 |
| 3.6   | Ungdomsidentitet online .....  | 60 |
| 3.6.1 | Saumlausheit og tilhøyrsløse .....   | 61 |
| 3.6.2 | Uttrykk for identitet på nettet.....   | 62 |
| 3.6.3 | Samanheng mellom teori til empiri .....  | 64 |
| 4     | ANALYSE .....  | 65 |
| 4.1   | Innleiing – spørjeundersøking, gjennomføring og behandling av svar.....        | 65 |
| 4.1.1 | Presiseringar og avklaringar .....   | 66 |
| 4.2   | Del 1 – kartlegging av bakgrunn og kristen tru .....                           | 67 |
| 4.2.1 | Bakgrunn og kristen tru i RL .....   | 68 |
| 4.2.2 | Synlegheit og identitet .....  | 69 |
| 4.2.3 | Oppsummering del 1– kven er informantane i RL?.....                            | 71 |
| 4.3   | Del 2 – kartlegging av nettaktivitet og nettvanar.....                         | 72 |

|       |  |     |
|-------|--|-----|
| 4.3.1 | Tidsbruk og nettaktivitet .....  | 72  |
| 4.3.2 | Nettsider og kommunikasjon .....   | 74  |
| 4.3.3 | Oppsummering og kommentarar del 2 .....  | 78  |
| 4.4   | Del 3 – kartlegging av kristen tru og identitet på nettet.....   | 79  |
| 4.4.1 | Typar åferd og formål .....  | 79  |
| 4.4.2 | Verdiar på nettet.....   | 80  |
| 4.4.3 | Førebilete på nettet .....   | 81  |
| 4.4.4 | Meistring på nettet.....   | 83  |
| 4.4.5 | Relasjonar på nettet .....   | 85  |
| 4.4.6 | Oppsummering bibelske faktorar for identitetsdanning .....   | 87  |
| 4.5   | Tru, verdiar og identitet i konkrete online-aktivitetar .....  | 88  |
| 4.5.1 | Kristen tru og spel .....  | 88  |
| 4.5.2 | Kristen tru og kultur og underhaldning .....   | 90  |
| 4.5.3 | Kristen tru i kommunikasjon og diskusjon .....   | 92  |
| 4.5.4 | Kristen tru i nettsamfunn og grupper .....   | 94  |
| 4.5.5 | Kristen tru og produksjon av nettinnhald .....   | 95  |
| 4.5.6 | Kristen tru på Facebook .....  | 95  |
| 4.5.7 | Facebook og identitet.....   | 97  |
| 4.5.8 | Facebook og relasjonar .....   | 98  |
| 4.5.9 | Kor synleg og relevant er trua på Facebook? .....  | 100 |
| 4.6   | Påstandar om tru, identitet og internett .....   | 103 |
| 4.6.1 | ”Den personen eg er på nettet liknar på meg, men minus dei negative sidene” .....  | 103 |
| 4.6.2 | ”Den personen eg er på nettet er ei redigert og ”pynta” utgåve av meg i RL” .....  | 104 |
| 4.6.3 | ”Min aktivitet, profil og identitet på internett er eit forsøk på å ”forfatte meg sjølv” til den personen eg helst vil vere” ..... | 105 |
| 4.6.4 | ”Eg brukar internett til å eksperimentere med identitetar, roller, grenser og fantasiar som eg ikkje kan utforske i RL” .....      | 105 |
| 4.6.5 | ”Internett-aktiviteten min fører til mindre kontakt, og meir overflatisk kontakt med venene mine” .....                            | 106 |
| 4.6.6 | ”Livet på internett har stort sett bare rom for ”happy faces” og positive følelsar” .....  | 107 |
| 4.6.7 | ”Livet på internett og livet i RL er adskilte verder utan påverknad på kvarandre” .....  | 109 |
| 4.6.8 | ”Facebook er ei ikkje-religiøs sone” .....   | 110 |
| 4.7   | Kristen ungdomsidentitet online - oppsummering og drøfting .....   | 110 |
| 4.7.1 | Drøfting av forskingsspørsmål om tru, verdiar og identitet .....   | 112 |
| 5     | AVSLUTNING .....   | 115 |
| 6     | REFERANSELISTE.....  | 117 |
| 7     | SAMANDRAG OG VEDLEGG .....   | 119 |
| 7.1   | Samandrag: Kristen ungdomsidentitet online – posisjon eller relasjon?.....   | 120 |
| 7.2   | Abstract: Christian Youth Identity Online - Position or Relation? .....  | 121 |
| 7.3   | Vedlegg 1 – Informasjonsbrev til informantane .....  | 122 |
| 7.4   | Vedlegg 2 - Spørjeundersøking.....   | 123 |

# 1 INNLEIING

Kva er identitet? Godt spørsmål! ”Godt spørsmål” betyr i følge min gamle lærar at det er vanskeleg å svare på, og i forhold til identitet er det i tillegg mange ulike og motstridande svar: Identitet er det eg er identisk med. Identitet er det eg identifiserar meg med. Identitet er fortellingen om meg. Identitet er eit rollespelet. Identitet er ”biletet” av meg. Identitet er ”merkevaren meg”. Identitet er inni. Identitet er utanpå. Identitet er den eg er. Identitet er det eg gjer. Identitet er den eg vil vere. Identitet er fast og stabilt. Identitet er flytande og ustabilt. Identitet er medfødt. Identitet er konstruert. Identitet er eit produkt, ein prosess, ein posisjon, ein relasjon... Denne oppgåva håpar gjennom drøfting av aktuelle identitetsforestillingar i lys av kristen tru og verkelegheitsoppfatning å nærme seg ei forståing av kva identitet er, korleis identitet vert til, og korleis kristen ungdom uttrykker tru og identitet på internett.

Er identitet viktig? Identitet er ”definisjonen av meg”, og den som har ”definisjonsmakta” over oss styrer våre tankar, handlingar og følelsar om oss sjølve og overfor våre omgjevningar. Identiteten er ”drivaren” som får oss til å respondere og handle i henhold til vår tru og verdier, men kan òg verte ein trojaner, ein ”spy ware” som snik seg inn og ”fjernstyrer” oss på tvers av normene og overbevisningane våre. Dersom vi let oss definere som arbeidarar, så vil vi oppføre oss som arbeidarar og legge verdien og identiteten i arbeidet og det vi gjer. Let vi oss definere som materie vil vi legge verdien og identiteten vår i det materielle, det dennesidige, det vi ser og eig. Let vi oss definere som Guds skapning vil vi oppføre oss der etter, og legge vår verdi og identitet i Skaparen. Så om identitet er viktig? Svaret må nesten verte; ja!

## 1.1 Temaområde, motivasjon og ”State of the Art”

Temaområdet for masteroppgåva vil dreie rundt to aksar: Drøfting av identitetsbegrepet, og undersøking av uttrykk for kristen ungdomstru og identitet på internett. Dette har utgangspunkt i dei to tema som i særleg grad fanga interessa mi i dei innleiande modulane til masterstudiet Språk, kultur og digital kommunikasjon (Digkom), særleg knytta til modulane Mediekultur og estetikk (M02) og Mediert ungdomskultur (M05): Identitetskonstruksjon, og korleis digital kommunikasjon påverkar kultur. Temaet kombinerer òg dei to fagkrinsane mine teologi og kultur og kommunikasjon. Interesse knytta til fag og yrke aktualiserer temaet ytterlegare. Som lærar ved Drottningborg vgs i Grimstad, ein kristen internatskule eigd av Norsk Luthersk

Misjonssamband, står eg i ein samanheng der identitetsdanning, kristen tru og online-aktivitet er daglege utfordringar. Både for ungdomane, men òg for ein skule som har som formål å ”vekke og gi næring til personlig kristen tro og kristent liv” (frå innleiing til skule- og internatreglement). Når eg i oppgåva vil fokusere på ”kristen ungdom” vil det difor vere elevar ved NLMvgs-skulane Kvitsund Gymnas i Kvitseid, Telemark og Drottningborg vgs i Grimstad, der eg sjølv er tilsett. Eg føler eg har ei god forståing av kven ungdomane er i ”det verkelege livet”, men kven er dei på nettet, og korleis framstår kristen tru og identitet på nettet? Dette er noko av det eg håpar å kunne svare på gjennom denne oppgåva.

Ungdomane si framtoning på nettet vil rimelegvis henge saman med korleis dei opplever, føler og tenker om seg sjølv, altså sin identitet. Det rådande synet på identitet innan moderne kultursosiologi, og det perspektivet som kom tydlegast fram på Digkom, er det såkalla anti-essensielle synet. Det hevdar at identitet i prinsippet ikkje har nokon kjerne, faste punkt, rammer eller grenser, men er eit resultat av historiske, kulturelle, sosiale og individuelle faktorar og prosessar. Flytande identitet, med andre ord. Den anti-essensielle tilnærminga gjev mange gode utgangspunkt for å forstå oss sjølv og tida vi lever i, men innvendinga som meldte seg for meg, med utgangspunkt både i eiga religiøs overtyding og min faglege bakgrunn, var som følger: Er min identitet *berre* eit fragmentert, tidsbestemte kulturelt produkt? Eller finst det faktorar som strekker seg utover meg sjølv, min kultur, tid og rom og gjev identiteten min retning, innhald, verdi og mening? Mitt kristne livssyn tilsa at det må vere ei form for tidlaus og tverrkulturell substans i den fellesmenneskelege erkjenninga av identitet, og dette leia meg inn i det personleg engasjerande, fagleg stimulerande og uhyre interessante arbeidet med ei bibelsk og kristen forståing av identitetsbegrep og identitetskonstruksjon. Refleksjon og drøfting av dette håpar eg skal bidra til ei betre forståing av kristen ungdomstru og identitet på nettet.

Internasjonalt er det forska mykje på ungdom og identitetsbygging på internett, og i noko mindre grad i Norge. Blant anna i USA er det òg jobba litt inn mot religiøs og kristen ungdom, men det perspektivet har vore meir i bakgrunnen her til lands. Fokuset har òg gjerne vore på spesielle fenomen, som for eksempel nettporno blant kristen ungdom, og lite om korleis kristen ungdom aktivt og positivt brukar nettet til å uttrykke seg sjølv, si tru, verdiar og identitet. For ein skule og skule-eigar som bygger sin eksistens og drift på eit kristent trus- og verdigrunnlag vil det vere av stor interesse å sjå korleis målsetjinga om å ”vekke og gi næring til personlig kristen tro og kristent liv” slår ut når elevane bevegar seg frå offline-

modus i "den verkelege verda" og over i online-modus i den virtuelle verd. Det er i overkant av 1500 elevar ved NLMvgs skulane, og grovt reikna er rundt 2/3 av elevane bekjennande kristne, og mitt fokus vil altså vere særleg retta mot dei som sjølv aktivt tilkjennegeiv eit forhold til den kristne tru. Dei lever opp til tre år med kristen formidling og eit hovudsakleg kristeleg miljø ved skulane. Det er derimot gjort lite forskning og undersøkingar på korleis denne påverkanden faktisk slår igjennom og pregar elevane undervegs og i etterkant av tida ved skulen. Det er heller ikkje lett å måle, men denne undersøkinga skal i alle fall forsøke å skildre korleis dette "kristne livet" utfoldar seg på nettet. Og kor tydeleg og synleg er den kristne trua i Virtual Reality? Er det "samsvar mellom liv og lære", slik dei framstår overfor medelevar og lærarar i Real Life og slik dei framstår på nettet? Er identitet og sjølv-presentasjon konsistent med deira kristne tru, eller vert nettet ein fristad der ein kan utforske alt som ikkje samsvarer med kristen etikk og moral? Og korleis reflekterar ungdommane sjølv rundt spørsmåla tru, verdiar, identitet og nettaktivitet?

## **1.2 Min ståstad i forhold til tema**

Tema og problemstilling er født ut av eit personleg og fagleg engasjement som heilt klart reiser etiske problemstillingar knytta til påverknad, validitet, objektivitet og forskningskritisk distanse til tema og informantar, og dette vil verte grundig berørt i metodekapittelet. No er det verken nytt, unikt eller nødvendigvis negativt at forskaren har eit tett og personleg engasjement til sitt forskingsfelt, men eg håpar uansett og kunne ta eit steg ut og tilbake for å sjå temaet med kritisk, reflektivt og fagleg blikk, til nytte for meg sjølv, oppgåva og eventuelle lesarar. Samstundes har det personlege engasjementet vore sjølvve nerven i arbeidet, som har halde liv i prosjektet undervegs, og som har vore drivkrafta gjennom faser med varierende motivasjon. Det betyr blant anna at eg i stor grad har "skreve for meg sjølv" i betydning av at eg har skreve ut frå eiga interesse og læring. I tillegg håpar eg det som er lagt ned av innsats og energi òg kan vere til nytte for folk i om lag tilsvarande samanheng som meg sjølv, dvs folk som har sitt arbeid eller engasjement blant kristen ungdom. Det personlege og praktiske anliggende viser seg blant anna i eit meir personleg preg på den språklege stilen, der målet har vore å skrive ting enkelt, konkret og anvendeleg, og i mindre grad skreve med tanke på å oppfylle ein akademisk stil. Karen Lunsford sin work shop om akademisk skriving under masteroppgåve-seminaret gav meg frimod til å gje teksten eit meir "personleg" preg, så lenge den oppfyller kriteria om seriøsitet, redelighet og refleksjon

(Lunsford, 2009). I tillegg har eg drege vekslar på min bakgrunn i teologien i formidlingsstil, som personleg referansegrunnlag, og som århundrelang akademisk tradisjon som fortsatt framstår som ei modererande motvekt til nyare trendar i forskning, teori og ideologi. Eg har ikkje hatt mål om å skrive ei uttømande teologisk utgreiing om identitet, så det er mange aspekt her som står urørt, men eg har forsøkt å trekke inn teologiske og bibelske perspektiv i drøftingane som supplement, utfylling, korrektiv og utfordring til dei kultursosiologiske identitetsteoriane. Eg håpar dei alternative perspektiva kan bidra til konstruktiv utfordring og refleksjon òg for dei som ikkje deler mitt personlege og faglege utkikkspunkt.

Metode og spørjeundersøking kjem vi tilbake til, men grounded theory og kritisk teori vil stå som eit sentralt prinsipp for analyse og drøfting. Den teoretiske delen om identitet og identitetsdanning utgjer dessutan ein stor og viktig del av oppgåva og problemstillinga. ”Hjertet mitt” ligg nok på mange måtar i denne delen framfor den undersøkende og analyserande delen. Forskingsdelen er interessant med tanke på å spore konkrete eksempel og samanhengar mellom teori og praksis, men den vil uansett ha eit større preg av midlertidig og tidsavgrensa relevans. Internett og digital kommunikasjon er fortsatt i rivande utvikling, saman med normer og sjangerar for bruk, kommunikasjon og samhandling. Det som gjeld i dag er ugyldig neste år, så dette er uansett eit felt som treng vidare oppfølging. Spørsmålet om identitet og identitetskonstruksjon opplever eg derimot som både *tidsaktuelt* og *tidlaust* med tanke på dei personlege, sosiale, kulturelle, vitenskaplege, ideologiske og politiske implikasjonane det ber med seg, og slik forsvarer eit utvida fokus i oppgåva. Utfordringa har vore å knytte desse to delane saman slik at dei gjensidig kan utfylle og belyse kvarandre.

### **1.3 Tittel, problemstilling og forskingsspørsmål**

Ut frå desse premissane har eg utarbeida følgande tittel på oppgåva:

⇒ *Kristen ungdomsidentitet online - posisjon eller relasjon?*

Enkelt sagt er det to grunnsyn på kva identitet er; identitet knytta til posisjonar som vi vert tildelt eller inntek, eller; identitet knytta til relasjonar som vi står i eller utviklar. Korleis opplever kristen ungdom den kristne identiteten sin på nettet, kva faktorar former nett-identiteten, og korleis uttrykker dei denne identiteten i forhold til kristen tru og verdia? Velger



dei fritt mellom posisjonar, eller vert dei forma og styrt av relasjonar? Tittelen antyd at oppgåva først og fremst har eit praktisk sikte om å beskrive og forstå kristen ungdomsidentitet generelt og på nettet spesielt. I samband med dette vil det vere relevant å kartlegge elevane sin sosiale og livssynsmessige bakgrunn, samt elevane sin generelle nettaktivitet.

For å kunne reflektere produktivt rundt tittelen på oppgåva skal det først leggjast eit teoretisk grunnlag for identitetsforståinga, og ut i frå det har eg utarbeida ei todelt problemstilling:

⇒ *I kva grad samsvarer anti-essensielle identitetsteoriar med kristen identitetsforståing, og korleis opplever, dannar og uttrykker kristen ungdom tru, verdier og identitet på internett*

Eg har antyda litt om kva eg ønskjer å finne ut gjennom arbeidet med oppgåva, og metode-, teori- og analysekapittel vil utdjupe framgangsmåtar, fokus og samanhengar undervegs. Den teoretiske og empiriske delen av problemstillinga vil utgjere om trent likeverdige delar, og for å halde kursen i prosessen har eg konkretisert nokre forskingsspørsmål. Spørsmåla har som problemstillinga to fokus; mot det teoretiske aspektet ved identitet som begrep, og mot det praktiske aspektet ved kristen ungdom sine uttrykk for identitet på nettet:

- I kva grad samsvarer anti-essensielle identitetsteoriar med kristen identitetsforståing?
- I kva grad er det relevant å snakke om "kristen identitetsteori"?
- Kva faglege innspel og refleksjonar kan eit kristent verdensbilette og menneskesyn bidra med inn mot aktuelle identitetsteoriar?
- I kva grad og på kva måtar opplever og uttrykker kristen ungdom si tru, verdier og identitet på internett?
- I kva grad samsvarer kristen ungdom sine uttrykk for tru, verdier og identitet mellom internett og det daglege livet?
- Kva faktorar bidreg til å danne og forme kristen ungdom si tru, verdier og identitet på internett?
- I kva grad er kristen ungdomsidentitet på internett forma av posisjonar eller relasjonar?
- I kva grad er internett ein trussel for kristen identitetsdanning?

## 2 METODE

### 2.1 Innleiing

Vitskap er alltid kontekstuell, og vil alltid stå i samanheng med samfunnet og kulturen som omgjev forskinga. Som ein del av sin kultur vil forskaren sine personlege, sosiale, ideologiske og politiske motiv alltid smitte over på vitskapen, i større og mindre grad. Konsekvensen av dette har ofte vorte at forskning bidreg til å forklare og oppretthalde eksisterande diskursar, førestillingar og haldningar, i staden for å bidra til ny innsikt. I så måte skulle ein kristendomsutdanna kristen lærar ved ein kristen skule som skal forske på kristne elevar ved blant anna eigen kristne internatskule gje grunn til å frykte tendensiøse metodar, tolkingar og konklusjonar. Ønsket og intensjonen med oppgåva er derimot ikkje å stadfeste bestemte oppfatningar om, og inntrykk av kristen ungdom eller elevar ved NLMvgs-skulane, men forhåpentlegvis gje relevant kunnskap om dei ungdommane vi møter i klasserom og internat, frå ein arena der dei oppheld seg mykje, men der tilsette og vaksne i stor grad har vore fråverande. Hensikten er altså ikkje å presentere ei ”vitskapleg sanning” om kristen ungdom sin sjølvpresentasjon og identitetsbygging på nettet, men belyse temaet om korleis kristen ungdom uttrykker kristen tru, verdiar og identitet på nettet ut frå ungdomane sine beskrivingar av eigen praksis. Forhåpentlegvis kan det bidra til ny og interessant refleksjon rundt dette, både blant unge og vaksne.

Ønsket med den undersøkende delen av oppgåva er altså meir kunnskap på feltet om korleis kristen ungdom uttrykker tru og identitet på nettet, utan at eg vil ha alt for klare forestillingar om kva denne kunnskapen skal vere. På den andre sida har eg klare tankar om kva eg eventuelt vil bruke denne kunnskapen til. Eg er tilsett ved ein skule og skuleslag som er tufta på, og fått si offentlege godkjenning på, eit kristent livssyn og verdigrunnlag. Vi ønsker med andre ord å tilby våre elevar ikkje bare fagleg *utdanning*, men i tillegg livssyns- og verdimesig *danning*. Overfor både elevar og foreldre er vi opne på at ein gjennom å ta i mot ein skuleplass ved ein NLM-skule vil ”utsette seg for” ei verdiforankra formidling, både i klasserom og undervisning i skuletida, og i internat og miljø på fritida. I målsetjinga for Drottningborg er det som tidlegare nemnt blant anna uttrykt ved at ein ”*vil vekke og gi næring til personlig tro og kristent liv*”. Formålet med formidlinga strekker seg ut frå dette

lengre enn å skape eit kristeleg prega miljø ved skulen, men at kristen tru og etikk skal verte ein integrert del av elevane sitt liv, i tida ved skulen, og endå meir i tida etter avslutta periode ved skulen. Dette vil sjølvsagt òg gjeld elevane sin aktivitet på digitale og sosiale kommunikasjonsmedier. Dette er eit område der normene for åtferd fortsatt er uklare og i utvikling, eit område elevane har tatt meir aktivt i bruk en dei fleste tilsette ved skulane, og eit område som i større grad er ”skjult” for oss, sjølv om det meste ligg ope på nettet, fordi det er eit område mange av vaksengenerasjonen av ulike årsaker i stor grad ikkje er tydeleg tilstades på. Fokus for oppgåva er retta mot dei som sjølv aktivt vedkjenner seg ei kristen tru. Det interessante spørsmålet i denne samanhengen vert då: Kva av kristen tru og verdiar tek dei med seg over i den virtuelle verda? Korleis kan vi bidra til å gje dei det dei *burde* ha av haldepunkt og retningslinjer å navigere etter i dette uoversiktelege landskapet? Det første spørsmålet er det eg i håpar å besvare gjennom denne oppgåva.? Det andre spørsmålet er det eg håpar å kunne besvare overfor ungdomane ved hjelp av den kunnskapen oppgåva gjev.

## **2.2 Vitskapsteoretiske prinsipp og betraktningar**

Dette utgangspunktet reiser problemstillingar rundt meg som forskar, og rundt behandlinga av materialet som kjem inn frå informantane, som eg vil drøfte grundigare i avsnitta om etikk og validitet. Når eg er så tydeleg på mine hensikter med masterprosjektet er det ut frå eit ønske om å spele med opne kort om min motivasjon og mitt ideologiske utgangspunkt for å interessere meg for, og jobbe med temaet. Eg ønskjer rett og slett at arbeidet med oppgåva skal opplevast relevant, konkret bidra til auka kunnskap om ungdomane i yrkesutøvinga mi som fagperson i klasserommet, og auka innsikt i ungdomane sine liv for å styrke kallsutøvinga mi som medmenneske i møte med elevane i det sosial-pedagogiske arbeidet. Ein så tydeleg ideologisk motivasjon for prosjektet stiller store krav til kritisk refleksjon undervegs i gjennomføringa av prosjektet, til meg sjølv, til teoriutval, metode, behandling av datamateriale, tolking av datamateriale, konklusjonar osv. Eg vil kome tilbake til desse aspekta på ulike punkt i metode-teorien og analysedelen. I forsøket på å halde ei ryddig linje i forhold til dette vil eg i innsamlinga og arbeidet med data ta utgangspunkt i prinsippa og premissane frå *grounded theory* og *kritisk teori*, som begge er mykje brukt og anerkjent innan samfunns-, sosiologisk- og psykologisk forskning.

### 2.2.1 Grounded theory

Grounded theory, som etymologisk betyr noko i retning av "forankra i bakken", har utgangspunkt i forskingsarbeidet til sosiologane Barney Glaser og Alselm Strauss på siste del av 60-talet (Alvesson & Sköldbberg, 2008, p. 13). Den kjenneteiknast blant anna ved at det utfordrar forskeren til å studere eit felt uten forutinntatte teoriar og hypoteser, og at datainnsamling og analyse utviklast parallelt. Teori skal forankrast i data, og ikkje data i teori. Forskeren må etterstreve objektivitet, og ikkje prøve å tvinge data inn i bestemte kategoriar og tolkingar. Empirien skal i størst mogleg grad "tolke seg sjølv", og forskaren må vere open for dei teoriar, begrep og hypoteser som datamaterialet sjølv sannsynleggjer og bringer fram. Forsking medfører difor ein forpliktelse overfor data, og ikkje til forutbestemte syn og konklusjonar. Idealet er å nærme seg temaet med "blanke ark". *Oppdaging* er eit viktig prinsipp for både innhentinga av data og analysearbeidet, der søken etter ny teori og alternative forklaringsmodellar er drivkrafta bak forskinga, framfor berre verifisering av allereie eksisterande teoriar. Prinsippet med at analyse skal utvikle seg i takt med data er ikkje lett å følgje, men skal minske risikoen for at forskeren styrer datamaterialet i bestemte retningar, eller let seg fange i bestemte tolkingsmønster.

Ein grunnleggande tanke i grounded theory er at eksakt kunnskap ikke nødvendigvis er viktig for å utvikle teori. Forskaren må ikkje ha oversikt over heile feltet, eller kjenne alle fakta for å kunne seie noko kvalifisert riktig og relevant om temaet. Forsking handlar *ikkje* om å framskaffe fullstendige og ugjendrivelege analyser av feltet, men å utarbeide teori som gjer greie for ulike tendensar og mønster av åtferd innanfor eit sosialt felt (Alvesson & Sköldbberg, 2008, pp. 15-16). Forskaren treng difor ikkje framstå som allvitande ekspert, eller kjenne feltet betre enn folk flest, men har som hovudoppgåve å bidra til ny refleksjon, alternative perspektiv og andre typer forklaringar enn det som gjerne er gjengse oppfatningar og aksepterte forklaringar ut frå rådande miljø, kulturar og diskursar (Lorentzen, 2000, p. 4.4.1)

### 2.2.2 Kritisk teori

For i størst mogleg grad å kunne gjennomføre prinsippa i grounded theory håpar eg den kritiske teorien kan bidra til den nødvendige sjølvkritiske refleksjonen undervegs, særleg gjennom dei trippelhermeneutiske dimensjonane. Behovet for *kritisk* teori bygger på

erkjennelsen av at observasjonar, data og ”fakta” *aldri* er bare objektive fakta, men alltid vil vere meir og mindre konstruerte, teorilada og tolkingsavhengige ut frå blant anna metodeval, teorigrunnlag, kunnskap, forkunnskap, forskningstradisjon, kulturell kontekst osv. Vitenskap er alltid *skapt viten*, og kunnskap avheng alltid av *Kunnskaparen*. Dette gjeld ikkje minst i dei samfunnsvitenskaplege disiplinane, og kritisk teori vender dermed det kritiske blikket like mykje mot forskaren som mot forskingobjektet.

Som vitskapsfilosofi oppstod kritisk teori i miljøet rundt universitetet i Frankfurt på 1920-30-talet, med sentrale namn som Adorno, Horkheimer og Fromm. Det var ein reaksjon på sterke positivistiske trekk innan natur- og samfunnsvitenskapleg forskning, som særleg var kjenneteikna ved stor tru på framskrittet, søken etter universelle ”naturlover”, sanningar og prinsipp, og stor tru på forskaren og forskinga sin nøytrale og objektive posisjon. Mot dette reiste kritisk teori ei mengde betimelege spørsmål, og la ikkje minst for dagen ein grunnleggande skepsis til forskaren si uavhengigheit. Historisk henta dei innflytelse frå hermeneutikken si del / heilheit-tenking, men para denne med opplysningstida si spørjande haldning. Forskinga sitt mål, oppgåve og hensikt skulle særleg vere å avdekke historiske og kulturelle maktstrukturar og særinteresser, og løfte fram alternative perspektiv som kunne skape sosial nytenking, endring og utvikling (Alvesson & Sköldberg, 2008, p. 111). Forskaren og forskinga får dermed ei tydeleg moralsk oppgåve og samfunnsetisk ansvar i å tene til det beste for utviklinga av samfunnet som heilheit, og ikkje berre tene bestemte grupper og særinteresser. I nyare tid er tenkinga frå kritisk teori særleg vidareført og representert ved Jürgen Habermas. Han er litt mindre opent konfronterande enn dei meir marxist-inspirerte forgjengarane, men deler den grunnleggande pessimismen om dei teknologisk-kapitalistiske krefter som Habermas meiner dominerar i samfunnet. Dette hindrar den frie og rasjonelle refleksjonen som bringer ny kunnskap og innsikt. Alle utsegner må difor i prinsippet mistenkast for å vere ideologisk påverka, men gjennom open, ærleg og velfundert refleksjon og argumentasjon kan ein i følgje Habermas kome fram til allment aksepterte og akseptable konsensusar (Alvesson & Sköldberg, 2008, pp. 118-119).

### 2.2.3 Trippelhermeneutikk

Kritisk teori har, til dels med rette, vorte anklaga for å vere for ”teoretisk” til å kunne anvendast fullt ut i praktisk forskning. Trippelhermeneutikken som Alvesson og Skölberg utviklar i ”Reflexive Methodology” er derimot eit forsøk på å overføre prinsippa frå kritisk teori til ein meir konkret empirisk metode. Begrepet trippelhermeneutikk kan forklarast på ulike måtar (Alvesson & Sköldberg, 2008, p. 144), men kort oppsummert kan det uttrykkast omtrent slik: *Hermeneutikk* er analysen av tolkinga, og befattar seg med individet, eller ”objektet” for forskinga si tolking av seg sjølv og sin kulturelle kontekst. I samanheng med denne oppgåva betyr det i praksis at eg må gje kristen ungdom rom for å kome til orde med sine oppfatningar av, og refleksjonar om seg sjølv og eigen praksis på nettet, saman med ein analyse av for eksempel kva som kan ligge til grunn for oppfatningane. Respondentane si tolking er dermed eit vesentleg og viktig bidrag til den vidare analysen og forståinga, og er for eksempel avgjerande for å kunne sette inn relevante ”tiltak” på eit eller anna tidspunkt. *Dobbelhermeneutikk* er analysen av tolka tolking ut frå forskaren sitt perspektiv og oppfatning av dei empiriske funna. Her må eg analysere datamaterialet mitt, men ikkje minst bevisstgjere ulike faktorar som kan vere med å styre tolkingane mine, og alternativt utforske andre moglege tolkingar ut frå eventuelle endringar i desse faktorane. Kritisk sjølv-refleksjon over metode, haldningar, motiv, antakingar og eigne menneskelege begrensingar blir viktige element i den kritiske analysen. *Trippelhermeneutikk* er til slutt analysen av tolka tolking ut frå konteksten som ligg bak den aktuelle tolkinga, og tek dermed kulturelle, historiske og politiske diskursar med i den kritiske refleksjonen over respondent, forskar og kontekst (Bradshaw, 2008). Faktorar som her må belysast i forhold til analyse og tolking av data kan vere påvirkning av ytre forventningar, innflytelse frå tradisjon og historie, organisasjonskultur, styring frå faglitteratur og tidlegare forskning på tilsvarande felt osv. Kritisk teori tilbyr slik reiskapar som kan løyse opp i desse bindingane, eller i det minste få dei fram i dagen og ut i opent lende. Å alltid søke og dyrke den frigjerande kunnskaps-interessen er eit perspektiv som den kritiske teorien understrekar sterkt, og slik sporar den til kreative prosessar i tolkinga.

## **2.2.4 Anvendning av metode-teori i oppgåva – to fokus**

Med dette metode-teoretiske utgangspunktet håpar eg arbeidet med masteroppgåva ikkje berre endar opp med å ”stadfeste det vi viste frå før”, men kan tilføre noko nytt og relevant inn i eige arbeid og eige møte med ungdom og ungdomskulturen. Forhåpentlegvis kan det òg opplevast matnyttig for andre med interesse og engasjement for verdiformidling inn mot kristen ungdom. Men eg vil ikkje berre avgrense den kritiske refleksjonen til arbeidet med det empiriske datamaterialet og analysen av dette. I problemstillinga til oppgåva er arbeidet med identitetsbegrepet, og tenkinga rundt identitetskonstruksjon like sentralt. Oppgåva er knytta til masterprogrammet språk, kultur og digital kommunikasjon, og med mitt fokus ligg den slik innanfor det kultur-sosiologiske fagfeltet. Anti-essensielle identitetsteori står sterkt innan sosiologi og kulturstudier. Med grunngeving i mi faglege og livssynsmessige ståstad, og med frimodigheit frå prinsippa i kritisk teori, vil denne oppgåva heilt klart utfordre tenkinga om identitet innan denne vitenskapstradisjonen. Eg vil flette inn element frå teologi, eit fagfelt som normalt ligg utanfor kultursosiologien sin synsvinkel. I tillegg vil eg knytte ann til tru og gudsrelasjonen, ein metafysisk dimensjon som i stor grad vert avvist innan sosiologien, eventuelt behandla som kulturelle uttrykk på lik linje med andre kulturelle uttrykk. Det er ei utfordring fagtradisjonen både bør tåle og verdsetje. Eg har ingen illusjonar om å endevende det teoretiske og filosofiske fundamentet innan fagområdet, og gjer dette aller mest for å lære mest mogleg sjølv og utvide eigen horisont. Samtidig kan det bidra med å opne opp for nokre nye og alternative perspektiv og dimensjonar, og kanskje bygge litt større aksept for at andre fagdisiplinar òg har relevante aspekt og refleksjonar inn mot eit stort og komplekst tema.

## **2.3 Datainnsamling og forskingsetiske betraktningar**

I innhentinga av data bruker eg det ein kan kalle ei blanding av kvantitativ og kvalitativ metode. Eg utforma ei spørjeundersøking med relativt mange spørsmål, og som vart utførast på eit relativt stort antal personar. Spørsmåla hadde derimot ikkje faste svaralternativ, som ein gjerne finn i kvantitative spørjeundersøkingar, men la til rette for opne og frie tekstsvaer av ulik lengde. Spørsmåla har dermed innslag av meir kvalitativ karakter, der informantane i stor grad skulle skildre og reflektere over eigen praksis på internett. Spørjeundersøkinga vart som tidlegare nemnt gjennomført ved to av Norsk Luthersk Misjonssamband sine vidaregåande

internatskular, Kvitsund og Drottningsborg, der eg sjølv er tilsett ved den siste. Gjennom kontakt og samarbeid med lokale lærarar ved skulane fekk eg tilgang til klassar og elevgrupper, og informantane er henta frå vg3-trinnet ved begge skulane. Praktisk vart det gjennomført via LMS-plattformen som skulane har felles, og spørjeundersøkinga var lagt ut som ein anonymisert Fronter-prøve. Eg var sjølv tilstades i begge gruppene og orienterte kort om prosjektet og spørjeundersøkinga, og delte ut tilsvarande informasjon skrifteleg.

Som blant anna den hermeneutiske analysen erkjenner så har all forskning metodiske svakheiter, og spørjeundersøkingar er ikkje noko unntak, enten det er snakk om kvantitative undersøkingar eller kvalitative dybdeintervju. ”*Som du spør så får du svar...*”. Intervjuobjekta responderar ulikt ut frå bakgrunn, erfaring og situasjon. Det stiller store krav til utforminga av spørsmåla, og føringane som eventuelt vert lagt i gjennomføringa av undersøkinga. Det betyr ikkje at ikkje alle svara er interessante, men endå viktigare er forskaren si behandling av svara. I arbeidet med materialet er det difor vesentleg å spørje: Kvifor svarar dei slik? Har dei lært det eller lest det? Svarar dei ut frå ideal, eller det dei trur det er forventa at dei skal svare? Eller ønskjer dei berre å provosere? (Alvesson & Sköldberg, 2008, p. 131). Dette er spørsmål som må takast fram att i analysedelen, men det er òg spørsmål som sterkt berører spørsmål om etikk i gjennomføringa av forskinga, og validiteten av funna og konklusjonane i forskinga. Den grunnleggande haldninga og bevisstheita til forskaren må uansett vere at all forskning er gjennomsyra av etiske problemstillingar, som utfordrar oss som privatpersonar, fagpersonar og samfunnsmedlemmer. LaPolt beskriv det slik:

*As a social science researcher, you will have to translate your personal ethics into your professional ethics, and both codes of ethics should reflect the fact that you are a part of larger society (LaPolt, 1997).*

### **2.3.1 Etiske prinsipp**

Medisinsk og samfunnsvitskapleg forskning har etablert nokre grunnleggande etiske retningslinjer for å beskytte deltakarar i forskingsprosjekt. Det er prinsippet om *frivilleg deltaking*, prinsippet om *informert samtykke*, og prinsippet om *anonymitet*, herunder prinsippet om *konfidensialitet*. Anonymitet betyr at det ikkje skal kunne gjerast koblingar mellom konkrete informantar og opplysningar som vert gjeve i undersøkinga, og



konfidensialitet betyr blant anna at ingen andre enn forskaren skal ha tilgang til datamaterialet. Til slutt er det prinsippet om å unngå unødig *belastning* for informantane (Trochim, 2006).

I gjennomføringa av denne undersøkinga vart prinsippa om frivilligheit, samtykke og anonymitet som nemnt ivareteke ved at alle elevane på vg3-trinnet vart samla til felles informasjon om masterprosjektet generelt, og relevansen av spørjeundersøkinga spesielt. Her vart det skrifteleg og muntleg lagt vekt på at deltakinga var frivillig, at undersøkinga retta seg mot dei som aktivt vedkjenner seg ei kristen tru, at undersøkinga var anonym og at dei ikkje måtte oppgje personidentifiserbare opplysningar, at opplysningane ville verte sletta etter godkjenning av masteroppgåva, og at samtykke i praksis vart gjeve ved innsending av svaret. I forhold til samtykke var alle informantane over 18 år. Etter at denne informasjonen var gjeven fekk elevane tilstrekkeleg tid til å besvare undersøkinga, og anledning til å gjennomføre den der dei sjølv ønska. Nokon satt i klasserommet, nokon på studierommet og nokon på internatet, og nokon gjorde heilt andre ting! I praksis betyr det at eg har svært liten oversikt over kven som faktisk svarte på undersøkinga. Hensynet til frivillig deltaking, informert samtykke og anonymitet meiner eg då skulle vere godt ivareteke.

Prinsippet om å unngå unødig, eller begrense belastning for deltakarane i forskingsprosjektet handlar sjølvsagt om hensynet til ikkje å påføre dei fysiske og psykiske påkjenningar og skader. Det gjeld både i gjennomføringa av forskinga, og bruken av informasjonen og resultatane i etterkant. Det hensynet skal vere ivareteke med forholdsreglane som er nemnt i det foregåande. Men unødig belastning handlar òg om bruk og beslaglegging av informantane si tid, og som i ein etisk refleksjon må vegast opp mot hensynet om det finns alternative og mindre belastande måtar å framskaffe den same informasjonen på. Spørjeundersøkinga var som nemnt forholdsvis omfattande, og dei fleste brukte nok mellom 30 og 60 minutt for å svare rimeleg utfyllande på alle spørsmåla. Nokon opplevde det nok som både utfordrande og tidkrevande å svare på alt dette. Ut i frå masteroppgåva si problemstilling vil eg likevel hevde at det var ei ”nødvendig belastning”, forutsatt at dei føregåande prinsippa er oppfylt. Det kunne sjølvsagt vore færre spørsmål osv, men dei fekk delar av ein undervisningstime til gjennomføringa, noko som nok dempa opplevinga av ”ekstrabelastning”.

### 2.3.2 Eitiske hensyn ved spørjeundersøkingar og internettforskning

Eit anna hensyn i forhold til belastning, som særleg vert nemnt i samanheng med spørjeundersøkingar, er at deltakinga i undersøkinga må opplevest relevant og meningsfull. I eit vidare forskings- og samfunnsperspektiv vil deltaking i undersøkingar ein ikkje har forutsetjingar for, eller interesse for å vere med i, skade både deltakaren og forskingsresultatet. I neste omgong kan det òg forhindre dei i og vere med på andre prosjekt seinare, prosjekt som gjerne kunne vore meir relevante og meningsfulle (Hellevik, 2009). I dette tilfellet trur eg derimot informantane har opplevd ein klar relevans ved å delta i undersøkinga. Både på generelt grunnlag ut i frå at dei er kristne og bruker mykje tid på internett, men òg opplevinga i etterkant ut i frå dei omfattande og reflekterte svara som i stor grad kom inn.

Internettforskning er i vitenskapssamanheng eit relativt nytt forskingsfelt, og ein manglar ein del av dei forskningstradisjonane ein ofte kan støtte seg på i andre samanhengar. *De nasjonale forskningsetiske komiteer* har difor utarbeida særskilde retningslinjer for internettforskning. Internettforskning vert forstått som forskning på internettbruk og internettbrukarar, men òg forskning som bruker internett som medium i innsamling av empiri. I vårt tilfelle dreier det seg om begge deler, og grunnleggande forhold internettforskning seg til dei same prinsippa som all anna forskning, og som vi allereie har drøfta. Ei særskilt utfordring ein møter i internettforskning er blant anna kor ein skal trekke det praktiske skilje mellom offentleg og privat informasjon. I prinsippet er all informasjon på nettet offentleg, så sant det ikkje er passordbeskytta eller lagt ut ulovleg. Forskaren må likevel ta til etterretning at ”offentleg” informasjon frå for eksempel eit sosialt medium, forum eller nettsamfunn, teken ut av sin samanheng, kan skade både brukarane, dei sosiale strukturane som eksisterer på nettet, og forskinga sitt omdøme (Fossheim, 2009).

Tommelfingerregelen i slike tilfelle er at forskaren må behandle informasjon frå internett i tråd med dei *normene* som gjeld i den samanhengen informasjonen er lagt ut, og i tråd med dei *forventningane* det er rimeleg å anta at informantane har til bruk av informasjonen. Normene varierer mellom ulike nettstader og ulike medium, men to trekk som pregar mykje av nettaktiviteten er anonymitet og flyktigheit. Ein opptreir meir og mindre anonymt under

nicknames, og ein forventar å forbli anonym. Vidare oppstår mykje av i alle fall kommunikasjonen på nettet i bestemte og spontane situasjonar, og ein forventer ikkje og verte konfrontert med dette til andre tider eller i andre samanhengar. Så her er det viktig å trakke varleg. Eit anna aspekt ved internett som retningslinjene peiker på er at internett som fenomen i stor grad er basert på prinsippet og normene om openheit og informasjonsdeling. Det pålegg forskaren eit etisk ansvar for å tilbakeføre resultata som forskinga gjev til dei som har delteke, og som kanskje har mest nytte og interesse av kunnskapen (NESH, 2003).

I dette forskingsprosjektet er det problematiske skilje mellom offentleg og privat i stor grad omgått ved att alle data har kome inn som konkrete responsar på konkrete spørsmål i ei tilrettelagt spørjeundersøking. Eg vurderte ein periode å foreta analyser av f.eks profilar og kommunikasjon på Facebook, og då hadde eg stått midt i denne utfordringa. Men ved å nytte spørjeundersøking, og gjennom samtykket som er gjeve der, er alt materialet produsert og godkjent til bruk, og forventa og verte brukt i forskings-samanheng. Tilbakeføring av resultat til deltakarane har ei praktisk utfordring i at dei er anonyme, og at dei er 3. års elevar som forlet skulane etter dette undervisningsåret. Oppgåva vil likevel verte distribuert til skulane, og delar av at materialet vil moglegeins verte offentleggjort på skulane sine nettsider, og slik møter ein i alle fall delvis dette prinsippet.

### **2.3.3 Konkrete etiske utfordringar i datainnsamlinga**

I forhold til denne spørjeundersøkinga er det to konkrete spørsmål med etiske implikasjonar som må reflekterast over og avklarast. Temaet i masteroppgåva rettar seg spesifikt mot korleis kristen ungdom uttrykker si kristne tru, verdiar og identitet på internett, og det første spørsmålet er kort og godt: Kven er ein kristen? Det kan sjølvsagt gjerast til gjenstand for teologiske refleksjonar, men i denne samanhengen tek vi ei praktisk og pragmatisk tilnærming til spørsmålet og overlet definisjonsjobben til informantane. Den som sjølv aktivt i spørjeundersøkinga vedkjenner seg ei kristen tru vert i undersøkinga reikna som ein kristen. Ingen gransking av ”hjerte og nyrer”, eller dogmatiske kvalitetsvurderingar av kristelegheit i ungdomane sine svar og refleksjonar.

Meir krevande er avklaringa av spørsmålet om å gjennomføre delar av spørjeundersøkinga med elevar ved eigen skule. Dei etiske betenkelegheitene er knytta til personvern, anonymitet og sensitivitet på ei side, og validitet på ei anna side. Studien vart meldt til, og godkjent, av Personvernombudet for forskning ved Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste. Eg vart likevel fråråda av vegleiar å gjennomføre undersøkinga ved eigen skule, og sterkt oppmoda til å hente alle informantane ved andre skular. Trass i dette valte eg likevel å gjennomføre undersøkinga med ei informantgruppe ved Drottningborg. Spørsmålet om validitet skal eg ta opp meir utfyllande i neste avsnitt, men grunngevinga i forhold til personvern, anonymitet og sensitivitet er som følger:

Hensynet til personvern og anonymitet har vore berørt tidlegare, og kort sagt vil eg hevde det er godt ivareteke sjølv med tanke på at informantane er elevar ved eigen skule. Undersøkinga etterspør ikkje personidentifiserbare opplysningar. Der slike opplysningar indirekte *kan* kome fram i informantane sine svar er det både i informasjonen på førehand og undervegs i undersøkinga presisert at dei f.eks måtte unngå og oppgje namn, stadsnamn, konkrete hendingar o.l som kan knyttast til dei sjølv eller andre personar. Undersøkinga i seg sjølv er anonym, og invitasjonen om å delta gjekk ut til ei stor gruppe på over 60 elevar. Frivillegheita vart understreka, så trekte eg meg tilbake, og deretter fekk dei anledning å gå kor dei ville på skulebygg og internat for eventuelt å gjennomføre undersøkinga. I underkant av 30 besvarte undersøkinga, og det er ingen måte eg kan *vite* kven som deltok, eller kunne knytte opplysningane til konkrete personar. Det er heller ingen andre personar som har tilgang til Fronter-romma og mappene der undersøkinga er lagra, bortsett frå IKT-administrator.

I forhold til den sensitive karakteren av undersøkinga er det knytta til at spørsmåla i stor grad dreier seg om tru, verdiar, identitet og religiøst livssyn blant ungdom som eg som forskar har ein relasjon til gjennom lærargjerningen. Det stiller særskilt strenge krav til meg som forskar og lærar om å balansere rollene fornuftig, og til den praktiske gjennomføringa av spørjeundersøkinga. Samtidig er eg sakleg ueinig i at spørsmål om tru og religion er så sensitivt at ein ikkje kan gjennomføre anonyme undersøkingar ved eigen institusjon. Ei side ved dette er at skulen bygger sin eksistens på, og har si godkjenning basert på at den er ein kristen skule, og refleksjon om tru og verdiar er ein del av den ”*daglege rutinen*” både i og utanfor klasserommet. Elevane ville difor neppe oppfatte dette som veldig kontroversielt. Som tidvis lærar i religion og det lokale, men offentleg godkjente kristendomsfaget, er i tillegg

både eg og elevane vant til å reflektere og samtale om tru og etiske spørsmål. I læreplanen til Religion og etikk står det blant anna følgande om formålet med faget:

*Som holdningsdannende fag skal Religion og etikk også gi rom for refleksjon over egen identitet og egne livsvalg. Opplæringen i faget skal bidra til å stimulere hver enkelt elev i arbeidet med livstolknings- og holdningsspørsmål.<sup>1</sup>*

Til kompetansemåla i Kristendomsfaget står det blant anna at elevane skal ” i møte med dette budskapet reflektere over eget ståsted”. Poenget er at dersom det er forventa at elevane skal reflektere over slike spørsmål offentleg i klasserommet, kvifor skal det då vere meir sensitivt å spørje om mykje av det same i ei anonym undersøking? Spørsmåla i undersøkinga går i tillegg hovudsakleg ut på å beskrive sin eigen praksis i forhold til tru og verdiar, og ikkje indre overtydingar eller personlege standpunkt. Det vil seie korleis dei uttrykker og synleggjer tru og verdiar overfor omgjevnadane, ein praksis som i stor grad foregår i det offentlege rom og opne fora på nettet. Utover dette hadde eg allereie henta inn samtykke frå ca 2/3 av foresatte til elevar på vg1-trinnet, men valte blant anna ut frå desse omsyna, og omsynet til alder, og ikkje inkludere dei i undersøkinga. ”Ungdom” er i denne samanhengen då utelukkande myndige personar over 18 år.

Det ser òg ut for å vere fagdisiplinære skiljer i kva grad ein oppfattar spørsmål om tru og livssyn som sensitivt materiale, eller i alle fall *kor* sensitivt det er. Ein kollega fullførte i 2007 ein master i kristendom ved Universitetet i Agder. Tema for oppgåva var kristne ungdommar sitt syn på ulike samlivsformer, og han gjennomførte kvalitative intervju med blant anna elevar ved eigen skule. Spørsmåla i desse intervjuar var adskilleg meir sensitive enn i mi spørjeundersøking, og gjekk blant anna på grunnleggjande for sine syn. Det etiske perspektivet i denne oppgåva vart bevisstgjort gjennom dei grunnleggjande forskningsetiske prinsippa, og at han valte elevar han ikkje hadde i eiga undervisning, men elles vart det ikkje ytterlegare problematisert verken av studenten eller vegleiaren (Brådland, 2007, p. 23). Som lærarar står vi uansett dagleg i situasjonar som omhandlar sensitiv elevinformasjon knytta til karakterar, vurderinga, frávær og livssituasjonar. Det skal vi vere i stand til å handtere profesjonelt i læreryrket, og det har eg òg forventning om at eg skal meistre i forskar-rolla. Ut i frå ei samla vurdering av alle desse betraktningane og refleksjonane har eg altså funne det forsvarleg å gjennomføre spørjeundersøkinga med elevar frå eigen skule.

---

<sup>1</sup> Frå læreplanen Religion og etikk, <http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=167612&visning=1>

### 2.3.4 Validitet

Validiteten, eller gyldigheiten av eit forskningsresultat kan definerast på mange måtar, alt etter typen data, fagfelt, fokus for forskinga, konfidensialitetshensyn, metode, bruken av resultata osv. Paradigmer for validitet innan ein forskingsfelt kan dermed ikkje automatisk overførast til eit anna felt. Validitet handlar heller ikkje berre om å kome fram til eit meir eller mindre sannsynleg resultat, men bygger på validiteten av heile prosessen som leier fram til dette resultatet. Det kan for eksempel dreie seg om forskaren sitt ideologiske utgangspunkt er tilstrekkeleg avklart, om forskinga har fokusert på sannsynlege årsakssamanhengar, om det er valt ut relevant teori, brukt hensiktsmessige metodar, og gjennom det har vore i stand til å bygge opp ei troverdig kjede av empiri, moment og argument. Validitet vert slik tett bunde opp til ”values”, verdier, og dermed uløysleg knytta til etikk (Holian, 1999). Ut frå dette er validitet ikkje ein objektiv størrelse, men kviler på normene og verdigrunnlaget til forskaren, vitenskapen, enkeltindividet og samfunnet som heilheit.

William M. K. Trochim definerer validitet som ”*the best available approximation of the truth of a given proposition, inference, or conclusion*”, altså; den beste *tilgjengelege* antakinga om sanninga i ein gjeven påstand, slutning eller konklusjon. Det betyr for eksempel at validiteten av eit resultat kan endre seg når forutsetningane for resultatet endrar seg. Trochim understrekar òg at empiri og metode i seg sjølv ikkje har verdi og validitet, men at verdier og validitet først oppstår når dette vert formulert i påstandar, utsegner og konklusjonar (Trochim, 2006). Å hevde at 9 av 10 køyrer over fartsgrensa er ikkje eit verdilada utsagn, og har ingen validitet. Om du derimot sluttar frå det at ”*då må fartsgrensa hevast*”, eller at ”*no politiet må gjennomføre fleire fartskontrollar*”, så har du med ein gong aktivert eit heilt spekter av normer, verdier og validitetsvurderingar.

### 2.3.5 Typar validitet

Trochim peiker vidare på 4 typar validitet, eller 4 ledd i denne ”*chain of evidence*” fram mot eit gyldig forskingsresultat. Dei to første typane validitet må i stor grad avklarast før eit prosjekt startar, medan dei to siste typane validitet eventuelt kjem som resultat av analysen og drøftinga. Trinn 1 er å etablere *intern validitet* (internal validity), som handlar om å sannsynleggjere ein årsak-verknad samheng mellom det du forskar på og det du ønsker å

finne ut, som f.eks riktig informantgruppe i forhold til problemstilling. Å gjere undersøkingar på sauer når du eigentleg ønskjer å finne ut noko om geiter er eit eksempel på forskning med svak intern validitet. Trochim peiker på at behovet for intern validitet ikkje er like relevant og sterkt i deskriptive studier, som denne. Den interne validiteten i undersøkinga skulle likevel vere god, ut i frå at eg ønskjer å finne ut meir om kristen ungdomsidentitet på internett. Samanhengen mellom identitet og identitetskonstruksjon på internett er godt etablert og dokumentert i forskning, og eg foretek undersøkinga blant ungdom som definerer seg som kristne, og som bruker internett i større og mindre grad.

Trinn 2 handlar om å etablere *konstruksjonsvaliditet* (construct validity), og blant anna val av metode. Poenget er å finne ein metode som faktisk måler det ein ønskjer å vite noko om. Skriftelege spørjeundersøkingar med analfabetar har eksempelvis klare svakheiter. Målet med undersøkinga var å få eit oversiktsbilete av korleis forholdsvis representative kristne elevar ved utvalte NLMvgs-skular uttrykker tru og identitet på nettet. Eg kunne bedt dei skrive stilar over temaet, men det ville gjeve usikre resultat og medført eit vanskeleg analysearbeid. Eg vurderte kvalitative intervju, men kunne risikert å ende opp med eit par ”nerdar”, eller folk som brukte nettet for lite til å kunne trekke relevante slutningar. Ei omfattande spørjeundersøking vurderar eg difor som eit godt forsøk på å oppnå konstruksjonsvaliditet i undersøkinga. Eit spørsmål som òg høyrer med under konstruksjonsvaliditet, etter at ein valid metode er definert, er om du er den rette til å gjennomføre metoden (LaPolt, 1997). Refleksjonen kan dreie seg om ein har nødvendig kompetanse, habilitetshensyn, ideologiske bindingar, økonomi og særinteresser, om risiko for at resultat bryt med etiske overbevisningar osv. Og om ikkje eg forskar på dette, kven vil i så fall gjere det? Vil nokon i heile teke gjere det? I realitetenes verden vert dette siste ofte utslagsgjevande. Skal eit område verte forska på ”så må ein gjere det sjølv”, trass i at ikkje alle betingelsar er optimale.

*Ekstern validitet* (external validity) er trinn 3 i utviklinga av validitetskriteria, og er relatert til generalisering. I kva grad kan ein formulere allmenngyldige påstandar og konklusjonar av forskingsresultatet, og kva overføringsverdi har det til andre område? Dette er ei særleg utfordring i samfunnsvitskapen, der skiftande premissar og kontekstar gjer det vanskeleg og uhensiktsmessig å etablere ”absoluttar” og ”sanningar”. Dette er uansett eit aspekt som må gjerast til gjenstand for drøfting og refleksjon i analysen, og som ikkje kan avklarast før mot slutten av eit forskingsprosjekt. Ekstern validitet heng òg tett saman med trinn 4 som er

*konklusjonsvaliditet* (conclusion validity). Her må ein sannsynleggjere at konklusjonane har gyldigheit, og ikkje minst at premissane og samanhengane som konklusjonane bygger på er sannsynlege og truverdige (Trochim, 2006). I sum skal dette då danne ein kjede av sannsynlege antakingar, ein akkumulasjon av teori, data, analyse og refleksjon, som skal gje forskingsresultatet vitenskapleg validitet. Dette må vi kome tilbake til i analysen.

### **2.3.6 Konkrete utfordringar med validitet i datainnsamlinga**

Som allereie nemnt kan det reisas spørsmål ved om gjennomføring av spørjeundersøkinga ved Drottningborg, blant elevar som kjenner meg både som lærar og privatperson, kan medføre problem i forhold til validitet. Vil dei svare annleis på spørsmåla når dei kjenner forskaren enn dersom forskaren hadde vore ukjent? Vil dei svare meir i retning av det dei trur forskaren vil høyre, og dermed gje resultatet mindre validitet? Eventuelt motsatt om dei misliker meg som lærar og person slik at dei *"leier meg ut på viddene"* med feilaktige og usanne svar? Den umiddelbare og praktiske responsen til det er at mi erfaring frå klasserom og undervisning tilseier at ungdomar er svært opne og ærlege, og ikkje er redde for å utfordre lærarar og andre autoritetar. Det gjeld òg i forhold til trus- og verdispørsmål, og samsvarer med det postmoderne autoritetsfallet som mange peiker på som eit kjenneteikn for vår tid.

Meir prinsipielt vil eg grunngje validiteten av resultatata frå Drottningborg i Holian sin bruk av begrepet *kontekstuell validitet*. Denne forståinga av validitet er anvendt mykje i feltarbeid for å analysere korleis data passar inn og gjev meining i konteksten det er henta frå og høyrer heime i. Ho siterer Reason og Rowan som definerer validitet *"as that which is not only right, but useful, or illuminating to the actors"*. Validitet er då først og fremst det som gjev meining for deltakarane i den konkrete situasjonen (Holian, 1999). Kjenner dei seg att i beskrivingane og påstandane som kjem fram, eller føler dei seg misforstått, misbrukt og uthengt? Validiteten av resultatata i denne undersøkinga er dermed i streng forstand ikkje noko eg som forskar kan avgjere, og heller ikkje andre forskarar, men avheng av korleis ungdomane sjølv oppfattar og opplever slutningane som gyldige, sannsynlege og valide ut frå sine kontekstavhengige opplevingar og erfaringar. Og som Trochim påpeikar: Data og empiri har i seg sjølv ingen validitet; alt avheng av konklusjonane ein trekker frå materialet. På det grunnlag vil eg hevde at resultatata frå undersøkinga på Drottningborg uansett vil ha kontekstuell validitet, og vil gje grunnlag for konklusjonsvaliditet. Så får ein heller drøfte i kva grad dei har ekstern validitet.



## 3 TEORI

### 3.1 Innleiing

*Pinseafteften - Inde på storskogen. Peer Gynt kryber i holtet og sanker jordløg.*

Du gamle spåmands-gøg!

Du er ingen kejsler; du er en løg.

Nu vil jeg skalle dig, kære min Peer!

Det hjælper ikke enten du tuder eller beer.

*(tager en løg og plukker svøb for svøb af)*

Det var en ustyrtelig mængde lag!

Kommer ikke kærnen snart for en dag?

*(plukker hele løgen op)*

Nej-Gud om den gør! Til det inderste indre

er altsammen lag,- bare mindre og mindre.-

*Peer Gynt, akt 5, scene 5*

Det er oppgjerets time, og tid for Peer Gynt å konfrontere sitt mangfaldige liv. Spørsmålet er; ”kven er Peer Gynt, egentleg”. Svaret viser seg derimot vanskeleg å finne. Det er lag på lag, men ingen kjerne. Spørsmålet var aktuelt og utfordrande for Peer Gynt, men viser seg like aktuelt i dag, og ikkje minst for elevar ved NLMvgs-skular som ønsker å fasthalde ei kristen tru i møte med ein pluralistisk og fragmentert notidskultur. Når er eg meg sjølv? Kva vil det seie å være "seg sjølv"? Finns det ei "kjerne" som er mitt egentlege "eg", ein uforanderleg, autentisk, personlig identitet? Eller er dette bare romantiske og utdaterte forstillingar? Er sanninga heller at det finns mange forskjellige og motstridande utgåver av "meg"? Er det berre ein ustabil identitet forma, og stadig omforma, av historie, kultur, erfaring og sosiale roller? Er det mogleg å halde fast på ein uforanderleg «personleg identitet» i eit sosio-kulturelt landskap prega av postmodernismen sine djuptgripande endringar? Og kva plass vert det for trua i denne straumen av livsformande hendingar? Denne oppgåva har som hovudmål å

kunne svare på noko av dette, men avgrensa til kva rom og uttrykk kristen ungdom gjev for sin kristne identitet og kristne tru på nettet, særleg gjennom bruken av sosiale medier.

### **3.1.1 Identitetsbegrepet sin plass i oppgåva**

Før vi derimot gjev oss i kast med dette må vi få ei klarare oppfatning av kva identitet er, og korleis den vert til. Det vil eg gjere ved først å gje ein historisk oversikt over framveksten av dei rådande identitetsteoriane vi finn innan kultur- og sosiologi-studier i dag. Dei lange historiske linjene er eit forsøk på å sjå temaet i samanheng, vise at det moderne ikkje alltid er så nytt som ein trur, og lære av historia for eventuelt unngå å trakke i den same grøftene på nytt. Det kritiske perspektivet her vil ikkje minst vere retta mot eigen kristen tradisjon. Etter dette vil eg foreta ei kritisk drøfting av rådande identitetssyn med mål om å kome fram til eit anvendeleg identitetsbegrep som samsvarer med eit bibelsk og kristeleg verdsbilete og menneskesyn. Til slutt skal vi sjå på kvifor identitetsperspektivet er relevant i tilnærminga til ungdoms bruk av nettet, og prøve å hente ut nokre begrep og perspektiv som kan hjelpe oss i analysen og tolkinga av datamaterialet frå spørjeundersøkinga. Gjennom dette skal vi i dette kapittelet forsøke å svare på forskingsspørsmåla om i kva grad anti-essensielle identitetsteoriar samsvarer med kristen identitetsforståing, i kva grad er det relevant å snakke om ”kristen identitetsteori”, og kva faglege innspel og refleksjonar eit kristent verdensbilde, menneskesyn og identitetsforståing kan bidra med inn mot aktuelle identitetsteoriar?

Arne Schjøth påpeiker paradokset i at eit begrep som er så hyppig brukt i daglegtale og fagleg debatt, og som grip så grunnleggande inn i alle menneskelivets fasar, er så utydeleg definert, og vert brukt med så sprikande meinings- og forståelsesinnhald (Schjøth, 2001, p. 2) I daglegtale vert det ofte ukritisk brukt som eit honnørord, og i vitenskapleg samanheng er det ofte knytta opp mot eit bestemt fagfelt. I dette må ein ta i betraktning at identitet som begrep i vitenskapen i stor grad er teke i bruk etter 2. verdskrig. Det betyr ikkje at forestillinga er ny (Engedal, 1995, p. 6). Tanken om sjølvverkjenning, sjølvvet, ego osv har røter langt tilbake i klassisk filosofi og oppgjennom både middelalder, renesanse, modernisme, og heile den humanistiske ideutviklinga, men mest som eit filosofisk anliggende. Aktualiteten av personleg identitet som eksistensielt og vitenskapleg spørsmål har derimot blitt forsterka i takt med modernismens fall i etterkrigstida. Når eg her vil gje forholdsvis romsleg plass til drøfting av begrepet er det både fordi det spenner vidt og spriker mykje, men ikkje minst fordi det er eit begrep med betydeleg kulturell og politisk betydning og sprengkraft (Hall & Gay, 1996, p. 16).

Som Brewster Smith påpeikar: "...*intellectual doctrines about the self don't just sit around in unreadable scholarly journals. They wind up in people's heads*" (Keyes, 2003, p. 1). Utviklinga frå opplysningstida med f.eks religionens fall, og den dagsaktuelle debatten om kjønnsnøytral ekteskapslov er to døme på korleis filosofiske, psykologiske og samfunnsvitskaplege identitetsforståingar påverkar samfunnsmessige endringar og politiske avgjerder. I tillegg vil eg bruke tid på identitetsbegrepet fordi det engasjerer meg på både eit fagleg og personleg plan. Eg opplevde som nemnt innleiingsvis dei kultur-sosiologiske identitetsperspektiva vi jobba med i dei innleiande Digkom-modulane som uhyre interessante, men samtidig utilfredsstillande og mangelfulle i forhold til min faglege bakgrunn og personlege livssyn. Dette blir dermed eit forsøk på å la desse to utgangspunkta møtast i ein konstruktiv dialog. I tillegg har eg eit vagt håp om at arbeidet med oppgåva kan vere til nytte for kollegaer ved NLMvgs-skulane, og andre som jobbar med og blant ungdom. I eit forsøk på bevisstgjerjing av identitetsbegrepet i ein kristen kontekst vil eg difor fram mot drøftinga av begrepet prøve å teikne eit historiske bilete av begrepet si framvekst og utvikling, og deretter gje eit state of the art-inntrykk om identitetsforståinga innan psykologi, sosiologi og samfunnsforskning i dag. Deretter skal vi ta for oss faktorar og prinsipp for identitetstenking ut frå eit kristent perspektiv, før vi til slutt i kapittelet ser på relevansen og samanhengen mellom identitet og internett-aktivitet.

### **3.1.2 Anti-essensielle identitetsteoriar og kristen identitetsforståing**

Det er to ytterpunkt i forståinga av identitet; den essensialistiske og den anti-essensialistiske oppfatninga. Tradisjonelt har den essensialistiske, forståinga stått sterkt i vesten dei siste århundra, med ei forestilling om at identitet er fast, autentisk, sentrert, naturgitt, eller til og med skapt. Filosofi-historisk kan den sporast tilbake til Platon si idè-lære, der sjela opprinneleg oppheldt seg i formenes verden, for så å måtte avdekkast gjennom refleksjon. Etter modernistisk tenking er personleg identitet stabil og forutsigbar, strukturert og forma etter faste mønster. Den utgjer ein slags kjerne av universell humanitet, som skulle gjere oss til heilstøypte og integrerte menneske. Den gjer oss unike som individ, men knyter oss òg saman med det menneskelege fellesskapet. Identiteten er *a being*, vårt eigentlege sjølv som gradvis avdekkast og veks fram. Identitet blir forstått som å vere *identisk*, der idealet er at vår ytre framtoning, framferd og sjølvoppfatning skal vere identisk med, og i samsvar med vårt

indre sjølv. Begrepet ”personleg identitet” gjev meining i betydinga av å vere det stabile og faste punktet i personlegdomen vår.

Mot dette hevdar det anti-essensialistiske synet som særleg har vakse fram i etterkrigstida at identiteten er fragmentert, desentrert og ustabil. Idèhistorisk ligg anti-essensialismen nærmare Socrates som knyter sjølvverkjenning tett saman med handlingane våre, men den avviser Socrates tankar om universelle verdiar og normer. Identiteten har ingen fast kjerne, men vert forma og omforma, konstruert og rekonstruert i stadig omskiftande prosessar alt etter situasjon, kontekst, kultur, posisjon, erfaring, rolle og ønske. Der er ikkje noko uforanderleg sjølv, men identiteten er *a becoming*, ein uklar størrelse i stadig endring, stadig på veg mot noko anna. Identitet blir i større grad forstått som det som vi *identifiserar oss med*, det vi strekker oss etter, det vi ønskjer å bli. Begrepet ”personleg identitet” vert problematisert, og ein tenker meir i retning av identitet som adopsjon av ulike *upersonlege kulturelle identitetar* som i større grad kan skiftast ut etter behov, ønske eller ytre påverknad.

### **3.2 Historisk, filosofisk og ideologisk utvikling av identitetsbegrepet**

Vi skal sjå litt nærmare inn på det teoretiske grunnlaget i essensialismen og anti-essensialismen, samtidig som vi ser dette i samheng med nokre av dei historiske, idehistoriske og samfunnsmessige utviklingane og føresetnadane i vesten som påverka forståinga av identitet, og vidare leia til endringar i denne forståinga. Leif Gunnar Engedal beskriv her ei kulturell utvikling i tre stadier som avstedkom radikale omveltingar i individet si sjølvforståing og livstolking, og med referanse til Berger framhevar han den bevegelsen det skapte frå ”det fastlagte, entydige og skjebnebestemte” til det ”bevegelige, ambivalente og valqfrie” (Engedal, 1999, p. 5). Årsaken til omskiftingane ligg både i samfunnsstrukturar, teknologisk utvikling, vitenskaplege gjennombrøt og ideologiske strøymingar, og vilkåra for personleg identitetsdanning karakteriserast ut frå ulike *posisjonar* og moglegheiter dette skapte for utforming av identitet. Parallelt med framstillingane av syna og utviklingane vil vi òg kort drøfte korleis desse kan forståast i lys av kristelege doktriner.

### 3.2.1 Den fastlagte posisjonen

Posisjonen for det "før-moderne" mennesket, dvs fram til renessansen på 13-1400-talet, beskriv Engedal som *den fastlagte posisjonen*. Det europeiske samfunnet var tradisjonsorientert og prega av stabile sosiale mønster og institusjonar, hierarkiske autoritetsstrukturar, klare rolleforventningar og felles tolking av normer, moral og livssyn. Den katolske kyrkja var den viktigaste premissleverandøren på dei fleste arenaer, og enkeltmennesket sin posisjon var i hovudsak religiøst grunngeven, om enn ikkje alltid like teologisk haldbart fundert. Mennesket var skapt for å arbeide til ære for Gud og gagn for sin neste, og pave og øvrigheit var innsett av Gud for å ivareta dette. Rommet for individuell identitetskonstruksjon var lite, både ut frå ideologi, samfunnsstruktur og økonomi. Kanskje var heller ikkje behovet så stort? Livskursen var styrt og forankra i kulturell tradisjon og familiearv, og forma av ytre fastlagt orden. Tanken om *personleg* identitet var i bakgrunnen, mens kollektiv tilhøyrgheit, innordning og lydighet var dydar som vart framheva og verdsett (Engedal, 1999, p. 6).

To perspektiv som kan utdjupe identitetsforståinga i perioden kan vere Pierre Bourdieu sitt *habitus*-begrep, og Zygmunt Bauman sin *pilegrims*-metafor. Habitus (jamf. eng. *habit* – vane, klesdrakt) er det *fellesskap* av tankar og handlingar som ein finn innan samfunn og sosiale grupper, og som skaper ein heilskapleg og systematisk livsstil. Begrepet skil seg frå identitet ved at habitus stort sett er eit resultat av sosial oppdraging. Habitus er då den *praktiske kompetansen* av koder, reglar, normer, tilbøyelegheiter og roller som "innskrivast" i gruppelemmane, og som regulerer samvær, omgangsform og fellesskap i gruppa (Broady & Palme, 1989, p. 188). Det vert ein slags ytre, sosialt konstruert og "tildelt" identitet av sosiale vaner som individet "ikler" seg meir og mindre ubevisst for å kunne fungere i eit samfunn. Denne habitusen reproduserer seg i stadig nye generasjonar, og bidreg til stabile samfunnsstrukturar (Prieur, 2002, p. 5) I følgje Bourdieu er dette mekanismar som foregår i alle lag av samfunnet til alle tider, men det blir særleg tydeleg i forhold til tanken om identitet som ein ytre fastlagt posisjon. I tråd med dette peiker Bauman på betydinga av pilegrimen som ideal for identitetstenkinga i middelalderen. For pilegrimen er målet og tilfredstilelsen alltid lenger framme (Hall & Gay, 1996, pp. 20-21), heva over "den daglege dont". Verden har verdi i den grad den bringer pilegrimen nærmare målet, men pilegrimen skal vere fri og ubunden av denne. Samstundes gjev målet både retning og meining til vandringa, og ikkje minst identitet og sjølvforståing til pilegrimen sjølv. Dette kjem f.eks til uttrykk i ein

salmestrof som "Eg er ein gjest i verda, min heim i himlen er" (Salmeboken, 1985, nr 857), og gjev meining til verdjar som prega perioden, som tolmod, lydighet, nøysemd osv.

Situasjonen i denne "før-moderne" perioden kan på avstand lett bli karikert, men på generell basis er det grunnlag for å seie at korrumpert kyrkjemakt, gamal overtru og generell uvitenheit bidrog til å halde individet "på plass", og hindre det i å nå sitt potensiale. Frykta for djevelen var nok tidvis større enn trua til Gud. Samtidig kom ikkje reformasjon og humanistisk tenking ut av det blå! Det har nødvendigvis foregått atskillege kraftfulle og kreative prosessar hos både lek og lærd i denne perioden, som seinare både mogleggjorde opposisjonen mot makteliten, og forklarar responsen den fekk i folket. Reformasjonen kom nettopp som eit tilsvar om at individet ikkje hadde blitt tilkjent sin rettmessige posisjon. Blant Luther sine første og viktigaste skrifter er "*Til den kristne adel av den tyske nasjon*" som utmyntar læra om det allmenne prestedømmet. Der var "revolusjonære" tankar som løfta den allminneleg truande opp på nivå med adel og geisteleghet. Same år kom òg "*Om et kristenmenneskes frihet*" der mennesket sitt frigjorte samvit, overfor Gud, seg sjølv og nesten vert krystallklart framheva (Rasmussen, 2008). Luther tilskriv begge delar som grunnleggande verk av Guds nåde, men det har samtidig ringverknader langt utover kyrkjebenkane. Det løftar fram individet sine personlege rettar og plikter i både gudsforhold og samfunnsperspektiv, og slår fast at det er kvar enkelt som til sjuande og sist står ansvarleg overfor seg sjølv, sin neste og sin Gud, utan innblanding frå verken pave, prest eller helgen. "Gud er éin, og det er éin mellommann mellom Gud og mennesker, mennesket Kristus Jesus" (1.Tim 2, 5). Dette fekk djuptgripande konsekvensar for folk si forståing av seg sjølv, posisjon og identitet. Erfaringa frå "før-moderne" tid viser dermed at ein fastlagt posisjon på grunn av kulturelle og maktstrukturelle bindingar i stor grad bryt med bibelske og humanistiske prinsipp om identitet ved at personleg ansvar og samvitsfridom kjem i bakgrunnen for ytre forventningar, press og krav. Samtidig har oppløysinga av den fastlagte posisjonen medført eit betydeleg tap av meining og retning etter som mellom anna pilegrimstanken har kome i bakgrunnen.

### **3.2.2 Den frisette posisjonen**

Med renessansen kom store omveltingar i synet på mennesket og mennesket sin plass i universell og kosmisk samanheng. Engedal betegnar posisjonen for det "moderne" renessanse-mennesket som *den frisette posisjonen*. Samfunnsstrukturar vart brotne opp

gjennom urbanisering, framvekst av nasjonalstatar og oppdaging av nye verdsdelar. Teknologiske framsteg som boktrykkekunst, industrialisering, handel og imperialismen leia fram mot ein kapitalistisk økonomi. Innan vitskapen skapte heliosentrisk verdsbiletet, ei rund jord og auka kunnskap om naturlovene ny og utvida innsikt i menneska sine livsvilkår. I samspel med reformasjon, redusert kyrkjemakt og utvikling av humanistisk filosofi og livssyn gav dette mennesket nye moglegheiter, val og rom for utprøving og utforming av eige liv og identitet. Optimismen var stor, med usvikeleg tru på fridom, fornuft, rasjonalitet og vitskap. I denne konteksten melder spørsmålet om personleg identitet seg som svært aktuelt, og markerer eit tydeleg brot med den tidlegare forankringa i religion, kultur og tradisjon (Engedal, 1999, pp. 6-8). Humanismen plasserer mennesket i sentrum for tilveret, og på filosofisk grunn utviklast det ei *essensialistisk* identitetstenking om eit naturgitt, uforanderleg og individuelt "indre" i mennesket. Gergen viser i "*The Saturated Self*" korleis idèen om eit indre substansielt kjerne-sjølvs har opphav i to ulike kulturelle bevegelsar frå denne perioden: *Romantikken* med si vekt på "personal depth", og *rasjonalismen* med sine "kognitive strukturer" og forestillingar om "humans as machines" (Gergen, 1991, pp. 18-47).

Begge desse delane ser vi klare spor av hos blant anna Descartes og Kant; både romantikken sin søken etter "det sanne eg", og rasjonalismen sin søken etter universelle sanningar og "naturlover" på alle felt av tilveret. Descartes si tese "cogito, ergo sum" uttrykker kjernen i denne oppfatninga. Vi ser den optimistiske idèen om tanken si kraft, men endå viktigare i denne samanhengen er idèen om tanken sitt *opphav*; det sjølvstendige, tenkande subjektet. Den frie tanken er eit produkt av det frie individet, frigjort frå religion, maktstruktur, kultur og natur, og med nye og uante moglegheiter for ei ny framtid (Engedal, 1999, p. 7). Kant tenker i tilsvarende baner om ein trans-empirisk struktur i mennesket; det *transendentale ego* og *transendental idealisme*. Det Kant legg i dette at det ikkje er verden som presenterer seg for oss, men vår erfaring av verden er mogleggjort ved *a priori* betingelsar knytta til evnen til fornuft og rasjonell tenking i tid og rom. Kant erkjente at denne evnen har sine begrensingar, men saman med begrepet om det moralsk autonome og fornuftige mennesket bidrog tankane til eit radikalt nytt syn på mennesket sin posisjon i verden. Kort sagt, det er ikkje lenger vi som rettar oss etter verden, men verden som rettar seg etter oss. Dette er omtalt som Kant si *kopernikanske vending* (Svendsen, 2009), der mennesket ikkje lenger "dreier" rundt verden, men verden "dreier" rundt mennesket. Identitetsmessig heng dette saman ved at "det faste punkt" i tilveret ikkje lenger er i Gud, men ligg som ein essens og kjerne i mennesket sjølv.

Den amerikanske antropologen Clifford Geertz bemerkar:

*The Western conception of the person as a bounded, unique, more or less integrated motivational and cognitive universe, a dynamic center of awareness, emotion, judgment, and action organized into a distinctive whole, ..., is a rather peculiar idea within the context of the world's cultures* (Krogseth, 2001, pp. 98-99).

Renessanse-tenkinga skil seg ikkje berre ut historisk og kulturelt, men bryt òg fundamentalt med tradisjonell kristen tenking. Den kan slutte seg til det unike i kvart menneske sitt vesen, og tilskrive det betydelege kognitive og emosjonelle evner. Det kan kanskje forklare at mange kristne i stor grad ubevisst har adoptert modernismen si essensialistisk oppfatning av identitet. Mennesket som sentrum i universet kolliderar derimot fullstendig med det bibelske verdsbiletet, og den modernistiske tanken blir på mange måtar den ultimate detroniseringa av Gud. Etter bibelsk forståing skjedde dette i *praksis* i og med syndefallet, men renessansen sin frigjorte posisjon er på mange måtar den *teoretiske* grunngevinga for å lausrive seg frå det religiøse.

Dick Keyes peiker på tre hovudfaktorar som bidrog til gjennomslagskrafta i desse ideane, og som ytterlegare svekka den religiøse dimensjonen i vestleg kultur. Først var det oppdaginga av størrelsen på universet, deretter oppfatninga av mennesket som ein mekanisme i universet sitt store maskineri, og til slutt, og kanskje aller sterkast, Darwin sin evolusjonsteori. Ingen av desse oppdagingane og teoriane trengte, verken kvar for seg eller samla, å true kristen tru og doktriner. ”*The work of Galileo and Kepler was a greater threat to Aristotle and church authority than to the Bible*”, og delar av dette kan i følgje Keyes med rette utfordrast som ”*poor science and philosophy*” (Keyes, 2003, pp. 13-14). Konsekvensane var uansett dramatiske! I forhold til hierarkiske samfunnsstrukturar og kyrkjeautoritet var det både berettiga og etterlengta konsekvensar som mogleggjorde meir fleksible identitetsposisjonar. Samstundes etterlet tapet av religionen eit tomrom. Usikkerheit og tvetydigheit trengte seg på; kven er eg når samfunnsstrukturar og sosiale roller ikkje lenger definerer meg og min plass i verden? Rasjonalismen reiser mange legitime spørsmål, og tilbyr nye posisjonar og moglegheiter, men kan ikkje i tilstrekkeleg grad gje tilfredsstillande svar. Eksistensialismen si søking etter ny mening i tilveret vart eit av fleire reaksjonar på utfordringane i den nyvunne fridomen, svar som etter kvart peiker i anti-essensialistisk retning.



### 3.2.3 Den flytande posisjonen

Det "post-moderne" mennesket sin overgang til *den flytande posisjonen* kan i stor grad sporast tilbake til moderniteten sitt samanbrot. To verdskrigar, folkemord, masseøydeleggingsvåpen, despotiske maktmisbruk og kynisk kapitalisme har undergreve trua på fornuften, vitskapen og det teknologiske framsteget. Saman med relativisering av livssyn, moral og tradisjonar, og fragmentering av sosiale strukturar, institusjonar og maktforhold har det fjerna bindingane for personleg utfalding. Spelerommet og valmoglegheitene for å innta nye posisjonar, og gjerne mange, motstridande og foranderlege posisjonar synest nærmast ubegrensa (Engedal, 1999, pp. 8-11). Spørsmålet om "kven er eg" har derimot ikkje kome til noko endeleg avklaring, men denne kulturelle, sosiale og ideologiske utviklinga peiker i alle fall på *årsaken* til at identitetsbegrepet har aktualisert seg så mykje dei siste tiåra: Når ingen andre fortel oss kven vi er så må vi forsøke å finne ut av det sjølv.

Thomas Ziehe tillegg dei sosiale forandringane som er skjedd avgjerande betydning for identitetsforminga i den flytande posisjonen. Særleg beskriv han *avtradisjonisering*, auka *individualisering* og auka *sjølv-refleksivitet* som vesentlege faktorar. Postmoderniteten gjer identitetsprosjektet meir fleksibelt, men òg meir komplisert. Auka diversitet i sosiale forhold, sosial interaksjon og kontekstar motverkar kreftene i dei fastlagte posisjonane og strukturar, og same person kan skifte mellom posisjonar alt etter kontekst og ønske. Det reflektive prosjektet består i å oppretthalde ein *samanheng* og ei *mening* mellom dei skiftande posisjonane, og det er denne samanhengen og meininga som er å forstå som identitet. Men det er ikkje lett når relativistisk filosofi fortel oss at ingen ting har universell gyldigheit, og ingen ting er absolutt sant. Når så tradisjon og struktur mister innflytelse vert *val av livsstil* den viktigaste faktoren for konstitueringa av samanheng, mening og identiteten (Priour, 2002, p. 5). For ungdommen er denne identitetskonstruksjonen eit dobbelt krevande arbeid, der kravet til personlegheit forutsett både *makeability* og *credibility*, at ein både må kunne flyte med i tida, og samtidig ha noko unikt og bestandig. Ungdomskulturen responderar i følge Ziehe på dette trykket på tre måtar: Gjennom *subjektivering* og fokus på dei nære og personlege ting. Ved *ontologisering* og kompensasjon av meiningstap gjennom å skape si eiga verkelegheit, og gjennom *potensering* som kompensasjon for kjedsomheit ved å "fargelegge" tilveret gjennom f.eks rus, adrenalin-kick, tv, nett, sex, musikk, opplevingar o.l (Larsen, 1991, pp. 6-8). Historiske faktorar har gjeve vesentlege bidrag til denne utviklinga, men vi skal no sjå nærare på anti-essensialismen som filosofisk og ideologisk bidrag til dette "ver-skiftet".

### 3.3 Anti-essensiell identitetsforståing

Sosiologen Ziehe gjev mange treffande beskrivingar og analyser av *korleis* den flytande posisjonen gjer seg gjeldande i identitetssøking, sjølv om han tek nokre forbehold om gyldigheitsområdet. Men kva er det som eigentleg ligg til grunn for dei endra betingelsane og oppfatningane av identitetsdanning som vi har sett i etterkrigstida? Dei historiske og samfunnsmessige endringane som er nemnt over peiker på nokre praktiske delforklaringar, men endå viktigare er antakeleg skiftet i den filosofiske og ideologiske tenkinga om kva identitet er og korleis den vert konstruert. Som Brewster Smith påpeika så er identitetsteoriar meir enn teoriar i det dei ”*wind up in people’s heads*”. Teoriane er ikkje berre analytiske beskrivingar av identitet, men vår ”identitetsteori” bidreg aktivt til *forminga* av identiteten vår! ”Teorien om oss” slår ut i vår praksis! Dersom du oppfattar identitet som fast og essensiell så vil det antakeleg prege din identitet, og ser du på identitet som fragmentert og anti-essensiell så vert den gjerne det (Keyes, 2003, pp. 15-17). Identitetsteoriane er dermed ikkje berre ”kart over terrenget”, men har stor påverknadskraft i forminga av ”identitetsterrenget”. Slik vert det ei sirkelslutning når teoriane etterpå skal observere og beskrive det landskapet dei først har vore med og forme.

Dei første anti-essensielle impulsane innan sosiologi og kulturstudier som bidrog til denne ”landskapsforminga” kom på første del av 1900-talet. Med innflytelse frå marxistisk tenking bidrog Èmile Durkheim gjennom *strukturalismen* til ei anti-humanistisk *desentrering* av identitet ved å plassere opphavet for handlingar, tankar og følelsar i ytre, forutsigbare samfunnsmessige og relasjonelle system som ”tvingar” seg på individet. Ferdinand de Saussure framheva deretter *språket* sin grunnleggande funksjon som kulturell formidlar og meiningskapar, og at språket ved bl.a sin grammatikk utgjer det systemet og kulturelle djupstrukturen som i størst grad formar og styrer vår åtferd og tenking, og der igjennom vår identitet (Barker, 2003, pp. 15-16). Identitet vert som ein konsekvens av dette dermed i større grad forstått som eit ytre kollektivt og kulturelt produkt enn ein indre individuell sak.

#### 3.3.1 Foucault og post-strukturalismen

I etterkrigstida vidarefører post-strukturalismen den anti-essensielle forståinga av identitet, men stiller spørsmålsteikn ved strukturane sin *stabilitet* og varigheit. Jacques Derrida viser

gjennom sin dekonstruksjon korleis ikkje minst språket er tvetydig og styrt av uforutsigbare og ulogiske ”reglar”, der meining er både utleda og avleda av andre ord, setningar, tekstar og kontekstar. Språket bidreg dermed til *ustabile* strukturar for både meiningsskaping og identitetsforming. Den som i sterkast grad vidareførte dette til kultursosiologien, og som har hatt sterkast innflytelse på kultursosiologiens identitetstenking er Michel Foucault. *Diskurs* er eit sentralt begrep hos Foucault, og han forklarar det som *sanningsregimer* som definerar og konstruerar meiningsskaping og identitetsdanning i eit samfunn. Han var særleg oppteken av korleis diskursar forma av kunnskap, makt og materielle og historiske betingelsar styrer våre språklege og sosiale praksisar. I ein kvar kultur litt det nokre ”udiskutable” verdiar, normer og forventningar om korleis ein skal opptre som fellesskap og som individ, og som styrer både den kulturelle og individuelle utviklinga. Foucault omtalar identitet som *subjektet*, og gjennom denne endringa i begrepsbruken ”avpersonifiserar” han heile identitetsforståinga. Foucault beskriv subjektet heilt og fullt som eit produkt av historia. Post-strukturalismen er dermed på linje med strukturalismen i å forstå identitet som eit produkt av *sosiale strukturar*, men strukturane er ikkje universelle eller varige. Der er ingen ”sanningar” utanom det som er konstruert av språket, verken når det gjeld kunnskap, kjønn, etnisitet eller identitet. Når så språket heller ikkje er stabilt så er der i prinsippet inga sanning, men berre ustabile språklege beskrivingar som gjennom sosial *konvensjon* kjem til å ”telje som sanning”.

Konsekvensen av dette at der ikkje lenger er noko fast, essensiell kjerne eller struktur i identitetsforståinga, men identitet vert redusert til skiftande *språklege konstruksjonar*. Slik vi til ei kva tid framstiller oss sjølv, eller vert framstilt av andre gjennom språket, slik er vi! For at desse framstillingane skal gje meining for omgjevnadane avheng det derimot av at det *talande subjektet* nyttar seg av dei *subjektsposisjonane* som diskursen tilbyr, posisjonar som endrar seg med person, rolle, situasjon, kontekst, ønskjer og behov (Barker, 2003, pp. 18-20). Det er desse posisjonane som i bunn og grunn utgjer identiteten, eller identitetane, etter som den vil skifte med posisjonen. Etter post-strukturell og postmodernistisk forståing dreier det seg ikkje lenger om å *finne* ein identitet, men å *innta* posisjonar og konstruere og forme *ulike* identitetar innanfor rammene som posisjonane og den kulturelle diskursen tilbyr. I prinsippet er difor identitetar flytande fordi diskursane og posisjonane er flytande, forma av skiftande historiske og materielle betingelsar.

Samtidig fungerer diskursane som *midlertidige* menings- og sanningsregime som strukturerer, regulerar og disiplinerar identitets-konstruksjonen gjennom kulturelle og

språklege normer. Diskursen avgjer kva som kan seiast, kven som kan seie det, og når, kor og korleis det kan seiast, uttrykkast og levast ut. (Barker, 2003, pp. 101-103). Denne "retten til å tale" og uttrykke seg heng nøye saman med korleis diskursane distribuerer makt i samfunnet, og moglegheitene for identitetskonstruksjon heng nøye saman med maktstrukturar, individuell makt og makt knytta til dei enkelte posisjonane ein har tilgang til. Individ og identitet kan ut frå denne forståinga oppfattast som meir og mindre "viljelaust" forma av ytre sosiale omgjevnader, og ein kvar diskurs har i følgje Foucault eit sett av normer som overvaker og sanksjonerar individet for å holde det innanfor samfunnet sine aksepterte rammes (Thomas, 2007, p. 22). Baumann oppsummerer på mange måtar dette poenget på følgende vis:

*It is, in the end, the old truth all over again: each society sets limits to the life strategies that can be imagined, and certainly to those which can be practiced (Hall & Gay, 1996, p. 35).*

Eit poenget for Foucault er likevel at makt ikkje *berre* er undertrykkande, men òg produktiv i den forstand at det er "makta" og moglegheitene i dei ulike subjektsposisjonane som mogleggjer at individet kan vokse, utvikle og innordne seg. Auka bevisstheit om eigen posisjon, og refleksjon over eigne moglegheiter aukar makta, potensialet og alternativa for både aktiv sjølv-konstruksjon og radikal sjølv-ekspresjon (Barker, 2003, p. 104). Samtidig fastheld Foucault at subjektet er produsert som ein effekt av diskursen, og ikkje har nokon eksistens eller samanhengande identitet frå ein posisjon til den neste. For Foucault betyr det i praksis at identitet som begrep er meningslaust, sidan det antydar ein indre samanheng og mening i sjølvvet, og difor foretrakk han det upersonlege subjekt-begrepet. Etter hans forståing er det i tilfelle ein innbilt samanheng og mening som vi er tildelt frå diskursen. Det er *ingen ting* i mennesket, ikkje ein gong kroppen, som er stabilt nok i forhold til historisk og diskursiv forming til at det kan tene som basis for heilheitleg sjølvforståing, eller forståing av andre menneske. Dette bidreg til inntrykket av mennesket som eit passivt produkt av historie og kultur. Foucault modererer seg derimot noko, for sjølv om han hevdar at kropp, subjektivitet og identitet er "inngravert av historia" og diskursivt forma, forutsett det likevel ein aktiv respons i individet for å konstituerar sjølvvet i forhold til sine omgjevnader. Auka bevisstheit og refleksjon rundt denne responsen er det som då i følgje Foucault mogleggjer sjølv-konstruksjon og sjølv-ekspresjon som motkraft til den ubevisste diskursive forminga (Hall & Gay, 1996, pp. 10-13).

### 3.3.2 Vidareføring av post-strukturalismen - Hall og Butler

Stuart Hall bygger vidare på Foucault si desentrerte identitetsforståing, men der Foucault plasserer identiteten i *diskursen* sine subjeksposisjonar, plasserer Hall identiteten i *møtepunktet*, eller "saumen" mellom diskursane. På eine sida plasserer diskursane oss som "objekt" i bestemte posisjonar. På den andre sida bidreg dei sjølv-refleksive prosessane til å gjere oss til autonome "subjekt" i sjølvkonstruerte posisjonar. Identitet vert slik forstått som *posisjonar*. Hall omtalar konsekvent diskursane, posisjonane og identitetane i fleirtal, og markerer slik tydeleg at identitet ikkje er tenkt som ein essens av heilheit i personlegdomen, men eit resultat av ei rekke til dels motstridande og temporære, strategiske og posisjonelle val i tilknytingspunktet mellom diskurs og individ. Identitet er dermed *aldri* identiske uttrykk for subjektet, men berre midlertidige og fragmenterte representasjonar og artikulasjonar av subjektet (Hall & Gay, 1996, pp. 5-6). Og nettopp begrepet *artikulasjon* (articulation) står sentralt hos Hall. Foucault tilkjenner subjektet mogleighetene for sjølv-konstruksjon, men i dei fleste tilfelle konkluderar han med at folk stort sett let seg innordne i diskursen utan særleg aktiv motstand eller medverknad. Hall er litt meir positiv på individet sine vegne, og hevdar ein i større grad investerar i subjeksposisjonane og slik inntek ei aktiv rolle i forminga og uttrykkinga av eigen identitet. Det er desse ulike måtane å uttrykke identitet på som Hall omtalar som *artikulasjonar av identitet* (Hall & Gay, 1996, p. 14), og desse artikulasjonane vert altså foretatt ut frå identitetsposisjonar. Begrepet artikulasjon er tett knytta til språket som medium for identitetsdanning, og det er denne grunnleggande *språklege* forståing av identitet som opnar opp for fleksibiliteten i måtane å "uttale", "omtale", "gjenfortelje" og artikulere seg sjølv på. Slik minner Hall si forståing av identitet ganske mykje på den tradisjonelle forståinga av sosiale roller, og måten vi spelar ut ulike sosiale roller i ulike sosiale kontekstar. Identitet er berre noko du spelar ut eller "deklamerar" gjennom språk.

Den amerikanske post-strukturalistiske filosofen og professoren Judith Butler er nok likevel den som har teke Foucault sine tankar lengst i dag. Ho er særleg kjent for sin *queer theory* (skeiv teori), og nyter nærmast ikonstatus innan feminist- og homorørsla. Sentralt i hennar tenking om identitet er begrepet *performance*, og ho beskriv bl.a identitet som "*a performance of fantasy and desire*" (Thomas, 2007, p. 5). Identitetskonstruksjon er med andre ord ei forestilling, eit grenselaust rollespel, der ein person kan forme og velje sin eigen individuelle identitet ut i frå innbiling, fantasi, behov og begjær (Thomas, 2007, p. 35). Butler avviser mellom anna polariteten mellom kjønna og hevdar at biologi og kjønn ikkje er ein lagnad,

men berre sosiale relasjonar mellom konstruerte subjektposisjonar. Kjønn er altså ikkje ein konstant eigenskap, men ein flytande variabel som skifter og endrar seg i ulike kulturelle kontekstar og diskursar. Kjønn er det vi *gjer*, ikkje det vi *er*, meiner Butler, og ho definerer identitet som *stiliserte repetisjonar av handlingar*. Det ho kallar *undergravande handlingar* blir på denne bakgrunnen ein viktig del av ein identitetsfrigjerande strategi. Ved å aktivt bryte med "det normale" kan ein utfordre og endre normene og den to-delte forståinga av kjønn (Kolmannskog, 2005). Denne performativiteten har i følgje Butler kapasitet "*to produce what it names*". Her er vi tilbake til språket si betydning for identitetsuttrykket, og i forhold til kroppen ser ho på den som ein fiksjon som i tråd med Foucault si tenking er diskursivt innskreven, men som både kan omskrivast og omtolkast etter ønske. Kroppen er eit kulturelt produkt, og ho uttrykker det som at "*gender is an act*" (Thomas, 2007, p. 15). Her er ho tilbake til performance-metaforen, og sjølv om Butler har eit hovudfokus på kjønn og kropp uttrykker ho på klarast mogleg måte konsekvensane av den anti-essensielle identitetsforståinga, der flytande identitet ikkje bare er mogleg, men *ønskeleg* (Thomas, 2007, p. 32). Denne radikalt nye forståinga av identitet som i prinsippet *ubegrensa formbar*, fordi diskursane er ubegrensa formbare, har øvd stor innflytelse på den kulturelle utviklinga siste tiåra, ikkje minst innan motebransje, feminist- og homobevegelse (Thomas, 2007, p. 21).

For å samanfatte Foucault og post-strukturalistisk identitetsforståing er det to tankar vi må ha klart for oss: At identitet er betinga i diskursive *posisjonar*, og at identitet er *språklege konstruksjonar* talt ut frå posisjonane. Diskursen tildeler eller tilbyr upersonlege posisjonar som vi meir eller mindre kan velje å innta. Ingen posisjon, ingen identitet! Posisjonane gjev derimot ingen identitet i seg sjølv. Dei er berre "talarstolar" for å kunne uttale, uttrykke, artikulere, forfatte og spele ut seg sjølv gjennom språket, og slik *forsøke* å konstruere samanheng, meining og identitet i og mellom posisjonane. Det er i prinsippet eit umogleg prosjekt sidan både posisjonar, diskursar og språk manglar reell substans og varigheit, og anti-essensialismen endar dermed opp med eit syn på identitet som alltid splitta, foranderleg, fragmentert, desentrert og representert i diskurs. Vår identifisering med ulike subjektposisjonar danner kjeder av likheiter som er rasjonelt organisert i kontrast til noko anna. Likheitene representerer valgfrie moglegheiter, men ingen nødvendigeheiter (Thomas, 2007, p. 25). Identitet er i prinsippet retningslaus, grenselaus, innhaldslaus, meiningslaus, verdilaus og flytande, og er priggitt dei posisjonar, responsar og stadfestingar den får i sin kultur og kontekst. Identitetskonstruksjon er dermed eit ytterst forstand eit individuelt ansvar; skal er posisjonere meg sjølv eller verte "plassert"? Skal eg forme eller la meg forme?

### 3.3.3 Anti-essensiell identitet - konsekvensar og kritiske refleksjonar

For å knytte nokre kommentarar til dette så er det ikkje vanskeleg å vere einig i dei sosiale posisjonane har avgjerande betydning i identitetsdanninga, men å gjere dette til *grunnprinsippet* i identiteten framstår som teknisk, kaldt og overflatisk. Er det faktisk slik at den djupaste erkjenninga av oss sjølv kan reduserast ned til ei plassering i eit sosialt system? Består valmoglegheitene mellom å late seg forme av strukturane eller bryte med strukturane? I forhold til det språket sin plass i identitetskonstruksjonen så er språket noko av det mest fasinerande innan kulturkunnskapen, med si evne til å forme og styre kva vi ser, føler, tenker, gjer, oppfattar, reagerar på, og med si makt til å forme, framstille, forføre, avsløre osv. Det er òg eit interessant og fruktbart perspektiv på identitet. Men er summen av meg eigentleg berre grammatikk, ei samling av substantiv, adjektiv og verb? Det må vere lov å bemerke at det *er* grenser for kva språk kan utrette. Du kan ikkje ”snakke jorda flat”, eller gjere svart til kvitt, og som vi ved hjelp av blant anna ulike faglege innspel skal sjå så går det nokre grenser for kva språket faktisk kan ”produsere” når det kjem til identitet.

Når identiteten i praksis vert så diskurs-avhengig som anti-essensialismen beskriv den får den enkelte fellestrekk med den fastlagte posisjonen. Vi må ta dei posisjonane diskursen tilbyr, berre at ”utvalget” i dag er større enn for det ”før-moderne” mennesket, om ikkje nødvendigvis mindre rigid. Ein vesentlege forskjell er likevel at der den fastlagte posisjonen heldt fram ideal som innordning og loyalitet i forhold til tradisjon, normer og struktur, dyrkar den anti-essensielle identitetstenkinga sjølv-refleksjon og undergravande handlingar som bevist utfordrar maktstrukturar, normer, roller og posisjonar. Der modernismen sitt ”identitetsproblem” i følgje Bauman handla om korleis ein kunne halde identiteten stabil, er ”problemet” i post-modernismen korleis ein kan halde identiteten ustabil (Hall & Gay, 1996, p. 18). Det ligg mykje frigjerande kraft i å stille spørsmål ved det som kan utvikle seg til sosiale, kulturelle og ideologiske ”tvangstrøyer” på bekostning av individuell fridom og ansvar. Ein betenkeleg effekt, ikkje berre frå ein kristeleg ståstad, er derimot når alt av verdiar, tradisjonar og kunnskapar ryk med i same slengen. Ein endar i Butler sin performance-metafor nærmast opp med eit kostymeball utan manus og regi. For når verdiane er borte, og ingen ting eigentleg lenger er verdifullt, så er det heller ikkje lett å skape mål og meining i tilveret.

Ein effekt av den flytande posisjonen på blant anna det moralske området er flytande moral og ansvar. Ansvaret er flytta frå individ til samfunn, og frå etikk til moralske følelsar. Bauman beskriv dette som ”*adiaforisering*”, der handlingar vert flytta vekk frå moralsk og etisk vurdering og reduserast til politiske, strategiske og relasjonelle vurderingar (Hall & Gay, 1996, p. 32). Det er i tillegg eit underleg paradoks, ein ”schisofreni”, i moderne vitenskap som forsterkar denne tendensen, der kultur og natur på mange måtar har bytta plass som årsaksforklaring. Det som tidlegare vart forklart ut frå natur, som f.eks kjønn, forklarast no ut frå kultur, miljø og språk. Aktuelle diskusjonar om feminisme og kjønnsidentitet eksemplifiserar dette. ”Gender is an act” osv. På den andre sida er det som tidlegare vart grunngeve i kultur og religion, som f.eks moral, no forklart ut frå natur og arv. Genetiske forklaringar av utruskap er eit eksempel på dette <sup>2</sup>. Kristent livssyn og erfaring er smerteleg klar over at livet har kompliserte og samansette årsaksforklaringar. Begge desse forklaringsmodellane tenderar derimot mot determinisme og reduksjonisme, der sjølvstendig, individuelt moralsk ansvar er redusert ved at moralen er forutbestemt, adiaforisert og skilt ut frå identiteten. Og dette er kanskje den største innvendinga mot dei radikale anti-essensielle identitetsteoriane, at dei har fjerna seg frå den verdimesige forankringa av identitet!

Det identitetsmessige kulturskiftet har òg forplanta seg over i sjelesorgen og psykiatrien. Tidligere var eksistensielle spørsmål som skuld, synd og nåde mest framtrudande i sjelesorgen, mens no dominerer identitetsproblem knytta til relasjonar og meningen med livet. Innan psykiatrien er klassiske neurotiske plager på retur og erstatta av tilstander prega av identitetsforstyrning og narsissisme. Og for å sette det på spissen: Det er eit paradoks at dei faktorene som ofte vert halde fram som kjenneteikn på god mentalhelse, og som gjev oppleving av tryggleik, meining, integritet osv, i stor grad underminerast av idealet om ein fragmentert, formbar og verdirelativ identitet (Schjøth, 2001, pp. 1-5). Otto Krogseth ved Universitetet i Oslo peiker på den same utfordringa gjennom at han viser til tre hovudkriterier for identitet: *Integrertheitskriteriet*, at noko sørger for at eg heng saman som person, *kontinuitetskriteriet*, at noko sørger for at eg heng saman som person gjennom livsløpet, og *individualitetskriteriet*, at noko sørger for at eg er meg. Men desse kriteria for identitet

*trues av motbegrepene foranderlighet, desintegrerthet og uniformering. Moderniseringsprosessene pluralisering, differensiering og individualisering, ..., truer identiteten med desintegrerende oppsmuldring og fragmentering* (Krogseth, 2001, p. 96)

---

<sup>2</sup> <http://www.forskning.no/artikler/2004/juni/1086694792.94>



Identitetsdanninga er med andre ord under konstant ”angrep”. Gjennom ulike perspektiv, og med henvisning til ulike fagfolk og disiplinær, peiker Krogseth på korleis overdetermineringa av individet og individualiteten fører inn i moralsk relativisme og svekker den individuelle ansvarlegheita overfor kollektivet heller enn styrker den. Den radikale sjølv-ekspresjonistiske identitetskonstruksjonen neglisjerer òg biologisk og kroppsleg sider ved identiteten, og det er i følgje Krogseth nettopp kroppen ”som sikrer et visst minimum av kontinuitet i identitetskonstruksjonene”. Han avviser kameleon-forestillinga om identitet som berre refleksjonar av og tilpassingar til sosiale kontekstar, og siterer antropologen Cohen på at individet ikkje berre er ”a basket of social roles”. Identiteten har ein unik essens forma av individuelle erfaringar, familiar historie og relasjonar, intellektuell utvikling og personlege val og responsar. Det gjev sjølv et aktiv og refleksiv funksjon som går langt utover sosiale roller og performances, og som i følgje psykologen Turner faktisk gjer at ”people are not just miniature reproductions of their societies”. (Krogseth, 2001, pp. 100-102).

Tilsvarande kritikk av det anti-essensielle identitetsbegrepet kjem òg frå Annick Prieur, professor ved Aalborg Universitet, som i artikkelen ”Frihet til å forme seg selv?” viser korleis kropp, alder, kjønn, sosial klasse, og endå til namn legg føringar og sett grenser for både enkeltindivid og grupper sine moglegheiter for identitetsutforming. Og ”kroppslige distinksjoner er noe av det minst formbare ved oss” seier ho. Ho stiller særleg spørsmålsteikn ved Butler si tenking om kroppens plass i identitetskonstruksjonen, og der Butler ser ”frihetsgradene i forhold til et gitt kroppslig utgangspunkt, ser jeg også de grensene kroppen faktisk setter, hvor frihetsgradene begynner å bli helbredsskadelige”. Ho meiner dette medfører eit skilje, nærmast ein dualisme, mellom kropp og individ, og tilslører dei tette samanfiltringane som er mellom det kroppslege, det individuelle, det sosial og samfunnsmessige. Det er ”samfunnet som gjør individet mulig”, og å lausrive individ og identitet frå desse rammene skaper heller usunne motsetningar enn sunne rammevilkår for identitetsdanning. Ho kritiserer i tillegg desse identitetsteoriane for å ha vorte utvikla utan grunnlag, og til dels med stor avstand til empiriske studier om danning av identitet, og beskriv dei som ”teoretiske teorier” meir enn forskingsbasert kunnskap (Prieur, 2002, pp. 10-11). Den anti-essensielle identitetsforståinga gjev ut frå dette inntrykk av å vere meir *identitetsideologiar* enn identitetsteoriar, og bidreg i stor grad til å skape sine egne diskursar.

### 3.3.4 Oppsummering anti-essensiell identitetsteori

For å oppsummere så langt må ein berømme dei kultursosiologiske identitetsteoriane for å ha gjeve oss mange gode begrep og reiskaper for å beskrive og analysere korleis identitet kan observerast og uttrykkast. Men vi har samtidig i det foregåande forsøkt å vise gjennom fagleg og kritisk refleksjon at det manglar ei grunnleggande bredde og djupne i forståinga av kva identitet *er* og på kva premissar den *vert til*. Vi kan beskrive identitet som posisjonar, performance, artikulasjonar osv, og det uttrykker noko sant og vesentleg om korleis identitet fungerer og kjem til uttrykk, men det *er* ikkje identitet, og det *forklarar* ikkje korleis identitet vert til. Vi kan beskrive soloppgang som at sola står opp, og det gjev ei god beskriving av det vi kan sjå og observere, men det *er* ikkje det som skjer, og det *forklarer* ikkje korleis soloppgang eigentleg foregår. Dei anti-essensielle identitetsteoriane har difor med rette vorte kritisert for å vere overflatiske og tilsynelatande basere seg meir på ytre observasjonar enn djuparegåande analyser. For å seie det med ei flåsete samanlikning: Det er vanskeleg å få ei god forståing av hjerteinfarkt berre ved å observere ytre reaksjonar. Identitet vert etter mi forståing nærmast forveksla med sosiale roller. Roller kan vi hoppe inn og ut av, om enn ikkje alltid like elegant og problemfritt, men noko av oss vil jo henge ved frå rolle til rolle. Om ein kameleon skifter farger og utsjånad etter omgjevnader og bakgrunn så er det jo fortsatt ein kameleon! Men vi skal ikkje ta opp att alle innvendingar og betenkingar omkring dei anti-essensielle identitetsteoriane. I forhold til første forskingsspørsmål har vi likevel kome så langt at vi ikkje overraskande konstaterar vesentlege skilnader på anti-essensiell og kristen identitetstenking. I det følgjande skal vi for å besvare dette spørsmålet endå betre konkretisere kva desse skilja består i, og kva perspektiv og innspel kristen tru, verdsbilete og menneskesyn kan tilføre den faglege refleksjonen rundt identitetsbegrepet.

### 3.4 Identitetsforståing i kristent perspektiv

Det er viktig å understreke at det ikkje finst ei ”kristen identitetsforståing”, eller ein spesifikk ”kristen identitet”. Menneske med eit kristent livssyn er ikkje nemneverdig forskjellige frå andre når det gjeld mekanismar og faktorar som påverkar og former identitet. All den tid kristendomen òg tek mål av seg å vere ein universell religion må ei forståing av identitet i eit kristent perspektiv framstå som allmenn og gjenkjenneleg i ulike kulturar, til ulike tider og under skiftande forhold. Den forståinga av identitetsbegrepet som eg jobbar meg fram mot i denne oppgåva hentar *perspektiv* frå kristen tenking, men må ha rot i allmenn erfaring, ha teoretisk og forskingsbasert støtte, og i tillegg *samsvare* med eit bibelsk og kristeleg verdbilete, menneskesyn og etikk. Det svarer for så vidt òg på forskingsspørsmålet om det er relevant å snakke om ein ”kristen identitetsteori”. Svaret på det er for så vidt ”nei”, men ein allmenn og akseptabel identitetsteori må ta høgde for og ta på alvor den meta-fysiske trusdimensjonen som kristen tru brygger på. I utviklinga av denne drøftinga vil eg særleg trekke fram tankar og moment frå Leif Gunnar Engedal og Dick Keyes som kombinerar desse perspektiva på ein relevant måte for oss. Engedal talar om ulike grunnmønster for identitetsdanning, ikkje nødvendigvis knytta til spesifikk kristen tenking, og Keyes peiker på prinsipp og faktorar i bibelsk tenking med identitetsformande funksjonar. Men før dette må vi klargjere tre grunnleggande prinsipp som stort sett alle kan einast om, uansett oppfatning om identitet, og deretter sjå kva ”den gamle boka” kan bidra med inn mot moderne tenking om identitet.

#### 3.4.1 Grunnprinsipp for kristen identitetstenking

For det første er identitetsutvikling ein *livslang* prosess, og er ikkje avslutta etter pubertet eller endt utdanning. Av dette følger det andre; at identitetsutvikling er ein *dynamisk* prosess, utan fastlagte strukturar, men der strukturane vert forma og prega av livets gang og kulturell påverknad. Det tredje er at desse identitetsutviklande prosessane foregår på *tre nivå*; Eit makronivå som knytter oss til menneskeheten, eit mesonivå som knytter oss til kulturen, og eit micronivå som gjer meg til nettopp meg (Engedal, 1999, p. 19). Men korleis skal ein forstå prosessane i forlenginga av dette: Er identitet berre tidstypiske uttrykk for historiske, sosiale, kulturelle og ideologiske diskursar, eller har identitet noko form for universell, tidlaus og verdimeisig forankring og substans? Anti-essensialismen vil stå sterkt på det første, men ein

treng ikkje forfekte eit kristeleg eller religiøst livssyn for å halle i retning av det siste. Vektige namn som Freud med sin driftsteori, Jung med sine arketypar, Erikson med si tolking av personleg identitet og Kohut med sine analyser av sjølvet peiker alle i retning av at menneskelivet kjenneteiknast av relativt bestemte og heilheitlege strukturar som gjev mennesket eit element av essens (Engedal, 1999, pp. 7-8).

### 3.4.2 Kristen tru vs anti-essensialisme

Kva kan så eit kristent livssyn bidra med i møte med ulike antroposentriske og kulturrelativ perspektiv og analyser av identitetsdanning innan postmoderne samfunns- og humanvitskap? To ting: Konstruktiv kritikk og konstruktiv stadfesting. Eit kvalifisert kristent tolkingperspektiv *må* reise djuptgåande kritiske spørsmål til ei sekulær og humanistisk identitetsfortolking. Dette kan for eksempel konkretiserast i relasjon til *skapertru* og forståinga av *synda* sin realitet, som former fundamentale premisser for tolkinga av mennesket sine livsvilkår og rammer for identitetsdanning. Skapartrua framhever mennesket si avhengigheit av Gud som livets kjelde, og at mennesket som skapt i "Guds bilete" har sin djupaste identitet i Gud. Syndsforståinga understrekar på den andre sida at mennesket sitt grunnleggande problem ikkje er ein fragmentert og splitta identitet, men eit forvrengt gudsforhold. Dette bryt radikalt med ei sekulær-humanistisk livstolking som har tømt menneskeverda for gudsnærvær, og langt på veg tyder eksistensen som "et lukket, selvregulerende og determinert samspill av biologiske krefter, sosiale prosesser og personlige valg" (Engedal, 1995, p. 8). Det seier seg sjølv at identitetsteoriar utarbeida med ein slik basis vanskeleg kan harmoniserast med ei bibelsk livstolking, men framkallar behov for kritisk prøving og konfrontasjon.

Ein bibelsk fundert antropologi kan på den andre sida positivt stadfeste mange grunnleggande element i den rådande identitetstenking, og har vidare potensiale for å kunne yte bidrag til ei utvida og utdjupa forståing. Dette gjeld eksistensielle utfordringar i enkeltmenneske sitt arbeid med å utvikle en bærekraftig identitet, men òg det teoretiske arbeidet med å utforme varige tolkingar av den identitetsskapande prosessen. Engedal gjev to eksempel på slike bidrag. Først forståinga av *tillit*, utifrå at tillit er ein grunnleggande identitetsformande faktor. Korleis skapast tillit, og endå viktigare; korleis kan tillit djupast sett grunnjevast? Fleire forskarar har vist at desse spørsmålet i siste omgong reiser problemstillingar av *grenseoverskridande* karakter og *religiøse* dimensjonar. Erikson talar om ein transpersonal

relasjon retta mot ”*the Ultimate Other*” som den fundamentale identitetserfaringa. I kristeleg perspektiv vert då Jesus Kristus som sann Gud og sant menneske eit identitetsstadfestande møte mellom Skapar og skapning. Dette gjev tillit som identitetsutviklande faktor ei transempirisk forankring, grunngeving, tolking og førebilete. For det andre omfattar ei kristen livstydning dimensjonar som gjer det mogleg å møte og fasthalde kompleksiteten, spenningane og motseiingane i livserfaringane våre. Kristendommen si tale om sanning, nåde og håp gjev innspel til ei realitetsorientert identitetsutvikling, samtidig som den frigjer frå eit prestasjonsbasert sjølvbilete, i fortid, notid og framtid (Engedal, 1995, pp. 9-10). Med desse prinsippa for kristen identitetstenking i botnen skal vi no sjå nærmare på konkrete faktorar som kristen identitetsdanning bør ha med i betraktningen.

### 3.4.3 Mønster for identitetsdanning

Engedal teiknar ut frå prinsippa over opp tre perspektiv som han meiner danner grunnstrukturane for identitetsdanninga. Desse perspektiva er som sagt ikkje spesifikt forankra i kristen tenking, og han bygger mykje på Erik Erikson sine teoriar, men dei skaper likevel ein front mot forståinga om at identitetskonstruksjon *berre* er ”fri flyt”. Sjølv om han klart erkjenner dei livslange og dynamiske prosessane i identitetsutviklinga er hovudpoenget til Engedal at det ligg nokre mønster og rammer i botnen som vi ikkje kan frigjere oss frå. Det første mønsteret han peiker på er *det relasjonelle grunnmønster*. Betydinga av fellesskap og samfunn er anerkjent av alle, men Engedal sitt poeng er at relasjonar ikkje kan velgast vekk! Dei kan ha mange former, meir og mindre tilfredsstillande og byggande, men vi kan aldri frigjere oss frå dei. Vi vil alltid måtte forholde oss til andre menneske, på eit intimt og personleg plan i forhold til nære omsorgspersonar, og på meir distanserte tillitsplan i møte med menneske i ulike sosial sirkular. Til saman skaper dette ei form for erfaring av å bli sett og verdsett, og gjev nødvendig personleg, psykologisk og kulturell ballast til å overleve i eit samfunn. Relasjonar kan vere destruktive, dei kan verte brotne, omsorgspersonar dør osv, men det vil likevel alltid vere der og legge spor, rammer og betingelsar for vårt livsløp og utvikling. Vi kan distansere oss på mange vis; det vil uansett alltid ligge der som føringar i livshistoria vår. Slik danner relasjonane mønster i eit kvart menneskes liv, og forankrar oss i biologi, historie, samfunn og kultur (Engedal, 1999, p. 18). Denne utviklinga er i den psykologiske utviklinga særleg knytta til dei første leveåra, og til familie og nær-relasjonar.

Uansett tilfører det identiteten ei form for "essens", ei viss form for substans og fastheit, sjølv om den er ganske så forskjellig frå person til person. Men mønsteret vil vere der hos alle. Engedal hevdar òg at dette er meir enn bare felles erfaringar i måten identitet konstruerast på, men at det er reelle element av vår identitet

Det andre perspektivet er *det livstydande grunnmønsteret* som utviklast særleg gjennom ungdomsåra. Her utvidast den sosial sirkelen gradvis til å inkludere storfamilie, vener, nabolag, skule, organisasjons- og aktivitetsliv osv. "Livstydande grunnmønster" sikter her til dei ideologiske og livssynsmessige tradisjonar som former, styrer og regulerer liv og samhandling i desse fellesskapa. Igjen må ein understreke at innhaldet i desse mønstera kan og vil variere stort, men *behovet* for at dette mønsteret er der er allment opplevd og erfart. Dette grunnmønsteret oppfyller tre funksjonar, som kvar for seg og til saman er avgjerande bidrag i identitetsforminga. Først dannar det ei ramme for meiningsskaping, og eit mønster for *samanheng* og tolking i tilveret, ofte omtalt som verdsbilete. Deretter skapar det etisk forplikting på gruppa sine normer, og gjev identitetsutviklinga ei *retning*. Til slutt gjev det sosial *tilhøyrse*, gruppeidentitet, og eit fellesskap å identifisere seg med og søke til (Engedal, 1999, p. 19). Eit anti-essensielt perspektiv på identitet vil kunne observere at det "post-moderne mennesket" no kan forme identitet utan desse rettesnorene. Men er det eit ideal vi bør tilrå og etterstreve? Eit kritisk perspektiv med ei klarare normativ forankring vil ikkje berre observere korleis identitetskonstruksjon *kan* foregå, men vil òg seie noko om korleis sunn identitetsbygging *bør* foregå. Erfaring frå psykologien siste tiåra viser ein auke i psykiske lidingar med grunnlag på ulikt vis og i ulik grad i identitetsforvirring (Schjøth, 2001, p. 1). Det stadfestar i opposisjon til radikal anti-essensialisme det livstydande, meiningsskapande og retningsgivande perspektivet på identitet som ikkje bare ein moglegheit, men ei nødvendighet.

Gjennom voksenlivet fortsett prosessen i det Engedal kallar *det eksistensielle grunnmønster*. Her vert ein i dei fleste tilfelle stilt overfor tre hovedtypar av utfordringar. Den første er knytta til den seksuell utvikling og intimiteten i det personlege samlivet, den andre til det produktive samfunnslivet gjennom utdanning og arbeid, og det tredje til utviklinga av kreative og kulturelle preferansar og uttrykk innan kunst, litteratur, musikk osv. Det eksistensielle perspektivet i dette grunnmønsteret handlar om å sjå livet sitt i eit perspektiv som er større enn seg sjølv og sin eigen kultur. Kva er mitt arbeid verdt utover å skaffe mat på bordet til min familie og auke bruttonasjonalprodukt? Kor er min plass i univers og historie? Dette som

Erikson kallar *generativitet*, at identitet ikkje bare må forståast ut frå livsløpet til enkeltindividet, men må sjåast i lys av generasjonsforløpet, opnar store *verdimessige og etiske perspektiv* over identitetskonstruksjonen. Kva skal vi ta med oss av tidlegare generasjonar sine tradisjonar? Kva verdiar ønsker vi å vidareformidle til våre barn? Korleis skal vi bruke våre ressursar? Eit snevert syn på identitetsdanning som ”min eigen sak” leier inn i narsissisme, materialisme og egoisme. Ein kan gjerne hevde at vi som moderne og frigjorte menneske står fritt til å ta våre egne val, og det kan vi for så vidt gjere, men det er mange som eventuelt må bere konsekvensane av dei vala vi gjer. Dette etiske og eksistensielle grunnmønsteret må ligge i botnen for ei bærekraftig utvikling av individuell og kollektiv identitet, og samsvarer med det forvaltaransvaret for skaparverket som mennesket i følge teologien vart tildelt ved skapinga (Engedal, 1999, p. 20).

Ei bibelsk tilnærming til identitetsproblematikken vil dermed hevde at den anti-essensielle identitetsoppfatninga manglar ei djupare forståing av identiteten sin altomfattande karakter. Ein skifter ikkje identitet som ein skifter skjorter. Til det er mønstera og bindingane for mange og for sterke. Og om ein skulle vere i stand til slike skifter så grensar det nærmare til psykiske lidingar som schizofreni enn eit ideal for sunn utvikling. Vektlegginga av den *verdibaserte* identitetsdanninga må difor tillegkast avgjerande viktigheit, men vi skal i det vidare sjå om Bibelen har fleire innspel i den teoretiske tenkinga rundt identitet.

#### **3.4.4 Bibelske prinsipp for identitetsdanning – skapt i Guds bilete**

I boka ”Beyond Identity” forstår Dick Keyes identitet som den integrering og samanheng vi kan skape mellom dei ulike, skiftande og motstridande fragmenta og bileta vi har av oss sjølv. Sann og positiv identitet har difor to sider; ein indre *samanheng* og mening i det vi kallar sjølvvet, og ei forståing og aksept av at dette sjølvvet har ein *verdi*. Samanhengen mellom dei to viser seg f.eks i at manglande samanheng, mening og integrering som regel fører til urealistiske eller nedvurderande tankar og følelsar om seg sjølv (Keyes, 2003, p. 4). Bibelen tek sjølvsgt ikkje opp identitetsbegrepet direkte, men ut i frå perspektivet på identitet som *identifikasjon* løfter Keyes fram *tre prinsipp* som må ligge til grunn for bibelsk tenking om identitet, og *fire faktorar* i den bibelske undervisninga som seier noko om kva som påvirker og former vår identitet. Dei tre prinsippa som må ligge til grunn for bibelsk fundert tenking om identitet er Gud som Skapar, syndefallet sin realitet, og Gud som frelsar og gjenopprettar.

Betydningen av Gud som skapar vil vi ta for oss her, mens syndefallet sine konsekvensar for identitetsdanninga, og Bibelen si løysing på problemet knytta til frelse og gjenoppbygging vil bli tatt opp meir konkret i samanheng med dei fire faktorane for identitetsforming moral, modellar, meistring og kjærleik.

Den frimodige kristne påstanden er at mennesket er skapt som Guds "motspelar", og er tett knytta til forståinga av begrepet "skapt i Guds bilete" (1.Mos 1,27). Denne gudbiletleglikheita er både *ontologisk* og *moralisk*, men uavhengig av prestasjonar. Den *ontologisk* likheita er ikkje spesifisert, men gjeld oss som heile menneske. Den er ikkje knytta til spesielle trekk, eigenskapar eller lokalisering i oss, men er det i oss som skil oss frå dyr. Det kan vere evner til sjølv-refleksjon, kreativitet, moral og rasjonalitet, og er kort sagt det som gjev oss ei oppleving av oss sjølv (Keyes, 2003, pp. 32-34). Denne erfaringa av "eg er" kviler i kristen forstand på erkjenninga av den Gud som presenterer seg for Moses som "Eg Er Den Eg Er" (2.Mos 3,14). Han treng ingen ytre identifikasjon, kjelde eller grunngeving, men har tilstrekkeleg og fullkomen identitet i seg sjølv, i sterk kontrast til mennesket si avhengigheit i forhold til individ, samfunn, kultur og natur. Ei bibelsk forståing av identitet er difor at vår identitet er *utleia* frå Guds identitet, og at Gud som livgjevar og skapar ikkje berre gjev oss identitet i dette livet, men ein identitet som òg overlever døden (Keyes, 2003, p. 76). Gudbiletleglikheita og identiteten er slik ikkje ein prestasjon, men ein *relasjon*, og kan ikkje viskast vekk fordi den er forankra og grunngeven utanfor oss sjølv; i "Eg Er".

Den *moralisk* likheit ligg i bibelsk forstand i at alt var perfekt frå begynninga, og at mennesket difor vart sett til å forvalte verda. Vi skulle reflektere Guds karakter og aktivitet i verda, og utøve våre skapande og kreative evner som eit spegelbilete av Guds skapande og kreative aktivitet. Den moralske likheita er tett knytta opp mot det ein ofte omtalar som kulturoppdraget; "Ver fruktbare og bli mange, fyll jorda og legg den under dykk" (1.Mos 1,28). Vi er ikkje i denne verda utan mål og hensikt, men er satt til å gjere Guds gjerning i verda, noko som ikkje minst gjev eit tydeleg innhald, grunngeving og retning for vår eksistens og identitet (Keyes, 2003, pp. 34-35). Syndefallet kom derimot og medførte ei dramatisk brot og endring i mennesket si orientering. Først og fremst medførte det eit brot i det harmoniske tillitsforholdet overfor Gud. Deretter medførte det eit brot i forhold til Guds bod, moral og verdiar, og i neste omgang eit brot i forhold til medmenneska og verden. Der orienteringa tidlegare gjekk i retning skaparen var no orienteringa i retning det skapte. Ikkje bare som ope opprør, men ofte ved i praksis gjere Gud irrelevant i våre liv. Liding og død



kom som ein konsekvens og retta eit hardt slag mot identiteten vår. Vi gjekk frå posisjonen å herske over verden til no å vere underlagt verden. Men trass i at syndefallet medførte eit fall i verdigheit, held Bibelen samtidig ufråvikeleg fast i erkjenninga av at syndefallet ikkje medførte fall i vår verdi. Men kva konsekvensar fekk det for identiteten vår?

### **3.4.5 Faktorar med identitetsformande funksjon**

Vi skal i det vidare sjå nærmare på dei fire faktorane for identitetsdanning som Keyes teiknar opp ut i frå Bibelen. Vi skal òg ta for oss nokre av konsekvensane syndefallet har medført på forminga av vår identitet, samt nokre av løysingane Bibelen antydar på problema. Vi kan sjølvstundt ikkje forutsette at alle deler dei trusmessige betingelsane og aspekta i dei bibelske resonnementa, men håpet er likevel at det kan forklare og tydeleggjere premissane i den kristelege refleksjonen om identitet og identitetskonstruksjon. Kanskje kan det òg yte nokre supplerande, utvida og alternative perspektiv på eksisterande teoriar. Samtidig vil fleire av synspunkta og observasjonane samsvare med allmenn kunnskap og tenking om identitet og personlegheitsutvikling, sjølv om oppfatning av årsakssamanheng, omfang og verknad vil variere.

#### **3.4.5.1 Moral og skuld**

Moral og verdier (morals) er den første av desse faktorane. Verdier gjev mening, hensikt og retning for liv, haldning og handling, og fortel oss at noko er meir verdifullt enn noko anna. Det er noko som er verdt å leve for, kanskje dø for, og som endå til har verdi over og utover vårt eige liv. Verdiane påvirkar livet i betydeleg grad, blant anna i den forstand at verdiane gjev verdi til oss sjølv! Måten vi forhold oss til verdiane på, og korleis vi forhold oss når vi sviktar våre verdier, påverkar vår identitet, forståelse og følelse i forhold til kven vi er, kva vi er, kvifor vi er osv. Ei heilheitleg og samanhengande verdiforankring vil styrke opplevinga av identitet, mens utydelege og motstridande verdier vil bidra til opplevinga av identitet som splitta og fragmentert (Keyes, 2003, pp. 5-6).

Syndefallet sine identitetsmessige konsekvensar på det moralske og verdimesse området er først og fremst at mennesket har fått eit problem med skuld. Erfaringa med skuld er ei allmenn utfordring på tvers av livssyn og filosofisk ståstad, men kva gjer vi med desse

erfaringane? Trendar innan moderne psykologi og filosofi forsøker å avvise heile problemstillinga ved å hevde at reell personleg skuld er umogleg sidan det ikkje finst absolutte moralske standarar, og fordi menneskets handlingar er styrt og bestemt av andre faktorar enn personlege val. Dette samsvarer blant anna med Bauman sine observasjonar om adiaforisering, men ei slik oppfatning er i beste fall basert på eit reduksjonistisk menneskesyn, der individet ikkje lenger er ansvarleg for eige liv, men vert eit viljelaust offer for eksterne påverknadskrefter (Keyes, 2003, p. 42). Det er alltid nokon andre å skulde på som foreldre, samfunn, gener, dårleg karma, stress eller augneblinkens innskyting. Bibelen tek på alvor dei kreftene som forsøker å overta kontrollen i våre liv, både gjennom den andelegje dimensjonen, og ikkje minst gjennom menneskeskapte bod og ordningar som held folk nede i falsk skuld og ufriheit. Men ei realistisk og bibelsk tale om identitet må i syndefallets verden ha med skuld-perspektivet. Ikkje som diffus moraliserande og disiplinerande anklage overfor menneskeskapte historiske og kulturelle normer, men sann og reell skuld overfor den Gud som i si tid skapte oss. Psykoterapien kan seie oss mykje om konsekvensar for identiteten vår ved å leve i konflikt med eigne verdiar, i flukt frå oss sjølv, og utan vilje til å ta på alvor feilsteg og tilkorkomingar overfor oss sjølv og våre medmenneske. Det kan nok tildels skjule synda og skulda, men ikkje utan kostnader for vår identitet då det hindrar eit sant og realistisk bilete av oss sjølve. Den gamle, bibelske formaninga om ”å prøve seg sjølv” er slik sett eit grunnleggande prinsipp for å kome til rette med sine verdiar, si skuld, og sin identitet, og føyer seg inn som ein del av det livstydande grunnmønster som bør vere i eit menneske sitt liv. Dette kan òg samsvare med den sjølv-refleksiviteten som blant andre Foucault peiker på som ei forutsetjing for å frigjere seg frå ein-sidig diskursiv forming.

*Erkjenning* av skuld løyser derimot ikkje *problemet* med skuld, og Guds løysing på vårt moralske problem er uforbeholden tilgjeving av skuld. Men Guds løysing går langt utover berre ufortent utsletting av synd, men tilbyr i tillegg eit gjenoppretta forhold til Skaparen. I eit identitetsperspektiv har dette stor betydning som stabilitet og fast punkt uavhengig av eigne prestasjonar, men basert på Guds kjærleik åleine. Det gjev vissheit og erkjenning av at eg har synda, og at eg er skuldig, men at synda og skulda kan fjernast og ikkje lenger har definisjonsmakta over livet og identiteten min (Keyes, 2003, p. 80).

### 3.4.5.2 *Modellar og skam*

Modelar, førebilete og ”heltar” (models) er den andre faktoren Keyes trekker fram. Poenget er at vi ikkje bare tenker i prinsipp og verdiar, men i bilete, forteljingar, personar, draumar, forstillingar og aspirasjonar. Ulike personar og idear, verkelege eller imaginære, formar og påverkar liva våre. Men kven er desse førebileta, desse ”significant others”? Korleis forhold vi oss til dei, og kva gjer vi når vi kjem til kort i forhold til standaren dei sett for oss? Og ikkje minst, kor står modellane i forhold til våre moralske verdiar? Påverknaden dette har på identiteten vår, opplevinga og følelsen av kven vi er og kor vi høyrer til er velkjent. Tydelege modellar som praktiserer, konkretiserar og støtter opp om våre moralske verdiar bidreg til opplevinga av heilheit, samanheng og mening (Keyes, 2003, p. 7). Utfordringa vert derimot større om førebileta kjem på kollisjonskurs med verdiane våre, ei ikkje ukjent problemstilling i vår tid. Som Keyes uttrykker det; når vi hentar moralen vår frå Bergpreika og modellane våre frå Beverly Hills så må det nødvendigvis bli konflikt, ei konflikt som dreg oss i ulike retningar og underminerar integritet og identitet (Keyes, 2003, p. 58).

1. Mosebok 3 viser at oppleving av skam er ein av dei første konsekvensane mennesket erfarte etter syndefallet. Skuld og skam kan henge saman ved at ein føler skam for brot på moralske verdiar. Skuld og skam kan òg virke uavhengig av kvarandre ved at ein føler skam for ikkje-moralske forhold, som f.eks utsjånad. Men skuld og skam kan òg virke *mot* kvarandre ved at ein f.eks føler skam for å stå fram med sine moralske verdiar. Poenget er at skam følger eit anna ”målesystem” der standaren ikkje er moralske verdiar, men modellane, førebileta og ideala vi identifiserar oss med. ”Modell-verda” vår er ofte meir skjult, og er ikkje alltid knytta til reelle personar, men er det vi drøymmer om å vere og bli. Ofte er modellane urealistiske for etterleving i det verkelege livet, og ofte går dei på tvers av våre moralske verdiar. Dei kan utvikle seg til stereotypiar som låser oss i mønster vi ikkje vågar å bryte pga frykt for skam, gjerne knytta til posisjonar, kjønnsroller, bakgrunn, kulturell kapital, tap av namn, rykte, sosial status osv. Skam rokkar ved tilliten til oss sjølv, og dermed vår grunnleggande oppleving av identitet, integritet og sjølv-aksept (Keyes, 2003, pp. 51-56). Vi er ikkje den vi trudde vi var, ikkje den vi ønskjer at folk skal tru vi er, eller ikkje den vi ville vere, og slik definerar og vurderar vi oss sjølv ut frå våre modellar og ideal på godt og vondt.

I ei kristen reøyndomsoppfatning presenterer derimot evangeliet ei løysing, og Guds løysing på skam-problemet er ein radikal og uforbeholden *aksept* av mennesket uavhengig av, og i

stor grad på tross av, kvalitetar i egne og andres auge. Guds aksept strekker seg som nemnt langt utover tilgjeving for synd, og tilbyr ein personleg, intim og fortruleg far-barn relasjonen som ikkje let seg påverke ut i frå kva eg gjer, kven eg er, kva eg føler eller kva andre tenker om meg. Denne far-barn relasjonen stadfestar oss ikkje bare som ein filosofisk ide eller universelt prinsipp, men er ei stadfesting og aksept av kvar enkelt på eit individuelt og personleg plan, og er på mange måtar den konstituerande faktoren i kristen identitetstenking (Keyes, 2003, p. 81), og er ikkje minst ein betydeleg faktor i det relasjonelle grunnmønsteret. ”Eg er” ikkje fordi eg tenker, føler, artikulerar, handlar, produserer eller posisjonerar meg, men fordi livet er i hendene på ”han som er den han er”, også når tankane, følelsane, handlingane og produksjonsevnene sviktar. Slik kan ein møte livet og framtida med løfta hovud uansett fortid, fall og feil.

### **3.4.5.3 Meistring og maktesløyse**

Den tredje faktoren er det ein med ulike begrep kan kalle meistring, råderett, herredømme og ansvar (dominion). Mennesket er skapt til, og avhengig av, å ha eit eigedomsforhold til, og herredømme over eit eller anna område i livet og tilveret sitt. Det kan vere i vid forstand som oppleving av ansvar og meistring av eige liv, eller knytta til spesifikke ferdigheiter og kunnskapar innan faglege, kulturelle eller sosiale felt, språket inkludert. Med kulturoppdraget som gav oss råderett over verden kom òg ansvaret, og ansvar er på mange måtar menneskets adelsmerke. Ansvar signaliserer at vi er gitt evner, og at det er både forventning og tillit til at vi er dette ansvaret verdig. Meistring av dette ansvaret gjev oppleving av meining, verdi og sjølvkjensle, samtidig som manglande meistring har tilsvarende negative konsekvensar for sjølvbiletet vårt (Keyes, 2003, p. 7). Livet viser dessverre at meistring i seg sjølv ikkje er nok, og eit dystert eksempel på det er f.eks sjølvmord blant einarar innan sine felt, som forretningsliv, kulturliv og idrett.

Den endra orienteringa og retninga som syndefallet medførte gav eit tap av herredømme og meistring over naturen og eige liv. Vi gjekk frå å søke det som er større enn oss og over oss, vår Skapar, til å søke det som er mindre enn oss og under oss, det skapte. ”*Dominion has in part been transformed to domination*” (Keyes, 2003, p. 60). Vi som var skapt til kreativ og positiv meistring, råderett og herredømme over våre omgjevnader har no blitt underlagt krefter vi ikkje kan kontrollere i natur, kultur, følelsar, lyster, press, tilfeldigheter,

forventningar, makt, overgrep, hat og sinne. Ein treng ikkje mastergrad for å ane følgane dette har på vår oppleving av identitet, eller mangel på identitet. Mange erfarer å stå i ein dagleg kamp for ikkje å bli viljelause offer for stimuli – respons, der ytre krefter styrer liv og val utan indre retning og medverknad frå oss sjølv. Makteslause vert vi ståande som tilskodarar på sida av oss sjølv.

Den moderne-romantiske løysinga på problemet er å følgje sine eigne følelsar og lyster, å realisere seg sjølv. Butlers ”undergravande handlingar” har eit element av dette i seg. Erfaringa mange gjer er derimot at det i endå større grad fører i retning av sjølvutsletting, at ein vert prisgitt omgjevnadane, at det reduserer oss som menneske, og slik bidreg til ytterlegare fragmentering av identiteten vår (Keyes, 2003, pp. 61-66). Kva kan så kristen tru tilby i dette kaoset? Guds løysing på tapet av meistring og herredømme er at ”Gud er den som dømer” (1.Kor 4,3-4) Eg står ikkje først og fremst ansvarleg overfor andre menneske, og til slutt er det ikkje ein gong avgjerande kva dom eg måtte felle over meg sjølv. Til sjuande og sist er det Guds vurdering som vert ståande som ”teljande karakter”. Mange finn denne tanken ubehagleg, men her må vi ha med oss tanken om at dette er den same Gud som elsker og aksepterer meg uavhengig om det er noko i meg som eg eller andre finn verdt å elske og akseptere (Keyes, 2003, p. 86). Denne tryggheta i at dommen er i Guds hender er ei frigjerande kraft som løyser frå menneskefrykt, bekymring, sjølvhevdning, falskt sjølvbilet, dårleg sjølvtilit og usunn samanlikning. Den legg eit solid fundament for sjølv-aksept til å ta ansvar for eige liv, og dette gjer meistring, råderett, herredøme og ansvar til vesentlege delar av det eksistensielle grunnmønsteret.

#### **3.4.5.4 Kjærleik og brotne relasjonar**

Kjærleik (love) er den fjerde faktoren, her forstått som evna til både å gje og motta kjærleik gjennom meir og mindre intime og personlege relasjonar. I samsvar med det psykologien lærer oss får gode relasjonar oss til å vokse som menneske, mens mangelfulle evner til å elske, eller la seg verte elska gjer oss mindre. Den bibelske ideen om å elske sin neste som seg sjølv er difor ikkje berre eit etisk bod, men kan sjåast på som eit prinsipp for sunn identitetskonstruksjon (Keyes, 2003, p. 7).

Syndefallets konsekvensar for kjærleiken og relasjonane våre er eit uunngåeleg resultat av fallet på dei andre områda, og med den kunnskapen vi har om relasjonane si betyding og påverknad på psykologisk og sosial utvikling er det liten tvil om effekten og konsekvensane dette har for vår identitetskonstruksjon. Våre dårleg moralske val, usunne rollemoellar og oppleving av mangelfull meistring rammar *alltid* direkte og indirekte andre menneske, særleg dei i våre nærmaste relasjonar, og skaper sår i både eigen og andres identitet. Den vanlege løysinga i vår tid ser ut til å vere at ein velger *mindre* forpliktande kjærleik og relasjonar. Dette hindrar derimot den intimitet og tryggleik i relasjonane som vi er skapt for, og fører til at ein styrer unna dei konfrontasjonane og oppgjera som nære, varige og forpliktande relasjonar krev. Uforpliktande og overflatiske relasjonar med andre forplantar seg over i eit uforpliktande og overflatisk forhold til oss sjølv, våre verdiar, moellar og meistringsområde. Syndefallet medførte dermed eit brot med det fundamentale livsprinsippet vi er skapt til, den personlege relasjonen med Skaparen, vår neste og oss sjølv (Keyes, 2003, pp. 69-72), med djuptgripande konsekvensar på alle livsområde.

Guds svar på kjærleiks-problemet er kort og godt: Gud er kjærleik! Kjærleiken er frå Gud, og vi skal elske kvarandre slik som han har elska oss (1.Joh 4,7-8). Den frigjerande bodskapen i dette er at kjærleiken ikkje er grunnlagt i oss sjølv, eller åleine avhengig av våre evner til å elske. Den har si kjelde i han som elska først, og i tillegg framstiller han seg sjølv som modell for korleis vi skal elske kvarandre og bygge våre relasjonar; gjennom frigjerande sanning, ufortent tilgjeving, uforbeholden aksept og livslang forplikting. Problema oppstår når vi søker dette i oss sjølv, men det fører oss bare inn i sjølvsentrert og sjølvmedlidande ”psykoanalyse” av oss sjølv. ”*Self-centeredness is not self-discovery*”, i følgje John Fitch, og understrekar det bibelske anliggende: Vår identitet må søkast utanfor oss sjølv (Keyes, 2003, pp. 94-102)! Vi skal forsøke å søke vidare kva dette perspektivet har å tilføre identitetstenkinga.

### 3.5 Beyond identity - kristendommens bidrag til identitetsforståinga

Til saman former desse fire faktorane som vi har drøfta i det foregåande vår oppleving av samanheng, aksept og verdi. Men dreg dei saman eller i ulike retningar? Kor kjem dei frå, og kva fundament, grunngeving og forankring har dei? Er det berre psykologi, filosofi og kultur? Dette fører refleksjonen og diskusjonen om identitet ut over oss sjølv, utover psykologien og sosiologien, og bringer leitinga etter vår identitet *utover grensene* for identitet. Vår identitet må definerast og målast mot noko utanfor oss sjølv, og desse måla er på eit eller anna vis definert og forankra i nokre grunnleggande verdiar. For å svare på spørsmålet om identitet må ein difor først svare på spørsmålet om verdiar, og verdiane sine kjelder, autoritet, legitimitet, grunngeving og autensitet, som igjen leier oss over i spørsmålet om religion, teologi og filosofi. I samsvar med psykologien og sosiologien er identitet på ulikt vis avhengig av noko utanfor oss sjølv, "a master story" som stadfestar oss som individ. Samtidig er det her psykologien og sosiologien kjem til kort (Keyes, 2003, pp. 8-10). Er vår identitet, verdi, meining og plass i denne verda berre bygd på psykologiske forstillingar, ustabile relasjonar og skiftande kulturelle diskursar? Fleire tenkarar og forskarar utan spesifikt religiøst utgangspunkt, som Becker og Erikson, konkluderer som Engedal viser at på eit eller anna punkt endar ein opp med eit behov for kontakt med noko transendent, eit "beyond" eller "Ultimate Other" som strekker seg ut over tid og rom. Erikson innrømmer følgande:

*How did man's need for identity evolve? Before Darwin the answer was clear; because God created Adam in His image, as a counterplayer of His identity... I admit to not having come up with any other explanation* (Keyes, 2003, p. 11).

I bibelsk terminologi er denne tanken blant anna uttrykt i Jesu ord om at "der skatten din er, vil òg hjertet ditt vere" (Matt 6,21). Hjertet er her forstått som senteret og omdreiingspunktet for våre tankar, følelsar, verdiar, mål, haldningar og handlingar, og i denne samanhengen kan hjertet vårt vere anten i Skaparen eller i det skapte. "Hjertet" gjer ting "heilage" for oss, og er det vi i ytterste forstand sett vår lit til. Chersterton påpeiker at "*when a man ceases to worship God he does not worship nothing, he worships anything*" (Keyes, 2003, p. 10). Utan at ein treng å ta noko kristen-moralistisk standpunkt til denne påstanden så samsvarer den uansett godt med dei observasjonar psykologien og sosiologien gjer i vår flytande, relativistiske og postmoderne tid. For mange i dag er "beyond identity" knytta til den ytre, materielle og

forgjengelege verden som eigeidom, ferdigheiter og relasjonar, der dødens realitet før eller sidan innhentar oss som den ultimate trussel, det siste slag mot vår identitet. Å begrense identitetssøkinga til denne verda, til vår kultur, til mitt liv vert uansett perspektiv eit ustabil og midlertidig foretak, og er i bunn og grunn eit ganske einsamt prosjekt.

Mot denne famlande, retningslause og verdi-relativistiske søkinga etter identitet stiller kristendommen opp eit alternativ, både gjennom konstruktiv kritikk og gjennom positiv utfordring. Vi har gjennom Engedal allereie peika på to aspekt i ein slik kritikk: Kritisk etterlysing av ei større openheit for den transendentale dimensjonen gjennom f.eks skapartrua, og positiv utfordring til å søke ei djupare forståing av f.eks tillits-dimensjonen. Den bibelske undervisninga trekker denne kritikken og utfordringa ned på eit praktisk og kvardagsleg plan, og ei kritisk formaning som blant anna Paulus rettar til oss lyder om lag slik: *Bli ikkje lik verda* (Rom 12,2)! Det kan forståast ut frå mange perspektiv, men i denne samanhengen er det erkjenninga av at det er mange som prøver å forme oss ”i sitt bilete”; i andre sitt bilete av oss, i biletet av tinga vi omgjev oss med, i biletet av prestasjonane våre, i biletet av merkelappar vi sett på kvarande, i biletet av sosiale roller, i biletet av førebileta våre osv. Paulus sitt anliggende i denne samanhengen er at ”å bli lik verda” pressar oss inn i former som gjer oss mindre enn det vi er tenkt til. Aspekta som er nemnt over høyrer med til identiteten vår, men dei må ikkje få definere oss, og kan heller ikkje bere vekt av livet vårt når ”regnet styrter, elvane flaumar og vindane bles og slær mot huset” (Matt 7, 24-25). Ei kritisk-reflektiv haldning til vår samtid, vår kultur og vår praksis inneber blant anna å ”*av-identifisere*” oss med mange av desse tinga, ikkje for å ta avstand frå dei, men for å kome i eit sunt og konstruktivt forhold til dei slik at vi kan gjenvinne råderetten over oss sjølv og livet vårt (Keyes, 2003, pp. 103-110). Dette samsvarer godt med Foucault si utfordring til sjølv-refleksivitet. Problemet er berre at kultursosiologien ikkje har nokon mal som ein kan reflektere seg mot...

Den positive utfordringa går på å skape ein verdibasert samanheng mellom vårt indre sjølv og våre ytre praksis, blant anna gjennom samsvar mellom våre indre moralske verdiar og våre ytre modellar for handling. Veggen mot dette målet går gjennom erkjenning av sanninga, rett erkjenning av sanninga om vår tilstand, som igjen må leie til rett aksept av seg sjølv. Dette skaper integritet, som er ”*one of the main paths to identity*” (Keyes, 2003, p. 99), og gjer at vi kan ta avstand frå, og distansere oss frå våre feil og nederlag, men likevel fullt ut akseptere oss sjølv for den vi er. Alt for ofte er motsatt; at vi aksepterer våre moralske manglar, og tek



avstand frå oss sjølv. I relasjon til Gud kan vi derimot vite at vi er fullt ut gjennomskoda, men òg fullt ut akseptert. Jesu ord om ”å elske din neste som deg sjølv” (Mrk 12, 31) konkretiserar denne samanhengen mellom indre aksept og ytre handling. Både å elske seg sjølv og elske sin neste er integrerte delar av vår personlegheit og identitet, men vegen til å elske oss sjølv går gjennom at vi elske andre. Og motsatt; å elske andre forutsett at ein elskar og akseptetar seg sjølv, og slik skaper dette ein konstruktiv dynamikk som bygger og styrker vår identitet. Dette er grunnleggande psykologi, men motsatte eksempel viser krafta i desse mekanismane: Det er knapt noko så sjølv-destruktivt som å bere hat til andre, og det er knapt noko som er så destruktivt i relasjonar til andre som sjølv-forakt (Keyes, 2003, p. 131). Slik vert poenget understreka nok ein gong; vegen til å finne sin identitet går ”beyond identity”, og må søkast utanfor seg sjølv!

### **3.5.1 Identitet som relasjonell forankring**

Slik kan ein konkludere med at livet i denne verda i sanning er fragmentert og ufullkome, men kristen tru tilbyr ein indre samheng i alt dette gjennom at vi er kjent og anerkjent av Gud, han som i genuin forstand definerer vår moral, er vår modell, stadfestar vår råderett og er vår kjelde til kjærleik, gjennom liv og i død. Det kristne perspektiv på identitet vil då kunne innta ein slags mellomposisjon mellom den essensielle, sentrerte forståinga og den anti-essensielle, desentrerte forståinga av identitet. Sunn identitet er essensiell og sentrert, men må hente essensen, og ha senteret utanfor seg sjølv, og i bibelsk forstand ”i Kristus”. For å leike seg litt med begrep kan ein f.eks kalle det ein *extro-essensiell*, eventuelt *extro-sentrert* identitet. Det antydar at identiteten ikkje berre er ein ytre, utvendig, statisk sak, berre ein habitus som ein ikler seg, men at den har dynamisk retning utover seg sjølv og mot Gud.

Kristen tru representerer slik ei *relasjonell* identitetsforståing. Den supplerar og korrigerar den kultursosiologiske tilnærminga ved å sjå på essensen i identiteten vår som ein dynamisk relasjon med vår Skapar. Ei slik forståing er for eksempel ikkje heilt ulik Eriksons psykodynamiske relasjonstenking, bare med eit transendent perspektiv (Engedal, 1995, p. 18). I kristen verkelegheitsoppfatning dannar Guds-relasjonen grunnstrukturen i tilveret og gjev identiteten ei forankring utanfor seg sjølv. Ankeret må hivast utanfor båten om det skal ha nokon praktisk nytte, men har det først fått tak kan vind og straum flyte mens båten ligg og gyngar på svai. ”Berre i håp til Gud er mi sjel stille” (Sal 62,2) bekjente korleiarer Jedutun

for 3000 år sidan, og ”*dette håpet er eit trygt og fast anker for sjela*” (Heb 6,19) følger NT opp 1000 år seinare. Når vi sviktar våre verdiar og førebilete, og førebileta sviktar oss, og vi mislykkast med dei prosjekta vi eigentleg burde meistra, då kan vi likevel falle tilbake på denne relasjonen til vår Gud, Skapar og Frelsar. Eit prinsipp i kristen tenking er å bygge modellar for identitetsdanning som tåler ein uversdag, og ikkje betingar optimale forhold og sol frå skyfri himmel for å lykkast, slik det post-moderne identitetsprosjektet ser ut til å forutsetje.

For å presisere samanhengen mellom identitet og kristen tru er det rimeleg å anta at trua for ein kristen vil utgjere ein vesentleg del av det ein opplever som sin identitet og personlegheit. I ein kvar forstand, både praktisk, religiøst og fenomenologisk, berører og konkretiserer trua alle dei grunnleggande aspekt ved identitetsbegrepet, anten det gjeld i Gudsforholdet eller i forhold til omgjevnadane . Det gjeld på det relasjonelle plan, i forhold til verdiar, førebilete og meistring. Den omfattar fortid, notid og framtid, siger og nederlag, individ og fellesskap, og definerer mål, håp og forventningar (Engedal, 1999, p. 7). Slik er trua direkte relevant for alle dei utfordringane som identitetsproblematikken aktualiserer for oss. Men i kva grad dette er ein del av kristen ungdom sin identitet på nettet skal vi kome tilbake til om litt.

### **3.5.2 Oppsummering anti-essensiell og kristen forståing - samsvar og utfordring**

Før vi går over på ungdomsidentitet på nettet skal vi oppsummere nokre svar på forskingsspørsmåla om i kva grad anti-essensielle identitetsteoriar samsvarar med kristen identitetsforståing, og kva kritiske og positive bidrag kristen tenking kan kome med inn i refleksjonen om identitet. Vi har allereie peika på at kultursosiologien har utvikla mange treffande observasjonar, beskrivingar og begrep for både å avsløre, forstå og forklare samfunnsmessige og individuelle mekanismar. Men samstundes vert begrepa for grunne, overflatiske og enkle til å kunne bygge grunnleggande og djuptpløyande identitetsteoriar på dei. Eit område som trass dette samsvarer er det kultur-, tradisjon- og maktkritiske perspektivet som anti-essensialismen har både på samfunn og individ. Kyrkja har sjølv alt for ofte vorte fanga i desse strukturane. Eit kristent syn skal framstå som ei samfunnkritisk røyst på alle nivå, men òg til anti-essensialismen si avvising av alle former for verdiar og overleveringar.

Foucault si oppfordring til sjølv-refleksivitet kan på mange måtar relaterast til formaninga om å ”prøve seg sjølv” og sine tankar og gjerningar, og ikkje berre følgje mengda blindt. Individualitet og individuelt ansvar som motvekt mot ytre forming er òg oppfatningar som til dels kan delast. Kritikken på kristen grunn er derimot at refleksivitet som berre dreiar seg rundt eigen individualitet alt for lett endar opp som sjølv-sentrert narsissisme og egoisme, og relativiserar den ansvarleggjering som ytre verdiar gjev. Eit kristent motsvar til å verte ”innkrøkt i seg sjølv” for å bruke eit uttrykk frå Luther, er som vi har peika på mange gonger; å søke identiteten *utanfor* seg sjølv, og utanfor historiske, kulturelle og materielle betingelsar.

Anti-essensiell identitetstenking har som vi har vist mangla eit tilstrekkeleg empirisk grunnlag for sin teori, og ber delvis preg av å vere basert meir på ideologi enn vitskap. Så ei positiv utfordring er å lytte til og ta inn over seg perspektiv frå andre fagfelt som kan berike forståinga av dybdene i identitetsbegrepet. I dette ligg òg ei utfordring i å verte meir erfaringsbasert, og ta på større alvor dei opplevingane folk har av identitet og identitetsdanning. Responsen frå informantane i møte med spørsmål og påstandar prega av anti-essensielle perspektiv er som vi skal sjå overveldande negative, og det kan i stor utstrekning sjå ut til at dei både er ueinige og uforståande til måtane å framstille identitet på. Prieur (Prieur, 2002, p. 10) peikar på kor viktig dei omliggande *mogleheitene* er for identitetsutvikling, som kjønn, etnisitet, hudfarge, økonomi osv osv. Det bør vere ei kjelde til refleksjon når realiseringa av anti-essensialismen sine prinsipp for identitetskonstruksjon reelt sett kun er tilgjengeleg for ressurssterke, økonomisk uavhengige og verdiliberale personar i sekulære, vestlege samfunn. Kva skal ein med identitetsteoriar som ikkje tek på tilstrekkeleg alvor, eller gjev rom for dei faktorane som menneske på tvers av historie og kultur har erfart som sterke påverknadskrefter på sin identitet? Eller i beste fall avviser desse faktorane og strukturane som noko ein skal fri seg frå og bør gjere opprør mot?

Avvisinga av religiøse perspektiv og metafysiske erfaringar i identitetsdanninga er eitt døme på korleis vesentlege delar av mange menneske sine erfaringar ikkje får tilstrekkeleg rom innanfor kultursosiologiens verkelegheitsoppfatning. Det er ikkje nok å berre kategorisere det som kulturelt og diskursivt forma tradisjonar! I forlenging av dette er det ei sterk utfordring til kultursosiologien å få ei tydlegare verdiforankring av identitetskonstruksjonen. Ein kvar konstruksjon må ha eit fundament, men det ser ut for å mangle her. Verdirelativismen fører til tap av retning, meining og samanheng i tilveret, og det er vanskeleg å sjå at dette over tid skal kunne kompenseras kun gjennom val av posisjonar og livsstil. Eller korleis er det på nettet?

### 3.6 Ungdomsidentitet online

Så langt har vi konsentrert oss om å definere sjølve identitetsbegrepet, men i denne delen skal vi sjå nærmare på korleis ungdom generelt uttrykker og konstruerar identitet på nettet. Angela Thomas vil stå sentralt i teoritilfanget til denne delen. Ho vidarefører Butler sitt performance-begrep, og samlar konstitueringa av identitet rundt fire stikkord: *Being*, som omfattar den kroppslege og fysiske sida, *becoming*, i forhold til aldring, modning og utvikling, *belonging*, som handlar om identifisering og innordning i samfunn og kultur, og *behaving*, som omhandlar korleis vi utøver våre sosial roller. I boka "Youth Online" gjev ho innblikk i online-livet til ungdom frå ulike delar av verda, og eigen-refleksjonen dei har rundt dette. Sjølv om ho i stor grad jobbar mot ungdom som mange ville plassere i kategorien "nerdete", så har ho likevel observasjonar og drøftingar som vil vere nyttige å ha med når vi seinare skal inn på kristen ungdomsidentitet online.

Thomas opnar kapittel 1 med å sitere Shadow, ei 14 år gamal jente:

*I'm not sure if anybody totally gets to know me. I' sort of a persona. It's a lot like me, but minus the things I don't like about myself* (Thomas, 2007, p. 5).

Her er vi rett på kjernen av Thomas sine observasjonar og konklusjonar, og som vi seinare skal prøve å undersøke i forhold til kristen ungdom: Internett opnar opp ei heilt ny verd av sjølv-kreasjon, der ein ikkje bare forfattar og regisserer sitt eige liv og sin eigen identitet, men òg har store moglegheiter for å *redigere* iscenesettinga av seg sjølv (Thomas, 2007, p. 9). Slik har den virtuelle verkelegheita potensiale til å vere det Turkle kallar "a laboratory for constructing identity" (Thomas, 2007, p. 17), med stor grad av eigenregisert performance, og tilsvarande mindre moglegheit for andre til å gjere antakelsar om ein. Ved å forfatte seg sjølv på denne måten synleggjer og "kroppsleggjer" ein seg sjølv gjennom multimodal tekst, noko som tydeleggjer *språket* sin sentrale plass i online identitetskonstruksjonen. Tidsforskyvinga i mediet gjev i tillegg auka tid til refleksjon, og bidreg ytterlegare til tenkinga om identitet som ein performance av meir eller mindre strategiske val og "søfistikerte artikkelasjonar" (Thomas, 2007, pp. 113-115). Resultatet *kan* bli ei forskjønning av verden, og perfeksjonering av identitet og sjølvpresentasjon, men kan sjølv sagt òg bikke andre vegen. Uansett er det interessant å sjå kva dette gjer med individ og samfunnet, og i vår samanheng korleis det eventuelt påverkar framstillinga av tru og kristen identitet.

### 3.6.1 Saumlausheit og tilhøyrse

Thomas ser likevel på mange måtar positivt på den eigenkontrollen som nettet gjev, der ungdom får ei form for råderett, myndigheit og definisjonsmakt (*empowerment*) over eigen framtoning og identitet, som igjen kan smitte positivt over på sjølvkjensle og sjølvtrillit i det verkelege livet (Thomas, 2007, p. 188). For Thomas er ein av hovudkonklusjonane at livet på nettet faktisk er verkeleg liv. Denne ungdomsgenerasjonen har vokal opp med internett og digital teknologi som ein del av kvardagen, og barn og unge ser ikkje noko skilje mellom online og offline verkelegheit, og ser i liten grad på det som adskilte verder. Begge delar er naturlege element i dagleglivet med gjensidig innflytelse på begge arenaer. Thomas bruker begrepet ”*seamlessness*” om dette, *saumlausheit*, med den forståelsen at det ikkje finst noko merkbart skille mellom online og offline, men at dette glir over i kvarandre. Ho viser òg til Jürgen Lemke som seier at ungdommen lever eit aktivt og reelt liv på nettet, eit liv som i dag utgjør ein vesentleg og viktig del av personleg utvikling, identitetsdanning og kulturelle uttrykk gjennom bruken av språk, semiotikk og symbol. Livet på nettet er heller ikkje så frigjort frå kroppen som ein gjerne tenker, for det skapar verkelege fysiske følelsar og reaksjonar. Så sjølv om det er ei virtuell verd så er det verkelege menneske og samfunn, der reaksjonar og følelsar, gjerne forsterka av mediet, får følgjer i den verkelege verden. Ein kan som Thomas uttrykker det ikkje berre legge kroppen av foran skjermen (Thomas, 2007, pp. 163-164).

I ”Youth Online” hevdar òg Thomas at internett i dag er mindre framangjerande enn tidlegare antatt. Nettet fører i mindre grad til den sosiale tilbaketrekking ein lenge har frykta. Her har det nok òg vore ei endring som særleg kom med web 2.0 si tilrettelegging for tovegskommunikasjon via nettet, og særleg gjennombrøtet for sosiale medier etter 2006. Det bana i større grad veg for ”allmuen” inn på nettet. Nettaktiviteten bygger gamle og nye vennskap og relasjonar, og samansmeltinga av verdene tilbyr nye *former* for vennskap og *utvida* sosiale relasjonar, noko som Thomas meiner bidreg til å førebygge avhengigheit og asosial adferd (Thomas, 2007, pp. 167-171). Følelsen av *tilhøyrse* er slik den grunnleggande motivasjonen for ungdom si deltaking på sosiale nettarenaer, og dette er langt viktigare for online identitetsdanning enn f.eks grenseoverskridande identitetsutprøving og antisosial åtferda som ofte har vore forbunde med den potensielle anonymiteten som nettet gjev moglegheit for. Fenomenet med tøyning av f.eks kjønnsgrenser på nettet er i følgje Thomas

overraskande lite framtrédande hos tenåringar, faktisk meir framtrédande hos vaksne, og at tendensen eventuelt går meir i retning av å overdrive kjønnsaspektet ved å bli enten veldig jentete eller veldig guttete (Thomas, 2007, pp. 184-186). Samtidig er unge heilt klart meir villige til å ta risiko og drive sosial eksperimentering online enn offline, men at etablerte nettsamfunn gjerne utviklar normer for akseptert åtferd. Dei sosiale media ser dermed ut til å dempe ein del tendensar til såkalla *flaming*, dvs aggressiv, kritisk, frekk og saboterande oppførsel på nettet (Thomas, 2007, p. 18).

Ein anna trend som Thomas peiker på er korleis auka tid på nettet, og vedvarande deltaking i ulike nettsamfunn, i større grad *krev* ei form for identitet i møte med dei andre, og gjerne fleire identitetar (Thomas, 2007, p. 18). Den auka tida på nettet gjev samtidig rom for eit breiare "utval" av følelsar som kjem til syne på ulike måtar. Sjølv på nettet vert det vanskeleg å oppretthalde eit "happy face" over tid. Fleire fasettar av identiteten kjem til uttrykk, og følelseslivet vert synleggjort i mange modalitetar (Thomas, 2007, p. 188). Identitet dannast slik gjennom identifikasjon med nettsamfunna, og sosialt engasjement, rolleutøving og rolleutprøving i nettsamfunna, og realiserast gjennom multimodal interaktivitet, og fysisk tilstadeverelse gjennom språket.

### 3.6.2 Uttrykk for identitet på nettet

Eit viktig perspektiv i "Youth Online" er den fysiske, eller lekamlege tilstadeverelsen ungdomane har på nettet. Internett har gjerne blitt oppfatta som ein "no body" arena, men Thomas argumenterer mot dette. Der tekst og audio *fortel*, og film og bildemedier *viser*, hevdar ho at cyber space *lekamleggjer (embodies)* (Thomas, 2007, p. 12). Deltaking på nettet er for det første ikkje lausreve frå den fysiske kroppen, men har direkte og indirekte innverknad på kropp og fysiske og psykiske reaksjonar. For det andre er den kroppslege framstillinga av individet i online-rommet grunnleggande i identitetskonstruksjonen, sjølv om den kjem til uttrykk på andre måtar, i hovudsak to: 1) Bruk av språk og tekst, forteljingar og diskursar blir brukt til å beskrive, framstille og forfatte seg sjølv. 2) Bruk av avatarar blir brukt som ei lekamleggjering av denne framstillinga, ei lekamleg framstilling av identitet, om du vil. "Avatarisering" vert forstått i vid forstand, og lekamleggjering kjem òg til uttrykk gjennom bilete, visualitet, teikn, symbol, grafikk, bruk av webkamera og liknande. Identitet vert slik uttrykt i samspelet mellom tekst og avatar (Thomas, 2007, p. 35). Denne

lekamleggjeringa gjev rom for både fantasiar og variasjonar, alt etter kven du er, ønsker å vere, eller ønsker å verte. Thomas viser korleis f.eks avatarane representerer ulike sider ved ungdomane sin identitet. Dei fortel sine eigne historier gjennom avatarane, og ungdomane sine verdiar og personlegheit skin igjennom på ulike måtar, blant anna antyda ved at dei omtalar avatarane i eg-form (Thomas, 2007, pp. 192-193). Denne lekamleggjeringa, den språklege og visuelle framstillinga av identitet, vil vere interessant å følgje over på kristen ungdom si framstillinga av kristen tru og identitet.

Til slutt skal vi frå Thomas ta med nokre begrep om korleis ulike behov og ønsker gjev ulike måtar å vere på nett på, og ulike typar åtferd. Mark Winokur beskriv 6 ulike typar, men vi nøyer oss med dei 3 grunntypene. *Spelaren (gamer)* har fokuset retta utover på nettet, og søker ytre tilfredsstilling gjennom aktiv deltaking, samarbeid og måloppnåing. Den typiske spelaren er gjerne gut, og er aktiv i online-spel, diskusjonsforum og liknande. *Skrivaren (writer)* ser i større grad innover og søker indre tilfredsstilling ved å framstille seg og forfatte seg sjølv gjennom tekst. Den typiske skrivaren er gjerne jente som skriv blogg, chattar og liknande. *Kikkaren (lurker)* er oppteken av å sjå utan sjølv å bli sett, og gjennom det kunne kontrollere andre. Dei er gjerne på online spel og sosiale medier, men utan sjølv å bidra med aktivitet og informasjon samlar dei informasjon om andre. Ein fjerde type som Winokur ikkje nemner, men som er kjent frå online-spel, er *sabotøren (saboteur)*. Sabotøren kan legge feller eller plott, spolere taktikken i eit spel, eller spreie kaos, bryte normer, spore av debattar i forumdiskusjonar o.l. (Thomas, 2007, p. 24).

Slik beskriv Thomas eit komplekst ungdomsliv på nettet. Ungdom miksar mange rom, kulturar og roller, og det flyt saman med offline-livet. Innhalds- og temamessig skil det seg forbausande lite frå offline-livet gjennom at det handlar om vener, interesser, hobbyar og moro. Online-livet er ikkje eit virtuelt liv, men gjev verkelege erfaringar med personlege, identitetsmessige og sosiale utfordringar. Det er kamp som makt, popularitet, angst, sorg, glede og relasjonar, og er difor ein naturleg og viktig sosialiseringsarena for kulturell og individuell identitet (Thomas, 2007, p. 196). Dermed imøtegår ho tre populære oppfatningar om ungdom og nettaktivitet: At Virtual Reality og Real Life er to adskilte verdenar; at livet på nettet er asosialt, og at ungdom driv utstrakt utprøving og grenseflytting på nettet

### 3.6.3 Samanheng mellom teori til empiri

Ut i frå den omfattande teorien vi her har presentert og drøfta ønskjer eg å plukke ut nokre konkrete begrep og aspekt som eg vil følgje vidare i datainnsamling og analyse. Gjennom spørjeundersøkinga vil eg ta tak i desse og undersøke nærmare korleis kristen ungdom forhold seg til dei i sin online aktivitet, og korleis dei reflekterer over eigen nettpraksis i forhold til desse begrepa og kategoriane. Det er ikkje alle begrepa eg nødvendigvis vil direkte spørje etter i undersøkinga, men i større og mindre grad, direkte og indirekte, vil eg prøve å hente inn informasjon og refleksjon omfølgande:

Fleire av Ziehe sine begrep er interessante å ta utgangspunkt i her, både fordi dei er mykje kjent og brukt, men òg fordi dei oppsummerer vesentlege sider ved utforming og framstilling av identitet. *Makeability* og *credibility* vil for eksempel vere interessant å sjå på i samanhengen mellom online og offline identitet. *Subjektivisering*, *ontologisering* og *potensering* kan kanskje fortelje oss noko meir om kommunikasjon og ekspresjon via nettmedier. Foucault, Hall og Butler sine begrep som *posisjon*, *artikulasjon* og *performance* beskriv, og står i relasjon til noko av det same. Dei fire bibelske faktorane for identitetsdanning som Keyes peiker på, og som vi òg finn att i Engedal si tenking, som moral og *verdiar*, modellar og *førebilete*, herredømme og *meistring*, og kjærleik og *relasjonar*, vil òg kanskje fortelje oss noko meir om samanhengen mellom online og offline identitet hos ungdomane.

Frå Thomas sine begrep og behandling av ungdom sin nettpraksis vil eg i den vidare undersøkinga av kristen ungdom ta med meg begrep og perspektiv som *redigering*, *konstruksjon* og *forfating* av identitet. Vidare vil eg sjå på begrep som *empowerment* og *seamlessness*. Så vil eg sjå på *tidsbruk* på nettet i forhold til krav om heilheitleg profil og identitet. Begrep som *embodiment* og *avatarisering* vil òg verte berørt i arbeidet med temaet, saman med Winokur sine ulike *typar* og kategoriar av nettbrukarar. I sum håpar eg desse begrepa kan hjelpe til å systematisere og sirkle inn nokre trekk i datamaterialet, og bidra til å setje ord på og reflektere over tendensane i det ein måtte finne. Det kan for eksempel vere både gjennom avkrefting og stadfesting av teori gjennom det som eventuelt måtte framgå av materialet.



## 4 ANALYSE

### 4.1 Innleiing – spørjeundersøking, gjennomføring og behandling av svar

Denne spørjeundersøkinga om kristen ungdom si danning, oppleving og uttrykk for tru, verdiar og identitet på internett er gjennomført blant vg3 elevar ved Kvitsund gymnas i Kvitseid, Telemark, og Drottningborg vgs i Grimstad, Aust-Agder. Begge skulane er heileigde av Norsk Luthersk Misjonssamband, jamnstore med ca 200 elevar, og internatskular med ein stor andel av elevane i internatet. Begge skulane har om lag halvparten av elevmassen frå eigne, eller tilstøytande fylker, og elles stor geografisk spreing med til saman samtlege 19 fylke representert. Det generelle inntrykket har tradisjonelt vore at ca 2/3 av elevane har ei form for kristen bakgrunn og reiknar seg som kristne, utan at dette konkret har vore kartlagt, og at om lag 2/3 av elevane er jenter. Begge skulane tilbyr fag innan det studiespesialiserande programområdet.

Undersøkinga vart gjennomført på ulike datoar ved skulane, men med utgangspunkt i undervisningstimar med begge klassane på trinnet tilstades under informasjonen, og påfølgande fritime til rådighet for å svare på spørsmåla. I informasjonen i forkant vart det særleg understreka tre ting: At undersøkinga var anonym og viktigheita av å ikkje gje person-identifiserbare opplysningar, at deltaking i undersøkinga var frivilleg, og at den spesifikt retta seg mot dei som aktivt vedkjenner seg ei kristen tru. Deretter hadde dei anledning å sitje kor dei ville på skulebygg eller i internat og svare. Spørjeundersøkinga vart gjennomført i eit eige Fronter-rom oppretta for formålet der underteikna stod som eigar. Ved Kvitsund kom det inn i overkant av 20 besvarelsar, og ved Drottningborg i underkant av 30, til saman 51, ein svarprosent eg er særst nøgd med. Ein besvarelse vart forkasta fordi berre dei par første spørsmåla var besvart, og dermed satt eg att med eit materiale med svar frå 50 informantar.

Spørjeundersøkinga bestod av tre delar, med spørsmål knytta til kartlegging av sosial bakgrunn og tru, kartlegging av generell nettaktivitet og nettvannar, og kartlegging av uttrykk for kristen tru, verdiar og identitet på nettet. Til saman vart det nærmare 50 spørsmål og påstandar som dei skulle ta stilling til, alle med skriftlege tekstsvar. Dei fleste spørsmåla kravde berre korte responsar, med opning for utfyllande kommentarar, mens andre spørsmål

etterspurde fyldige beskrivingar og refleksjonar. I snitt brukte respondentane ca 45 minutt på gjennomføringa. Fleire av spørsmåla kunne framstå som tilnærma like og etterspurte til dels dei same tinga frå ulike vinklar. Ein del av respondentane opplevde nok difor at dei svarte på enkelte spørsmål fleire gonger, men det var eit bevisst forsøk på å få fram variasjonar, stadfestingar og nyansar i materialet. Gjennomgangen av svara viser at respondentane har oppfatta ulike ting ved spørsmåla, og at ulike spørsmål har leia dei på spor av ulike tankar og refleksjonar, og at responsen slik har gjeve nettopp den breidda og dybden som eg håpte på.

Generelt er det naturleg å handsame svara frå dei to gruppene samla, men på enkelte område og spørsmål viser svara frå Kvitsund og frå Drottningborg såpass store skilnader og avvik frå kvarandre at det bør takast opp til drøfting og refleksjon. Utover dette vil resultatane i svara oppgjevast i omtrentlege delar, som f.eks brøkar à 1/4 og 2/3 framfor i eksakte prosentar. Det heng saman med at talmaterialet trass alt er ganske begrensa, samt at både spørsmål og svar er såpass runde og opna at å lage prosent og desimalar på dette grunnlaget ville vere både meiningslaust og missvisande. Som i samfunnsforskning elles er det mest interessante perspektivet ved resultatane å sjå tendensar og nyansar, og moglege årsakssamanhengar og forklaringar som ligg bak, meir enn å etterstreve "ugjendrivelege fakta". Analysekapittelet vil elles vere strukturert som ein oppsummerande gjennomgang av funna og resultatane i spørjeundersøkinga, og eit forsøk på å systematisere funna i handterlege kategoriar og størrelsar. Funna og tendensar eg finn interessante vil meir og mindre fortløpande verte kommentert, analysert og drøfta inn mot teori og relevante begrep i den samanhengen dei kjem fram. Det er både for å spare plass, for å avklare spørsmål undervegs, og for å porsjonere ut refleksjonane i overkomelege bitar. Hovudfunna vil deretter verte henta ut til meir samanfattande analyse og drøfting i siste del av kapittelet.

#### **4.1.1 Presiseringar og avklaringar**

Før vi tek fatt på analysen er det nødvendig å minne om kva denne analysen kan og ikkje kan seie oss! Den kan *ikkje* gje djuptpløyande antropologiske forklaringar og psykologiske analyser av kva identitet er, eller korleis identitet vert til. Det er sjølvsagt for krevande basert på korte responsar i ei spørjeundersøking, men vil i tillegg falle utanfor vårt fagfelt. Som master innan språk, kultur og digital kommunikasjon *kan* den derimot seie noko om korleis

identitet vert uttrykt gjennom å beskrive og analysere ytre teikn, språk, symbol, handlingar og praksisar i ein bestemt kontekst. Dette er med andre ord ein analyse av kristen ungdoms beskriving av internett-aktivitet som *diskurs*, eller ”tekst”, og er slik sett ein ”tekstanalyse” av korleis kristen ungdom uttrykker identitet på nettet. I tråd med grounded theory er det ungdomane sjølv som i stor grad bidreg til forklaringar og analyse . Analysen er slik å oppfatte som ein ”stemningsrapport” basert på ungdomane sine egne beskrivingar, refleksjonar og tekstar enn ein ”tilstandsrapport” basert på mine observasjonar.

Avklaringar av meir praktisk art er at eg i stor grad vil nytte dei engelske begrepa Virtual Reality (VR) og Real Life (RL) i teksten. Det er blant anna fordi dei norske begrepa framstår som litt tunge og omstendelege, men òg fordi faglitteraturen brukar begrepa, og at ungdomane sjølv i stor utstrekning nyttar begrepa i sine svar og beskrivingar, gjerne i forkorta form. Spørsmåla i undersøkinga vil verte referert undervegs i samanfatinga, men elles viser eg til vedlegg for fullstendige spørsmålsstillingar.

## **4.2 Del 1 – kartlegging av bakgrunn og kristen tru**

Første del av undersøkinga er eit forsøk på ei enkel kartlegging av grunnleggande familiære, sosiale og religiøse forhold i ungdomane sin bakgrunn og oppvekst. Hensikten med desse opplysningane er å få eit lite inntrykk av kven respondentane er, i kva grad dei er representative for ”kristen ungdom”, og som samanlikningsgrunnlag for svara dei seinare gjev om sitt liv og praksis på nettet. I tillegg skulle dei beskrive litt om korleis trua praktisk viser seg og kjem til uttrykk for omgjevnadane, korleis dei ser på trua som ein del av sin identitet i RL, og i kva grad dei trur omgjevnadane oppfattar dei som kristne. Ei hovudutfordring, særleg med tanke på elevane ved eigen skule, var å formulere spørsmål som ikkje direkte eller indirekte etterspurte identifiserbare opplysningar, eller som uforvarande la til rette for at respondentane avslørte identiteten sin. Refleksjonane rundt denne problemstillinga finn de i metodekapittelet, men i siste runde betydde det blant anna at eg òg fjerna spørsmål om kjønn.

#### 4.2.1 Bakgrunn og kristen tru i RL

Responsen frå elevane ved Kvitsund og Drottningborg var i all hovudsak samstemt i det bilete dei teikna av informantane i forhold til sosial bakgrunn og kristen tru. Nokre talmessige variasjonar var det sjølvsagt, men ikkje store nok eller eintydige nok til at dei endrar tendensane og totalinntrykket. Alle respondentane som fullførte spørjeundersøkinga oppgav i tråd med intensjonen i undersøkinga at dei reiknar seg som kristne i dag. Samtlege gav òg inntrykk av å kome frå stabile heimar med to samlevande foreldre gjennom heile oppveksten. Godt 3/4 kom frå familiar der begge foreldra bekjente seg som kristne, og der kristen tru hadde prega familielivet i ulik og varierende grad. Her dekkja det stort sett heile skalaen frå foreldre som hadde vore tilsette i kyrkje- og kristent organisasjonsliv, til bakgrunn i konservative kristne miljø, og bakgrunn i det respondentane sjølv beskriv som "liberal og kulturåpen kristendom". Endå 3-4 stykk *utan* bekjennande kristne foreldre hadde vore delaktige i ulike kristlege aktivitetar gjennom oppvekst og ungdomstid, som søndagsskule, eit kor eller ein ungdomsklubb. Desse nær 4/5 av informantane utgjorde i all hovudsak dei same personane som òg oppgav at dei hadde reikna seg som kristne i barne- og ungdomsskuletida før dei kom til ein kristen vidaregåande skule. Den 1/5 som *ikkje* hadde nemneverdig bakgrunn eller erfaring med kristendom og kristne miljø hadde då vorte kristne etter dei begynte på Kvitsund eller Drottningborg. Av andre faktorar som kom fram under dette spørsmålet var at *nesten* alle beskreiv oppveksten som god, bortsett frå ein som hadde opplevd mobbing på grunn av familiens og si eiga kristne tru, og ein som hadde opplevd mobbing og einsemd av andre grunnar. Halvparten av respondentane hadde i oppveksten hatt ein eller fleire nære vener som òg var kristne.

I si beskriving av i kva grad og på kva måtar trua deira kjem til uttrykk og er synleg for omgjevnadane er det ein stor halvdel (1/2) som peiker på *språket* som den tydeligaste måten dette kjem fram til i det daglege, særleg i form av *fråver* av banning. Ein nesten like stor halvdel (1/2) av respondentane peiker òg på samtalen som ein viktig måte å uttrykke trua på, der den i varierende grad kan omhandle ulike direkte og indirekte trusrelaterte tema. Dette skjer hyppigast i samtaler med andre kristne, men òg i samtaler med ikkje kristne vener. Dei som peiker på samtalen som eit vesentleg uttrykk for trua er i stor grad den same halvdelen som oppgjev språket, eller fråvèr av banning som eit viktig "signal" om kristen tru.

Så mange som 3/4 nemner ulike *aktivitetar* som møter, song og musikk, bibelgrupper og diverse arrangement som ein måte trua kjem til uttrykk for omgjevnadane på. For ca 1/4 er dette kanskje det tydelegaste teiknet, ofte i kombinasjon med verdiar dei står for, prøver å etterleve, og forsvarer i diskusjonar. Dette kan vere verdiar som omsorg, respekt, mot abort og eutanasi, restriktiv haldning til alkohol, og ideal om ikkje sex utanfor ekteskapet. For den resterande halvparten er aktivitetar og verdiar ein del av totalinntrykket som òg kjem fram parallelt gjennom språk og samtaler.

Ganske nøyaktig halvparten (1/2) nemner ulike *symbol* som eit synleg uttrykk for si kristne tru. Som regel i form av eit kors-smykke, men òg i form av ei eller anna t-skjorte med ein kristeleg budskap, eller ”reklame-plagg“ knytta til eit kristent arrangement eller organisasjon. Innimellom sleng det òg ei kors-tatovering eller to. Dei som ber kors og andre symbol ser ut for å vere den halvparten som òg tydelegast viser trua på andre måtar gjennom språk, aktivitetar og verdiar.

#### **4.2.2 Synlegheit og identitet**

Etter ei grovkategorisering vil om lag 1/4 definere seg som veldig synlege og tydelege kristne, som i tillegg til andre teikn f.eks aktivt søker situasjonar der dei kan samtale og vitne om si kristne tru. For majoriteten, om lag 1/2, er trua i alle fall så synleg at omgjevnadane er tydeleg klar over at dei er kristne. Dei bannar ikkje og deltek regelmessig på kristne arrangement, men eksponerer den gjerne litt mindre aktivt i det daglege. Ein liten 1/4 uttrykker derimot usikkerheit om i kor stor grad trua i heile teke er synleg for omgjevnadane, der kanskje bare dei næraste venene veit sikkert kor dei står. Dei er gjerne lite med på kristne aktivitetar, og har mindre frimod med å stå fram i veneflokken og markere eit kristent standpunkt. Enkelte opplever det til dels vanskeleg å etterleve typiske kristne verdiar, og til dels vanskeleg å slutte seg ”teoretisk” til dogmene og verdiane og forsvare dei offentleg. Dette inntrykket samsvarer òg med respondentane sine eigne svar på spørsmålet om i kva grad og på kva måtar dei trur andre oppfattar dei som kristne. 3/4 er rimeleg sikre på at omgjevnadane har eit inntrykk av dei som kristne, som regel basert på uttrykk gjennom språk, samtaler og aktivitetar. 1/4 er usikre på i kor stor grad omgjevnadane i heile teke er klar over at dei har ei kristen tru. Noko av desse opplever det som sårt og problematisk, mens andre i

alle fall ikkje gjev uttrykk for at dei ønsker det på nokon annan måte. Gjennomgåande for denne siste gruppa er uansett dette fråværet av ytre markørar av tru.

På spørsmål om i kva grad og på kva måtar informantane opplever si kristne tru som ein del av sin identitet oppgav godt 3/4 at dei opplevde trua som ein stor, eller uadskilleg del av si personlegheit og identitet. Av desse uttrykker den eine 1/4 sterkt at dei ser på trua som fundamentet og "essensen" i sin identitet, og at trua med orda til fleire av dei er "den jeg er og vil være". Halvparten av informantane (1/2) omtaler i større grad trua som ein stor og viktig faktor i identiteten *saman* med andre viktige faktorar som bakgrunn, familie, vener etc. Ca 1/4 av den gruppa som seier at trua er ein av fleire viktige delar av identiteten uttrykker samstundes at dei opplever dette til dels utfordrande, frustrerande og vanskeleg. Dette heng saman med at "teori og praksis" ikkje alltid går saman i det daglege slik dei ønskjer eller føler det burde, og er gjerne forbunde med tvil på seg sjølv og eigen tilstrekkelegheit, og tvil på Gud, Guds tilgjeving og om dei verkeleg er "Guds barn". Ein liten 1/4 ser på trua som ein *mindre* del av sin identitet, enten fordi den kristne bevisstheita framstår som svak, at dei opplever andre trekk ved personlegheita som viktigare og meir dominerande, eller som ein av informantane uttrykker det; at "egoet kommer alltid foran".

Samanhengen og tendensen mellom graden av synlegheit og graden av å oppleve trua som del av identiteten er dessutan vert å merke seg. Den 1/4 som synleggjer trua mest er nesten identisk med den 1/4 som i størst grad opplever trua som ein del av identiteten sin.

Tilsvarende tendens ser vi hos den halvparten i "mellomgruppa" som er tydelege, men ikkje veldig utadretta i sine trusuttrykk. Dei opplever trua som ein viktig del av identiteten, men ikkje "altomfattande". Den 1/4 med "usynlege kristne" beskriv i tråd med dette trua som mindre vesentleg eller framtrédande i sin identitet. Samstundes er det eit anna interessant trekk, og ein ganske eintydig tendens i svara til den 1/4 som er mest synleg, og som i størst grad opplever trua som essensen i sin identitet: Dei uttrykker òg størst bevisstheit og tillit til Bibelen, til Gud eksistens, Guds tilgjeving og at dei er Guds barn. Trua er "den jeg er"! Den halvparten som *berre* ser på trua som ein av fleire viktige delar av identiteten knyter ganske utelukkande trua sin funksjon for identiteten opp mot betydningen den har for forming av verdiar, og den styring av store og små val desse verdiane har i dagleglivet. Kort sagt; at dei i større grad beskriv og knytter trua opp mot "det jeg gjør"! Til slutt stadfestar dette seg òg motsatt i den "usynlege" 1/4: Det er dei som opplever den kristne identiteten mest komplisert

og konfliktfylt, og dei uttrykker mest tvil og usikkerheit i forhold til det kristne trusgrunnlaget og innhaldet. Det er sjølvsagt ein viss logikk i dette som ikkje bør overraske alt for mykje, men det er likevel interessant å få beskrive ein så tydeleg samanheng mellom indre identifikasjon og ytre markering av tru.

#### 4.2.3 Oppsummering del 1– kven er informantane i RL?

I sum har vi såleis ei gruppe respondentar av kristne ungdomar der den store majoriteten kjem frå stabile og ressurssterke heimar med kristne foreldre, og som har vakse opp i trygge sosiale forhold. Eit markert fleirtal viser ei relativt bevisst og frimodig tru som kjem til uttrykk i språket, i samtalar, gjennom verdiar, aktivitetar og ytre symbol, og som slik er godt synleg og kjent for vener og omgjevnader. Ut frå dette er òg den klare tendensen at dei beskriv den kristne trua som ein vesentleg del av identiteten sin. Denne analysen baserer seg heilt klart på litt romslege og forenkla skildringar og flytande kategoriseringar, men likevel vil det nok for dei som ferdast regelmessig i kristne ungdomsmiljø i all hovudsak vere gjenkjennelege forholdstal. Samstundes registrerar ein i våre samanheng ein aukande andel elevar med kristne bakgrunn som f.eks har skilte foreldre, og stadig fleire som kjem til skulane med vonde opplevingar i forhold til mobbing, rus og seksualitet enn det denne undersøkinga gjev inntrykk av. Det gjeld ungdom med både kristen og ikkje kristen bakgrunn. Denne undersøkinga omfatta *ikkje* dei som *ikkje* reiknar seg som kristne, og det er vel heller ikkje urimeleg å anta at dei kristne som har svart på undersøkinga hallar mot den mest ressurssterke delen av ”kristen ungdom”. Likevel vil eg konkludere med at informantane er representative for kristne ungdomar ved NLMvgs skulane, og at svara så langt gjev grunnlag for bygge valide utsegner i forhold til målgruppe og problemstilling. Både fordi svara samstemmer godt mellom respondentgruppene ved dei to skulane, og fordi det samstemmer godt overeins med det inntrykket eg som tilsett har hatt av dei *kristne* elevane ved Kvitsund og Drottningborg. Respondentar frå fleire, vidare og opnare kristne miljø ville nødvendigvis gjeve større variasjonar i svara, men materialet så langt gjev oss i alle fall eit godt utgangspunkt for å kunne spore uttrykk for kristen ungdomstru og identitet på nettet.

## 4.3 Del 2 – kartlegging av nettaktivitet og nettvanar

Del 2 av spørjeundersøkinga har til hensikt å gje eit generelt inntrykk av kor mykje respondentane brukar nettet, og kva dei brukar nettet til. Svara til denne delen er på same måten som svare til del 1 tenkt som bakgrunnsinformasjon for svara dei seinare gjev om korleis dei uttrykker trua og identiteten sin på nettet. Relevansen for å kartlegge ungdomane sin nettbruk er blant anna grunngeve i Thomas sine påstandar om at for eksempel tidsbruk på nettet er ein vesentleg faktor for i kor stor grad identiteten kjem til uttrykk. Auka online-tid aukar moglegheitene og *behovet* for ein online identitet. Så dette, saman med andre sider ved nettbruken, kan forhåpentlegvis bidra til å kaste lys over og forklare grader og måtar å uttrykke kristen tru og identitet på internett.

### 4.3.1 Tidsbruk og nettaktivitet

I forhold til tidsbruk på nettaktivitet kom det fram ein interessant forskjell mellom informantgruppene ved dei to skulane. Dei fleste oppgav tidsbruken i heile timar, og slik sett er det ikkje ei veldig nøyaktig tidsmåling. Ut frå dette oppgav gruppa ved Kvitsund likevel ganske nøyaktig ei *gjennomsnitteleg* online-tid på 2 timar pr dag, med + / - 1 time for enkelte brukarar. Eit par stykk oppgav ein vesentleg høgare online-aktivitet med 5-8 timar pr dag. Tilsvarande tal for informantane ved Drottningborg viser ei gjennomsnitteleg tid på nettet tilsvarande 3 timar pr dag, med + / - 2 timar for enkelte. Ein tilsvarande andel som på Kvitsund oppgav ein høgare aktivitet på 5-8 timar. Den auka tida på nettet for Drottningborg-elevane dreier seg difor om dei jamne og gjennomsnittelege brukarane, og ikkje ”ekstrembrukarane”. Denne auka tidsbruken og tilstadeverelsen på nettet vil vere ein vesentleg faktor å ta med i analyse og drøfting av avfunn som kjem fram seinare i undersøkinga.

I respondentane si beskriving av typisk nettaktivitet i forhold til tidsbruk utgjær ikkje overraskande internett som kultur- og underholdningsformidlar ein viktig og tidsmessig omfattande aktiviteten. Innhaldet i kulturen og underhaldinga er særleg knytta til ulike tv-seriar som ein ser på nett, og lytting til musikk og musikkvideoar på Spotify og Youtube. Mykje av dette underholdningskonsumet, særleg i forhold til musikk, går derimot parallelt med, og fletta innimellom anna fritids- og skuleretta online-aktivitet. Eit anna trekk ved



aktiviteten er at nyheiter ser ut for å vere ein del av "den daglege rutinen" for dei aller fleste ungdomane når dei er på nettet. Det dreier seg for dei fleste om nokre minutt og opp mot ein halvtime, og for enkelte vert det nok meir sport og kjendisstoff enn politikk, men eit blikk på overskriftene høyrer tydelegvis med.

Eit funn som i alle fall går *mot myten* om ungdom på internett er at online-speling utgjer ein forsvinnande liten del av dei fleste sin internett-aktivitet. For ein knapp handfull til saman, dvs mindre enn 1/10 av respondentane utgjer speling på nett ein vesentleg del av aktiviteten, og for desse få kan det fort dreie seg om 3-5 timar pr dag. Multi-player online rollespel (MMORPG) som World of Warcraft og Counter Strike kan periodevis utgjere ein stor del av dette, men det kan òg dreie seg om speling av enkle gratis spel for singelspelarar på 123spill e.l. For resten av informantane er inntrykket at speling i beste fall er ein sporadisk aktivitet, og noko ein tyr til som "kriseaktivitet" når det ikkje er anna å finne på. Konklusjonen kan på mange måtar vere at enten spelar du eller så spelar du ikkje, men for dei få som spelar opptek speling som regel mykje tid.

Dei mest overraskande funna er derimot knytta til dei to responsgruppene sin tidsbruk på sosiale medier, som ganske utelukkande er knytta til Facebook. Bortsett frå dei få som brukar mykje tid på speling så er trenden i gruppene ved begge skulane at 3/4 av respondentane bruker mest av nett-tida si på Facebook. Det er store variasjonar i tidsbruk internt i gruppene og mellom fruppen. Informantane ved Kvitsund oppgav tidsbruk på Facebook varierende mellom nokre minutt og opp til 1 time pr dag, med eit snitt rundt ein 1/2 time. Eit par stykk oppgav at Facebook stort sett var på i bakgrunnen så lenge dei var online, men at aktiv tid likevel begrensa seg til rundt timen. Ved Drottningborg var trenden ganske anleis. Nesten 1/4 oppgav at dei var logga på Facebook stort sett det meste av dagen og onlinetida, og elles var den klare tendensen hos nesten 3/4 av informantane at dei brukte mellom 1-2 timar pr dag på Facebook, dvs ca 1 1/2 i snitt. Kun ein liten handfull oppgav å bruke Facebook "lite", dvs frå ein 1/2 time og ned til nokre minutt, som omtrent utgjer snittet ved Kvitsund!

Facebook utgjer slik ikkje overraskande det grunnleggande elementet i ungdomane sin online-aktivitet, men svara avdekkar altså ein markant høgare bruk ved Drottningborg. Tidsbruken på Facebook heng nødvendigvis saman med tidsbruken på nettet totalt sett. Samtidig ser det ut

for at Facebook sin "andel" av online-tida er større blant elevane ved Drottningborg enn ved Kvitsund. Elevane ved Kvitsund brukar ca 2 timar pr dag på nettet, og rundt 30 minutt på Facebook, tilsvarande 1/4 av tida. Ved Drottningborg ligg snittet på online-tid rundt 3 timar, og tilsvarande tid på Facebook 1 1/2 time, noko som gjer det rimeleg å anta at rundt halvparten av tida går med på Facebook.

#### **4.3.2 Nettsider og kommunikasjon**

Informantane skulle oppgje dei nettsidene dei besøker oftast og mest regelmessig. Elevane ved dei to skulane verkar rimeleg "samkøyrt" i forhold til kva sider som er populære, og det er heller ingen ting som tyder på at dei skil seg nemneverdig frå gjennomsnittelege norske ungdomar. Facebook kjem nødvendigvis ut i ei særstilling. 2/3 oppgjev Facebook som den mest besøkte sida, og over 9/10 har Facebook blant dei 5 mest besøkte sidene. Det er heller ikkje mange overraskingar i dei andre mest besøkte sidene. Hotmail og Gmail går att i samband med e-post, Wikipedia og Google i samband med informasjonssøk, og Youtube som underhaldning. Opp mot halvparten nemner desse sidene, men ut frå svar i andre samanhengar er det ikkje utenkeleg at endå fleire er innom desse sidene. Særleg kan det gjelde mail-tenestene, som mange kanskje knapt tenker på som nettsider i denne samanhengen. På den andre sida er det nok ein del i utsagnet om at "mail is for old people", og at mange unge ikkje brukar mail like aktivt som før. Det betyr f.eks at dei ikkje sjekkar mail kvar dag, noko som samsvarer med eigen erfaring som lærar, og at blant anna Facebook har teke over for den dagelge online-kommunikasjonen. Det er ei potensiell endring i nett-åtfærd som kanskje nokon burde undersøke nærmare?

Eit anna trekk i undersøkinga er at om lag 2/3 oppgjev ei eller fleire nettaviser blant sine 5 mest besøkte nettsider. Det dreier seg mykje om vg.no, db.no og aftenposten.no, men òg eit spekter av lokale og regionale nettaviser. Dei få spelarane blant respondentane oppgjev ulike spelsider som 123spill, gaiaonline og mindjoltgames, men WoW og andre online rollespel er nesten fråverande i det som er lista opp her. Det kan vere fleire årsaker til dette, blant anna begrensingar på lokale nettverk i forhold til enkelte spel, men det bidreg uansett til inntrykket av at spelaktiviteten blant ungdom er betydeleg lavare enn det ein kanskje før har antatt. Elles går det litt i ulike interesse- og bloggsider, og 2-3 stykk ved Drottningborg som nemner

kvinneguiden.no! Det generelle inntrykket er likevel at informantane er overvegande uniforme og samstemte i forhold til vanar og navigering i nettlandskapet.

Ein interessant observasjon ved dette spørsmålet er i kor *liten* grad ”kristne” nettstader er representert. Berre ca 1/10 oppgjev regelmessig besøk på ei eller fleire sider med spesifikk kristen profil, som f.eks bibelen.no, elevationchurch.org og itro.no. Inntrykket er likevel gjennom respons på andre spørsmål i undersøkinga at mange kjenner til desse og andre kristne nettstader, og at dei dropper innom av og til. Det er då gjerne knytta til å stille spørsmål om eller finne svar på diverse tema og trusspørsmål, men at det ikkje inngår i dei daglege ”topp 5”-sidene. Ei mogleg forklaring som vert gjeve i samband med spørsmål om nettsamfunn i del 3 er at fleire av elevane var meir aktive på slike nettstader *før* dei begynte på kristen internatskule, men at det kristne nettverket dei no har på skulen reduserer behovet for å ha eit kristent nettverk på internett.

På spørsmål om i kva grad og på kva måtar informantane har kontakt med sin nære og vanlege vene- og bekjentskapskrins via nettet viste det seg betydelege forskjellar mellom respondentgruppene ved skulane. Ved Kvitsund fordelar variasjon seg rimeleg jamt mellom dei som har liten kontakt med dei nærmaste venene via nettet, til dei som har noko kontakt og dei som mykje kontakt. Informantane her fordeler seg med ca 1/3 i kvar kategori, og kontakten fordeler seg òg ganske likt over ulike media som Facebook, msn og mail, med ei lita overvekt på Facebook. Den overvegande tendensen er uansett at online-kontakten særleg rettar seg mot familie, vener og bekjente som befinn seg *utanfor* dagleg, fysisk rekkevidde. Det er sjølvsagt variasjonar ved Drottningborg òg, men her er Facebook det desidert mest nytta mediumet, med meir sporadisk kontakt via msn og mail. I tillegg oppgjev opp mot 2/3 at dei har *mykje* kontakt med sine næraste vener og bekjente via nettet, og *særleg* vener og bekjente *innanfor* dagleg, fysisk rekkevidde. Facebook verkar rett og slett for å vere eit betydeleg lokalt kontaktmiddel ved Drottningborg, og for å sitere ein av respondentane som er ganske representativ for majoriteten:

*Jeg har mye kontakt med vennene mine via Facebook. Særlig Facebook-chatten! Jeg har blitt kjent med flere på Borgen via Facebook, er ofte lettere enn i virkeligheten*

Ei mellombels slutning er at ein større del av den sosiale kommunikasjonen og det sosiale livet ved Drottningborg har flytta over på nettmedier enn tilsvarande ved Kvitsund.

I forhold til kontakt med personar *utanfor* vene- og bekjentskapskrets, og kva type kontakt dette dreier seg om, så viser òg responsen vesentlege forskjellar hos elevane ved Kvitsund og Drottningborg. I gruppa frå Kvitsund er det svært lite kontakt via nettet med folk utanfor venegjengen, med eit fåtal unntak. Det er ein som ”leser blogger til folk jeg bare er bekjent med, men som skriver bra”. Dette er dog ikkje aktiv kommunikasjon, men det er ein person som beskriv ein meir aktivt oppsøkande praksis:

*Igjennom spill via internett er det selvfølgelig en del kontakt med andre personer som jeg ikke kjenner in real life. Gjennom forum, blogger og online chat er det også mye kontakt med folk man ikke i utgangspunktet kjenner. I slike situasjoner er det forskjellig kontakt det er snakk om. I spillsituasjoner er det selvfølgelig spill-relaterte temaer som taes opp, mens i forum snakker man om aktuelle temaer i forskjellige tråder (i mitt tilfelle er jeg vanligvis i tilknytning til litt dypere temaer som om livet etc.). Omegle er et nettsted der man kan komme i kontakt med en random person over nettet og prate. Her er det dessverre mye griseprat og lite saklig som foregår. Jeg selv leter til jeg finner noen som er interessert i å snakke seriøst, så kan jeg snakke lenge med personer som er fra et helt annet sted enn Norge. Moro.*

Ved Kvitsund ser dette ut for å vere eit sjeldant unntak frå regelen, medan ein større del av elevane ved Drottningborg oppgjev å vere meir utadvente i sin nettaktivitet. Majoriteten her òg gjev uttrykk for at dette er sjeldan og sporadisk, men ein god 1/4 har meir og mindre regelmessig kommunikasjon med ukjente folk utanfor den næraste krinsen. Nokre eksempel er bl.a:

*”Jeg har ganske aktiv kontakt med folk utenfor min ”daglige vennekrets” over nettet. Jeg har f.eks fått flere ”online venner”, gjennom sider som Gaia Online eller Spill.com. PMs, linker som vi sender til hverandre o.l forekommer regelmessig.*

*Jeg har kontakt med folk som bare er bekjente på facebook, folk jeg ikke har truffet mer en en gang, så altså egentlig ikke kjenner. noen av de snakker jeg mye med, ...*

*Jeg har besøkt omegle.com en del. Der snakker du med en helt tilfeldig fremmed person fra et tilfeldig sted i verden (en del pervogriser, men de hopper jeg over). Men jeg hadde mer kontakt med "fremmede" folk før.*

Kontakt med framande foregår altså til dels med tilfeldige personar som ein bare kommuniserer med ein gong gjennom anonym chat, men kan òg vere fastare relasjonar knytta til online speling. Dei som har slik kontakt er stort sett over gjennomsnitteleg aktive på nettet, men det totale inntrykket frå respondentane ved begge skulane er uansett at dette utgjør ein marginal del av nett-aktiviteten for den jamne brukar, og gjerne avgrensar seg til litt "spesielt interesserte". Den klare tendensen er at nettkommunikasjon foregår overfor vener og bekjente, og gjerne folk ei omgåast dagleg.

Når det gjeld bruk av namn eller nick i online situasjonar er hovudintrykket at ungdomane er bevisste og forsiktige med bruk av fullt namn, og om lag 1/2 begrensar dette til Facebook. Elles er det situasjonsavhengig alt etter kor seriøst dei opplever samanhengen, og kor interessert dei er i innhaldet i nett-aktiviteten. Eit par stykk står av prinsipp alltid fram med fullt namn, for å "være meg selv", men er til gjengjeld særskilt forsiktige med nettsidene og samanhengane dei opptre i. Dei som opptre mest med nick er naturleg nok dei som er mest aktive i spelsamheng, diskusjonsforum og liknande, men enkelte oppgjev at dei gjerne kan ha "kristne" nick som på eit eller anna vis tilkjenner deira trusstandpunkt, som f.eks eit kors i nicket. Bruken av nick har gjerne to grunngevingar: Vern om seg sjølv, personopplysningar osv, og erkjenninga av at det er lettare å målbære enkelte meiningar og stille visse typar spørsmål dersom ein slepp at det vert knytta direkte til deira namn. Den ulike praksisen på bruk av namn eksemplifiserar to viktige aspekt ved identitet: Behovet for å uttrykke seg sjølv og sin identitet, og behovet for å verne om seg sjølv og sin identitet.

### 4.3.3 Oppsummering og kommentarar del 2

For å oppsummere funna om nettaktivitet og nettvaneer så ligg Kvitsund-elevane med sine 2 timar pr dag omtrent på gjennomsnittet for tidsbruk i forhold til norske 16-åringar (Lundgaard, 2010), medan Drottningborg-elevane ligg godt over med ca 3 timar. Sosiale medier, tv-seriar og musikk fyller mykje av innhaldet i nettbruken, og dei held seg i stor grad på Facebook, Youtube og ulike nettaviser. Online spelning av betydning er avgrensa til ein liten handfull. Elles skiller gruppene lag når det gjeld Facebook, både når det gjeld tid og bruk, der Drottningborg-elevane både brukar adskilleg meir tid på Facebook, og kommuniserar mykje meir med sine næraste vener via Facebook. Kontakt med andre utanom dei nærmaste bekjente er ikkje vanleg for den jamne brukar, og dei er generelt forsiktige med bruk av fullt namn utanom Facebook.

For å kommentere litt meir om variasjonen i tidsbruk på nettet mellom skulane er det lite og ingen ting i materialet om bakgrunn og oppvekst for dei to elevgruppene som tilseier at det skulle vere ein så stor variasjon. Inntrykket derifrå teiknar eit ganske einsarta bilete av elevane. Faktorar ein kan spørje etter som forklaring på dette kan f.eks vere anna fritidstilbod både på skulene og i nærområdet, leksekultur og praktiske forhold knytta til hastigheit på nettlinja osv. Kjennskapen til skulane og den begrensa informasjonen eg konkret har på desse områda tilseier derimot ikkje at svaret ligg her. Sjølv om Drottningborg pr i dag nok har størst linjekapasitet så er den langt i frå ”dårleg nok” på Kvitsund til at elevane held seg offline av den grunn. Vidare er dette 3.års elevar, og begge skulane har tradisjon for ein engasjert russ med mange sosial aktivitetar og humanitære innsamlings-prosjekt på fritida. Inntrykket er òg at mange jobbar ved sidan av, og deltek regelmessig på aktivitetar både på og utanfor skulen. Gjennom òg å vere gymlærar er inntrykket at fleire av elevane trenar og er fysisk aktive no samanlikna med for 5-10 år sidan. Kvitsund har nok eit udokumentert rykte på seg for ein betre leksekultur enn Drottningborg, men skule- og eksamensresultat tilseier ikkje at elevane verken her eller der har dumpa skulearbeidet til fordel for Cyber Space. Min tanke er derimot at forklaringa heller må ligge i ulike lokale kulturar i forhold til bruk av internett, og særleg sosiale medier. Det gjeld heilt tydeleg i bruksomfang, men skal verte spanande og sjå om det òg gjeld bruksområder og bruksmåtar, ikkje minst i forhold til å uttrykkekristen tru og identitet. Det skal vi sjå nærare på straks.

## 4.4 Del 3 – kartlegging av kristen tru og identitet på nettet

I del 3 av spørjeundersøkinga bevegar vi oss gradvis meir konkret inn på korleis informantane uttrykker si kristne tru, verdiar og identitet på nettet. Spørsmåla legg stort sett opp til at dei skal beskrive sin eigen nettaktivitet, og reflektere over korleis dette heng saman med trua og verdiane deira. Som ein glidande overgong til dette skulle dei innleiingsvis beskrive viktige verdiar, førebilete, ferdigheiter og relasjonar som dei har i RL, og korleis dette eventuelt pregar, formar og styrer online-aktiviteten. Bakgrunnen for desse spørsmåla er hovudsakleg Keyes sine fire bibelsk faktorar for identitetsdanning. Desse spørsmåla er eit forsøk på å spore og identifisere faktorane over på nettet, og korleis dei eventuelt heng saman med RL. Deretter går spørsmåla inn på konkrete nettaktivitetar, som kultur og underhaldning, spel, kommunikasjon, produksjon av nettinnehald og sosiale medier, og korleis trua eventuelt inngår og reflekterast gjennom desse aktivitetane. Til slutt skulle dei ta stilling til og kommentere nokre påstandar om tru og identitet på nettet. Dette kjem vi tilbake til, men først ein kikk på korleis informantane definerer seg sjølv i forhold til Winokur sine *typar* for aktivitet på nettet.

### 4.4.1 Typar åtfærd og formål

Dette første spørsmålet heng saman med det som vi har sett på tidlegare i Thomas si beskriving av ulike typar ”personlegheiter” og åtfærd som ein finn på nettet, og korleis desse representerar ulike formål med online-aktiviteten. Det er *spelaren* (gamer) som med si utadretta haldning søker interaktivitet med andre. Deretter er det *forfattaren* (writer) som er meir innadretta, og i større grad søker å uttrykke seg sjølv enn å kommunisere med andre. *Kikkaren* (lurker) bidreg i liten grad sjølv i sin nettaktivitet, men er meir oppteken av å observere og halde seg orientert om kva andre driv med. Til slutt er det sabotøren (saboteur) som nettopp er meir oppteken av å sabotere og spreie kaos enn konstruktivt kommunisere med andre. Informantane skulle altså plassere og beskrive seg sjølv i forhold til desse typane, og inntrykket mellom informantgruppene er relativt samstemt. Ingen vil vedkjenne seg å vere sabotørarar, og haldninga blant elevane til den slags åtfærd ser ut for å vere eintydig negativ. Som ein av dei uttrykker det: ”Det skal jo være morro for alle”. Omlag 3/4 vil litt overraskande først og fremst definere seg som *kikkarar*. Enkelte av desse vil òg beskrive seg som *litt* forfattarar og *litt* spelarar, men at kinking er den dominerande åtfærda. Kikkinga er

derimot ikkje meir lyssky enn at det forholdsvis utelukkande dreier seg om å bruke Facebook til å følge med på kva venene driv med, lese kva dei skriv og sjå på bilete som dei legg ut. Formålet og intensjonen verkar først og fremst vere å vise interesse for, og halde seg orientert om venene sitt liv og det som elles skjer. Behovet er altså ikkje kinking i form av anonym ”spionasje”, for kinkinga er som regel òg forbunde med litt skriving, sjølv om denne ”forfattinga” i stor grad avgrensar seg til å legge ut eigne statusar og kommentere andre sine statusar og bilete. Denne ”kinkinga” er for ein stor majoritet den primære motivasjonen for å vere på nettet, og særleg på Facebook.

5-6 personar, dvs godt 1/10, definerer seg som hovudsakleg forfattarar. Mykje av denne ”forfattinga” foregår på Facebook, men ikkje nødvendigvis gjennom veldig mykje tekst. Det kan gå vel så mykje tid og energi på redigering og kommentering av eigne bilete og album, samt til meir og mindre gjennomtenkte og hyppige statusoppdateringane. For 3 personar, alle ved Drottningborg, blir det litt blogging i tillegg, men kun to som opprettheld bloggane med nokon lunde regelmessige oppdateringar. Den eine er ein typisk dagbok-blogg, mens den andre har meir fokus på tema, refleksjonar og personlege ytringar om laust og fast. Det samla inntrykket er ut frå dette at *behovet for å uttrykke seg* ikkje er veldig stort blant informantane, og fleire gjev til kjenne at dei ”gidder ikke skrive selv”, eller ikkje føler dei har allverdens å skrive om.

Andelen som først og fremst definerer seg som spelarar samsvarer med dei som oppgjev sin primære nettaktivitet til å dreie seg om spel, dvs godt 1/10. Men ikkje utelukkande speling! I same kategorien finn du òg fleirtalet av dei som oppgjev å regelmessig delta i forumdebattar, chattekanalar o.l. Dette stemmer uansett bra med Thomas si beskriving av ”spelaren” som interaktivt og sosialt orientert, og stemmer lite med myten om spelaren som inaktiv og asosial.

#### **4.4.2 Verdier på nettet**

Relevansen for dei påfølgande spørsmåla bygger på det Keyes omtalar som dei fire bibelske faktorane for identitetsdanning, som òg er omtalt i teorikapittelet. Det første spørsmålet dreier seg om samanhengen mellom verdier i RL og i kva grad desse pregar onlin-aktiviteten. Verdier definerer livsmåla våre, og måla styrer handlingane og vala våre. Slik er det ein viktig



faktor i forming av identiteten, og korleis vi uttrykker identiteten. Tanken er å sjå korleis dette eventuelt spelar inn på praksisen på nettet. I informantane si beskriving av viktige verdiar som dei har i RL finn vi att mange av det ein gjerne vil beskrive som kjerneverdiar i kristendom og humanisme, pluss nokre typiske ”nettverdiar”. Det er eksempelvis anstendig språk, respekt, ikkje baktale, ikkje såre, inkludering, ærlegheit, tydelegheit på eigen ståstad, sømmelegheit i forhold til bilete, nettvett osv. Desse generelle verdiane er bortimot unisont uttrykt blant informantane, mens om lag halvparten (1/2) i tillegg uttrykker det mange vil tenke som meir klassiske kristne verdiar som for eksempel nei til abort, nei til alkohol, nei til sex før ekteskap, ”å leve etter Jesus” osv.

Graden desse verdiane har av praktisk påverknad og konsekvensar for nettaktiviteten varierer ein god del. Alt frå ei ”Kardemommelov-haldning” der det på det jamne handla om å vere snill og grei og halde seg borte frå porno, til dei som klarare uttrykte spesifikke bibelske verdiar gjennom sin online kommunikasjon og aktivitet. Tendensen blant dei som hallar mot det siste er òg ein tydelegare og meir bevisst kristen profil på nettet, med generelt eit uttrykt ønske om å både vise og formidle trua si på nettet. Det kan dreie seg om ulike ting som å skrive eit bibelvers og forsvare kristne verdiar i diskusjonar. Det generelle inntrykket er uansett at det er viktig for ungdomane, uansett kategori, å framstå på nettet i *samsvar* med sine Real Life-verdiar. Informantane uttrykker dette på ulike måtar, som at ”det er samme standarden på nettet som i virkeligheten”, at ein må kunne stå for det ein skriv og gjer, og bevisstheit om at det er verkelege menneske ein har med å gjere på nettet òg. I tillegg kommenterar fleire det faktum at nettet ligg opent for alle, og at hovudtyngden av kommunikasjonen foregår med dei nærmaste venene og familien. Det ”vanskeleggjer” eit dobbeltliv mellom nett og RL. I tillegg ”avslører” dei aller fleste seg som kristne på Facebook-profilen gjennom ”Religious view”, noko som gjev ei forplikting til å leve opp til forventningane det skaper.

#### **4.4.3 Førebilete på nettet**

Modellar og førebilete formar i følgje Keyes i større grad følelseslivet, og gjennom det vår identitet. I si beskriving av viktige førebilete og rollemodellar i informantane sine liv fordelar det seg ganske jamt i tre grupper, eller ”typar” førebilete. Ein god 1/3 peiker på vaksne i ulike

kategoriar. For dei aller fleste dreier dette seg om eigne foreldre som på ulikt vis har satt "standarden" å leve opp til. Men mange nemner òg skule og lærarar, eller andre vaksne dei kjenner som er rollemodellar gjennom å leve ut ei tydeleg kristen tru. Funksjonen som førebilete ser ut til å ligge meir på verdiar og haldningar enn praktiske ferdigheiter, sjølv om det og førekjem. Den andre 1/3 refererer til meir og mindre jamn-aldringar som eldre søsken og vener. Førebiletefunksjonen kan vere knytta til ferdigheiter dei ser opp til, eller haldningar, verdiar og sjølvstendigheit som dei utviser. Den siste lille tredjedelen refererer direkte og indirekte til kristne verdiar. Anten ved spesifikt å ha Jesus som sitt førebilete, eller at dei ikkje har konkrete førebilete, men peikar på trua og verdiar sine som ideal dei har for livsførselen. 2-3 stykk nemner utover dette konkrete namn innan idrett, film og musikk som sine førebilete, tydeleg forbunde til felt der dei sjølv har interesser eller er aktive på eit eller anna vis.

Keyes peikar på korleis konflikt mellom våre verdiar og våre rollemodellar kan skape spenningar og motsetningar i vår identitetsdanning. Litt av dette spenningsforholdet kan ein spore i svaret til ein av respondentane som oppgjev sine førebilete kort og godt til; "Jesus og Chuck Norris". Vi kan vel ane eit motsetningsforhold her? Èin nemner òg freistingar frå porno som ei utfordring, og èin peiker på dei verdimeslige utfordringane ein kan oppleve i møte med ulike forbruks-, utsjånads- og sexideal som bombarderar ein på nettet. Som ein av informantane uttrykker det: "Leser om sex på kvinneguiden.no, men vil vente med sex til jeg er gift". Dette er impulsar som nok vil dra i forskjellig retning, men det generelle inntrykket i det informantane oppgjev skaper likevel eit ganske samstemt bilete mellom moral og modellar. Modellane og førebileta er førebilete *nettopp* fordi dei lever opp til og lever ut ideala og verdiane til informantane!

Men i kva grad og på kva måtar påverkar og formar eventuelt desse RL-modellane praksisen på nettet, og er det eventuelt andre modellar som er styrande for nettpraksisen? Det er ingen som oppgjev andre førebilete for sin online aktivitet enn det dei oppgjev som førebilete i det verkelege liv. Det er derimot store variasjonar i kor stor grad førebileta påverkar aktiviteten på nettet, og kva type påverknad det er snakk om. Rundt 1/4 ser ingen eller lite relevans mellom rollemodellar og nettpraksis. Eit par av desse kan verke litt ubevisst på eventuell indirekte påverknad gjennom haldningar etc, men forståeleg nok er det lite Chuck Norris bidreg med inn mot aktivitet på sosiale medier. For dei ca 2/3 som oppgjev vaksne, Jesus eller ulike verdiar som sine fremste ideal er påverknaden først og fremst indirekte gjennom

grunnleggande haldningar, varierende alt frå å bruke minst mogleg tid på nettet til å vise generelt nettvert. Den siste tendensen er klarast. Elles er det ein og annan som har ein far som har bidrege meir direkte med praktiske digitale ferdigheiter. Denne typen direkte og praktisk påverknad på online ferdigheiter er definitivt sterkast frå den 1/3 som oppgjev søsken og vener som sine rollemodellar. Særleg storebrødre ser ut for å ha delt villeg av sin digitale kompetanse. Men òg blant informantane i denne gruppa står haldningar sentralt når det gjeld korleis førebileta har hatt innverknad på online-aktivitet.

Alt i alt ser det ut for å vere få konkrete førebilete for aktivitet og åtferd på nettet. Det betyr likevel ikkje at livet på internett er ”tøyleslaust” og utan normer! Ein viktig faktor er dei kristne verdiane som i følgje informantane i stor grad ser ut for å følgje med over i Virtual Reality. I tillegg uttrykker opp mot 1/3 av informantane på ulike vis at den viktigaste formingssfaktoren for deira nettaktivitet er påverknad gjennom ulike former for kommunikasjon med det som er dei viktigaste personane i liva deira; deira nærmaste familie og vener. Ei side ved dette er at direkte kommunikasjonen over nettet med desse personane vert beskreve som viktig relasjonsbygging, og at ein nødvendig vil støtte desse frå seg med uhøvisk framferd. Ei meir indirekte side ved dette er at Facebook er den dominerande arenaen for online kommunikasjon, der aktiviteten ligg open for både foreldre, søsken, vener, tanter og onklar, og at ein òg vil unngå og skuffe sine næraste ved måten ein framstår på der. Ivaretaking av dei sosiale relasjonane vert slik ein sterkt modererande og styrande faktor i forhold til nettaktiviteten, og peiker tydeleg i retning av kor viktig førebilete trass alt er for informantane. Ideal og førebilete må ikkje sviktast og skuffast, heller ikkje online!

#### **4.4.4 Meistring på nettet**

Oppleving av å meistre praktiske og sosiale ferdigheiter er i følgje Keyes den tredje av dei grunnleggande bibelske faktorane i identitetsdanninga. Intensjonen med dette spørsmålet er at informantane skal beskrive det dei ser som sine meistringsområde i RL, eventuelt korleis desse pregar online-aktiviteten, og i kva grad dei i heile teke opplever nettet som ein meistringsarena. Svara peikar nødvendigvis i mange ulike retningar, men det delar seg ganske godt på midten i forhold til dei som først og fremst trekker fram *praktiske* ferdigheiter og dei som trekker fram *sosiale* ferdigheiter. Praktiske ferdigheiter dekkjer eit ganske vidt spekter frå

idrett og friluftsliv, til musikk og skularbeid. Dei fleste av desse ser i liten grad relevansen mellom sine offline ferdigheiter og online aktivitet, og for ein handfull resulterer det i at dei bruker forholdsvis lite tid på nettet. Online-aktiviteten begrensar seg òg gjerne til enkel kommunikasjon via facebook, mail og liknande. Ein liten 1/5 av alle informantane oppgjev derimot praktiske ferdigheiter som dei òg nyttar på nettet i større og mindre grad. Det kan vere digital kompetanse som dei gjer seg nytte av på ulikt vis, eller gode ferdigheiter i spel.

Den praktiske ferdigheita som derimot flest i denne gruppa refererer til er lesing og skriving, og mest det siste. Dei brukar nettet til å f.eks tileigne seg kunnskap, og i endå større grad til å uttrykke seg skrifteleg. Ikkje alltid ved skriving av store tekstmengder, men det kan dreie seg om å "leike" seg med språket i ein chatt, skrive morosame ting på Facebook som dei får respons på frå andre, eller aktiv deltaking i diskusjonsforum. Men tendensen sjølv i denne gruppa som har relativt høg meistringfølelse på nettet er at dei *likevel* føretrekk offline-aktiviteten, og at den aktiviteten dei driv online er eit supplement, og ikkje ei erstatning for offline-livet.

Av den halvdelen av respondentane som først og fremst trekker fram sine sosiale ferdigheiter definerar om lag 2/3 seg som glade, positive, sosiale og utadvendte. Dei aller fleste av desse hevdar at online-aktiviteten deira reflekterer dette i stor grad, der dei trivest med online-kommunikasjon og brukar dette til å halde kontakt med familie og vener, spreie glede og humor, og gjerne har lange venelister på Facebook. Samstundes er det enkelte av dei som beskriv seg som sosiale som gjev uttrykk for at dei har avgrensa behov for å leve dette ut online, og at enkelte endå til er betydeleg *mindre* sosiale, utadvendte og opne på nettet. Eit par stykk antydgar på den andre sida at enkelte ting *kan* vere lettare å spørje om eller kommentere på nettet, som å spørje korleis det går eller gje eit kompliment. Trass i dette er den eintydige tendensen òg blant dei som lever eit utstrakt sosialt liv på nettet at dei likevel foretrekk den direkte face to face-kontakten i offline-modus.

Den lille 1/5 av informantane som vil definere seg som inneslutta og stille i sitt offline sosiale liv hevdar at dette òg beskriv livet og kommunikasjonen deira online. Det heng delvis saman med at dei ikkje har det store behovet for å uttrykke seg, eller ikkje veit heilt kva dei skal uttrykke. Det vert òg bemerkta at sidan det er dei same folka dei har med å gjere både på og

utanfor nettet så vil dei oppleve det falskt å skulle kompensere ein lav sosial profil i RL med ei veldig offensiv framferd på nettet. Fordelen med å uttrykke seg via nettet er likevel at det ein skriv ofte opplevest betre enn det ein seier i RL pga at det er meir gjennomtenkt. Likevel inntek denne gruppa som oftast "kikkar-rolla". Samstundes vert det av enkelte av informantane understrekar *nødvendigheita* av å vere tilstades på Facebook for å henge med på det sosiale livet, sjølv om ein ikkje er veldig aktiv sjølv. Å *ikkje* vere på Facebook er ikkje så ille at dei vil kalle det "sosialt sjølv mord", men dei observerar at enkelte fell litt utanfor innsidekjennskapen til det som rører seg i flokken, og at det er vanskelegare å oppretthalde regelmessig kontakt med folk som ikkje er på Facebook.

Sjølv om spørsmålet her dreia seg om meistring, kjem det likevel fram mykje innfor om informantane sine sosiale ferdigheiter, personlegheit og identitet. Den overvegande tendensen er alt i alt at online-identiteten i stor grad reflekterer offline-identiteten, anten den er slik eller sånn, og at framtoninga online om noko er litt meir *reservert* enn offline. Dette siste modererer f.eks Turkle sin påstand om at internett er "a laboratory for constructing identity". Det ser i følge informantane sine eigne beskrivingar rett og slett ikkje ut til å stemme! Kanskje var dette meir dekkande og beskrivande for online-aktiviteten *før* massene sitt inntog på Facebook, men inntrykket gjennom denne undersøkinga er at i alle fall at normal-bruken på Facebook framstår meir som "a work shop for expressing, maintaining and confirming identity". Thomas stadfestar òg at ungdom på nettet ikkje er veldig eksperimentelle av seg når det gjeld online identitet.

#### 4.4.5 Relasjonar på nettet

Relasjonane våre har sterk innverknad på forminga av identiteten vår, og under dette punktet i undersøkinga skulle informantane oppgje viktige relasjonar i livet sitt, i kva grad desse er ein del av og formar online-aktiviteten, og i kva grad dei opplever online-relasjonane sine som gode og trygge. Ikkje overraskande er det eit nærmast unisont uttrykk blant informantane om at familie og vener utgjer dei grunnleggande sosiale relasjonane deira. Inntrykket er at desse relasjonane òg utgjer dei dominerande relasjonane på nettet, som i praksis for dei fleste betyr på Facebook. Det er derimot ulik grad av kor mykje desse relasjonane er *aktive* i informantane sin online kommunikasjon. Foreldre er ein fundamental relasjon, og dei ser ut for i stor grad å

vere tilstades på Facebook, men det ser ut for å vere lite direkte kommunikasjon med dei via nettet. Dei ligg der eventuelt som passive ”moderatorar” for kva ein velger å legge ut av informasjon og ikkje. Søsken er i langt større grad ein del av den regelmessige kommunikasjonen på nett, mens telefonen ser ut for å vere det føretrekte medium for kommunikasjon med foreldre når dei ikkje er fysisk innan rekkevidde.

Minst 9/10 oppgjev at relasjonar med vener er både mest utbredt og viktigast på nettet. For dei venene som er *innanfor* geografisk rekkevidde vurderar dei aller fleste informantane online-relasjonane som klart underordna den kontakten dei har i den fysiske verda. For dei venene som er *utanfor* geografisk rekkevidde gjev derimot mange uttrykk for at Facebook nærmast er ”livsnerven” i den regelmessige kommunikasjonen med desse. Vener dei ikkje har kontakt med via Facebook vil dei som regel òg misse kontakten med i Real Life. Det seier kanskje litt om betydningen online-relasjonane har fått?

Sjølv om majoriteten fortsatt vil hevde med styrke at offline-relasjonane er viktigast så er det ein liten 1/4 som antydgar at Facebook likevel bidreg til styrka og forbetra kommunikasjon og relasjonar med både foreldre, søsken og vener. ”Gode vener er det som gjer Facebook morsomt” i følge ein informant, og i ulike samanhengar kan Facebook bidra til å utvide kjennskapen til omgangskretsen sin. Eit poeng i dette er at ein gjerne kjenner folk ut frå bestemte samanhengar, mens andre kjenner dei ut frå andre situasjonar. Når alle desse møtest på Facebook på kryss og tvers av venskapsband kan det potensielt leie til at ein via andre kan oppdage nye sider ved familie og vener, og at dette i sin tur bidreg til utvida og styrka kjennskap og relasjonar. I tråd med dette er det overvegande inntrykket at ungdomane opplever online-relasjonane sine som trygge og gode fordi det dreier seg om dei same relasjonane som dei opplever som trygg og gode i RL. Kun 2 stk oppgjev å ha regelmessige online-relasjonar med personar dei ikkje kjenner i RL. Den eine særleg gjennom spel-aktivitet, og den andre i større grad gjennom forum-aktivitet. Desse nemner eksempel på mindre hyggelege opplevingar med framande på nettet, men begge opplever seg likevel trygge i og med at dei i desse samanhengane opererer anonymt eller under nick.

#### 4.4.6 Oppsummering bibelske faktorar for identitetsdanning

Dei generelle tendensane kan oppsummerast i at majoriteten av informantane beskriv seg som kikkarar. Dette er grunngjeve i at dei brukar Facebook til å halde seg orientert om vener og det som skjer, ispedt litt forfattar-verksemd gjennom kommentering. Informantane gjev og eit klart inntrykk av at verdiane er viktige. Det varierer i kva grad dei konkretiserar dette over i nettpraksisen, men det er ganske samstemt i at online og offline må samsvare, og at dei same verdiane gjeld på begge arenaene. Ikkje minst fordi dei stort sett omgår dei same personane begge stader. Elles har informantane stort sett førebilete som samsvarer med verdiane deira, ofte henta frå nær familie og venekrins, men få konkrete førebilete for nettpraksis. Det er derimot stor grad av indirekte påverknad gjennom verdiane førebileta formidlar, og gjennom at dei omgår dei same personane begge stader, og ønskjer å ivareta gode relasjonar med dei.

Informantane opplever i *liten* grad nettet som ein viktig meistringarena, men som ein *viktig* sosialiserings- og kommunikasjonsarena. Dei fleste knyter ferdigheitene sine til offline-aktivitetar, og dei føretrekk offline kontakt framfor online. Samtidig gjev dei nokre hint om betydninga av for eksempel Facebook gjennom at vedlikehald av venskap forutsett Facebook-kontakt! Av viktige relasjonar både på og utanfor nettet er det familie og vener som gjeld. Den daglege kommunikasjonen på nettet foregår med omgangsvenerne, men familien inngår som ein viktig relasjon, ikkje minst som moderatorar for kva som vert publisert.

Skal ein forsøke og trekke ein raud trå gjennom alt dette så er det at *relasjonar* går att som eit stikkord for den nettpraksisen informantane har beskreve så langt. Det er i relasjonar med familie og vener dei fått verdiane og førebileta sine for nettet, det er familie og vener dei held seg orientert om på nettet, og det er relasjonar med familie og vener dei bygger og opprettheld gjennom nettet. Deira aktivitet, profil, framtoning og identitet på nettet kan dermed i stor grad samlast i dette begrepet; relasjon. For å trekke inn eit element i et identitetsbegrepet vi utarbeida i teorikapittelet, så er det nettopp forståinga av identitet som *relasjon* som står sentralt. Så foreløpig konklusjon tyder på at informantane sin aktivitet og identitetsdanning på internett i stor grad samsvarer med prinsippa i eit relasjonelt identitetsbegrep. Men no skal vi over på konkret praksis i forhold til konkrete nettaktivitetar. Vil vi då sjå meir av identitet som posisjonering, performance, artikulasjon, fantasy og desire?

## 4.5 Tru, verdier og identitet i konkrete online-aktivitetar

### 4.5.1 Kristen tru og spel

Tanken med spørsmåla om spel og speling er å danne seg eit inntrykk av kor mykje ungdomane spelar online, kva dei spelar, korleis dei framstiller seg sjølv i spel-samanheng, og i kva grad dei opplever trua som relevant for spelaktiviteten. Som vi allereie har sett er det forbausande lite speling blant elevane ved skulane, eit inntrykk som vert stadfesta gjennom desse oppfølgingsspørsmåla, sjølv om det er litt variasjon mellom informantgruppene. Ved Kvitsund oppgjev over 3/4 at dei aldri eller svært sjeldan spelar online, og då eventuelt åleine på 123spill, 1001spill eller liknande. Haldninga ser ut for å vere at dette er bortkasta tid, eller ei kriseløysing dersom det ikkje er anna å finne på. Den vesle 1/4 som spelar held seg som regel til klassikarar som World of Warcraft, Counter Strike og Battlefield. Det kan elles vere litt ulik praksis med tanke på kven ein spelar med, der nokon spelar mest saman med vener, mens andre spelar mest saman med ukjente frå alle kantar av verda. Forholdstala er litt anleis ved Drottningborg, sjølv om det er litt tynt grunnlag å trekke bastante konklusjonar på. Mest sannsynleg heng det saman med generelt meir tid på nettet. Her spelar ca 1/2 så å seie aldri, mens 1/4 spelar meir og mindre regelmessig på 123spill og liknande, medan ein liten 1/4 spelar online rollespel som WoW, Counter Strike, Street Fighter, Metal Gear og Age of Empires. Spela som går att høyrer definitivt til i kategorien ”skytespel”, og er typisk valdelege gutespel. Fleire av respondentane signaliserar òg at denne typen spel er ei ”guttegreie”.

I forhold til trua sin relevans for spelaktivitetet er det tydeleg at dei som *spelar lite* og ingenting er mest skeptiske til spel. Det gjeld både tidsprioriteringa, og det prinsipielle med spel som handlar om å ta livet av andre. Spelarane sjølv problematiserer ikkje dette i forhold til trua. Nokre hevdar at trua i liten grad er relevant sidan det er lite dialog og kommunikasjon i spel-situasjonane, og andre ser mest på det som eit verdival med tanke på tidsbruk, og ikkje på innhaldet. Dei oppfattar spelinga som underhaldning, og haldninga ser ut for å vere slik som ein uttrykker det: ”Shoot, or be shot”. Anten spelar du, og då deltek du på premissane til spelet, eller så let du vere! Gjennomgåande for spelarane er altså at trua kjem i bakgrunnen når dei spelar. Kor bevisst dette er fortel ikkje informantane så mykje om, men dilemmaet mellom trua og formålet i spelet kjem litt til overflata i utsegner hos ein av informantane som:



”Føler ingen behov for å opplyse om at jeg er kristen mens jeg skyter hodet av en i Counter Strike”. Vi skal kome tilbake og drøfte dette om litt.

Når det gjeld i kva grad og på kva måtar avatarar og spel-karakterar reflekterer spelarane si tru, verdiar og identitet så spenner svara ganske vidt. Ein oppgjev at han ønsker å framstå påliteleg og hjelpsam, og helst held med ”den gode sida”, og enkelte kan ha eit nick som hintar noko i retning av religiøs tru. Dei fleste ser derimot liten og ingen samanheng mellom avatar og identitet. Nokre har avatarar som er så like dei sjølve som mogleg, og andre så forskjellige som mogleg, og nokre varierer frå gong til gong. Det er ein som oppgjev å ha avatarar av begge kjønn, men at han likevel gjennom kommunikasjonen i spelsituasjonen ”avslører” sitt egentlege kjønn. Han oppgjev ingen grunn eller hensikt for dette, men ut frå svara i andre samanhengar verkar det mest for å vere eit ønske om å tulle med vener. Kristen tru reflekterast uansett lite og ingenting i alle desse tilfella. Tanken om avatarane som uttrykk for eigen identitet verkar for mange å vere både fjern og søkt, men det kan dreie seg om grad av bevisstheit. Vi ser individuelle forskjellar, og inntrykket er at når dei beskriv avatarane som like eller ulike seg sjølv så går det mest på utsjånad og ”lynne”, men for alle ser det likevel ut for at trua legg nokre moralske føringar som styrer i forhold til strategi og samhandling med andre spelarar. Det er f.eks ingen sabotørar, og i andre samanhengar i undersøkinga kjem det fram haldningar om inkludering og trivsel som grunnleggande viktig for nettaktiviteten, og som rimelegvis òg omfattar online speling. Dette kan kanskje sporast tilbake til kristen tru og verdiar, men kan for så vidt like gjerne bygge på spel-relaterte normer. Men fortel det oss likevel meir om identitet enn det informantane sjølv erkjenner, eventuelt eit uttrykk for fragmentering av identitet som dreg i ulike retningar?

Det interessante er nemleg at eit fleirtal av dei som plasserer seg i kategorien for spelarar, og som spelar online rollespel av denne typen, framstår som ganske bevisste i si tru og sin praksis i RL! Tendensen er at dei er aktive i kristen samanheng, at dei viser trua både gjennom språk, verdiar og symbol, og vurderar trua som ein stor og til dels essensiell del av identiteten sin. Med tanke på kor stor del av medkristne ungdomar som er *negative* til tidsbruken deira generelt, og til typen spel spesielt, så er det interessant å sjå kor lettvindt dei tilsynelatande avviser problematikken. Dei seier lite om korleis dei opplever tilbakemeldingar frå medkristne på sin spel-praksis, og denne oppgåva har ikkje som formål å felle moralske dommar over ungdomane sin internett-aktivitet. Men spelarane som gruppe skil seg ut blant

informantane på akkurat dette området, at dei definerer spel-aktiviteten ut som nærmast irrelevant i forhold til trua og verdiane sin. Enkelt-informantar kan uttrykke seg på liknande vis i forhold til visse aspekt ved nett-aktiviteten sin, men ingen andre grupper av informantar markerar divergerande haldningar av denne typen. Det er heller ingen andre typar aktivitet som som vert "ekskludert" frå trua og verdier på liknande måte. Det gjennomgåande inntrykket er nettopp at informantane viser stor grad av bevisstheit om trua og verdier, og at dei ser på trua og verdier som gyldig og relevant i alle aspekt av online-livet.

Om den "usynleg kristne"-delen av informantane hadde vist ei slik haldning så hadde det hatt ein viss "logikk" med seg, men her dreier det seg om bevisste kristne og digitalt kompetente ungdomar som elles i undersøkinga ikkje skil seg ut som ubevisste eller likegyldige. Spelarane er jo ei gruppe som alltid har fått "tyn" opp gjennom som late og asosiale, men skal ein peike på andre fellestrekk ved spel-informantane ut frå undersøkinga så er det at dei framstår som over gjennomsnittet bevisste, reflekterte, sjølvstendige, språkleg sterke og utfyllande i svara. Det er difor vanskeleg å finne pålitelege årsaker i spel-informantane som forklarar denne "ikkje relevant"-haldninga til spel. Eller er det noko ved spel på nett og data som fenomen som gjer det "lettare" å definere utanfor Real Life-etikken? Er det "berre ein leik" som har sine egne, interne normer og reglar på lik linje med ludo og hatt-over-hatt? Dette reiser ei heil rekke problemstillingar: Er det prinsipielle forskjellar på ulike typar leikar og spel? Kven definerer når det er leik og ikkje leik? Kor går dei praktiske og etiske skilja mellom leik og røyndom? I kva grad er følelsar blant spelarar og omgjevnader relevante i den etiske vurderinga av leik / ikkje leik? Vi har ikkje anledning å ta dei grenseoppgangane her, men i eit eventuelt vidare arbeid innan temaet ville kvalitative intervju med spelarar omkring desse problemstillingane vore interessant. I denne omgong får vi nøye oss med å observere og notere oss det vi ser...

#### **4.5.2 Kristen trua og kultur og underhaldning**

Internett har vorte ein viktig kultur og underhaldningskanal, noko responsen i spørjeundersøkinga stadfestar. Om lag 1/4 oppgjev riktig nok at dei er for lite på nettet til å ha noko formeining om eige kulturkonsum via online medier. Dei brukar ikkje nettet til anna enn "nødvendige" ting som e-mail, nyheiter og oppdatering av Facebook. For den øvrige 3/4 er

nettets den *primære* kjelda til kultur og underhaldning i det daglege, der musikk, tv-seriar og Youtube utgjer ein betydeleg del av innhaldet. Ca 1/10 lyttar regelmessig til kristen musikk og lovsang, ser kristne musikkvideoar på Youtube, les andakter eller lyttar til talar på kristne nettstader. Ikkje eit veldig høgt tal, informantgruppa teken i betraktning! For den øvrige majoriteten går det i all hovudsak i dei populære tv-seriane, å følgje med på reality-seriar og kikke på morosame klipp på Youtube. Desse funna er antakeleg i stor grad identisk med det ein ville funne i kva ungdomsgruppe som helst, religiøs eller ikkje religiøs. Og det er ei relativt felles erkjenning av at forbruket av underhaldning i svært liten grad reflekterer deira kristne tru og verdiar.

Haldningane, tankane og refleksjonane *rundt* dette kultur og underhaldningskonsumet viser derimot meir sprikande tendensar. Ein tendens er at informantane i ulike grad reagerar på sexifisert innhald og harselering med religion, men at den grunnleggande haldninga blant ca 1/4 likevel er at dei ser på det som *bare* underhaldning utan stor relevans for trua. Denne tendensen er tydelegare og meir utbreidd blant informantane på Drottningborg, der godt 1/3 tilkjennegev ei haldning i den retninga. Men òg i denne gruppa påpeikar mange at dei ”unngår det værste”, som i praksis for dei fleste vert konkretisert til porno. Det er likevel ikkje ein lett balansegang, og det erkjennest at ”det går litt over stakk og stein i forhold til hva som egentlig er greit i forhold til mine meninger”, men samtidig er det er kun ein av informantane som innrømmer at ”av og til er jeg svak for porno”, noko han i følgje seg sjølv ”gremmes over”. Fleire i denne kategorien som etter eiga utsegn ikkje er veldig bevisste på kva dei kikkar på opplever likevel dårleg samvit innimellom når innhaldet kjem for mykje på kant med verdigrunnet. Det betyr at denne gruppa ser på det meste, unngår porno, og får av og til ein dårleg følelse eller dårleg samvit for det dei ser på. Dette snevet av etiske betenkelegheit ser vi for eksempel ikkje blant spelarar i forhold til spel som vi drøfta i forkant.

Den ca 1/2 av informantane som er att ser stort sett på dei same tinga den første gruppa, men viser ei litt meir kritisk og bevisst innstilling. Nokon uttrykker ambisjonar om å verte meir kritiske i sitt underhaldningskonsum, mens andre grunnjev mediekonsumet som ”allmennkunnskap” ut frå behovet for å følgje med og halde seg orientert om det folk elles føl med på. Mange av desse hevdar òg at tru og verdiar er ganske relevant for kva dei konsumerar av kultur og underhaldning gjennom at det i alle fall er styrande for kva dei *ikkje* ser. Refleksjonane er at grensene ville vore vidare, sperrene lavare, og filteret opnare i forhold til

kva ein ville sett og godtatt. Slik kan ein generelt konkludere med at trua er lite direkte synleg gjennom det ungdomane tek inn av kultur og underhaldning, men at verdiane ligg meir og mindre i botnen og markerer nokre grenser for kva dei vurderar som akseptabelt og utsetje seg for. Dette peiker i retning av ein viss fragmenterande effekt av underholdningsinntaket, ved at verdiar og førebilete vert drege i ulike retningar. Denne utfordringa er derimot ikkje særeigen for internett, men er den same utfordringa som har vore velkjent for kristen ungdom gjennom musikk, tv og film sidan underholdningsindustriens begyning. Vi vil difor ikkje ta den opp til spesifikk drøfting i denne samanhengen.

### 4.5.3 Kristen tru i kommunikasjon og diskusjon

Spørsmåla om ”takt og tone” i informantane sin kommunikasjon i ulike fora på nettet må sjåast i samheng med spørsmålet i del 1 om korleis trua er synleggjort for omgjevnadane, og der trekker godt halvparten fram språket som det viktigaste ”signalet” på at dei er kristne. Det gjaldt f.eks gjennom fråvèr av banning og gjennom samtaler om ulike trusrelaterte tema. I tillegg var 1/4 i stor grad bevisste på å vitne om trua si på ulike måtar, og 1/4 var tilsvarande usikre på om trua i heile teke var synleg for andre enn dei aller nærmaste.

Svara til desse spørsmåla om korleis trua er tilstades og synleggjort gjennom online-kommunikasjon av ulikt slag, og om trua eventuelt er relevant på dette området, gjev eit ganske tilsvarande inntrykk som frå RL. Ein god 1/2 peiker igjen på språket og fråvèret av banning som det mest framtrèdande trekket, og elles unngå nedsettande språk. Ut over det kjem trua gjerne fram i ein og anna sporadisk chat, eller gjennom kommentarar på Facebook om trus-relaterte tema, og elles ved at ein forsøker å vere snill og grei og inkluderande. Utover dette har denne gruppa blant informantane ikkje oppfatning av at trua deira er veldig synleg i den normale nett-kommunikasjonen. Eit fenomen fleire i denne gruppa kommenterer er praksisen med å bruke engelske akronym som inneheld banning, eksempelvis WTF (*what the fuck*) og WTH (*what the hell*). Ein forklarar dette som ein del av nett-sjargongen, mens ein annan forsvarer seg med at ein ”kristnar” uttrykket ved f.eks å *tenke* ”what the hekk”. Slike akronym kan gjerne dukke opp i same vekslinga som kristelege fraser som ”halleluja” og ”God bless”!

Som i RL er det òg 1/4 som meir bevisst ser på nett-kommunikasjonen som ein del av vitnetenesten sin og brukar anledningane til å inkludere eit bibelvers, legge ut ein status eller kommentar om å hugse nokon i bøn, og elles meir aktivt søker anledningar til ta opp eller flette inn eit vitnespyrd. Dette er i all hovudsak dei same personane frå del 1 som framstår mest bevisst og synleg i RL. Tilsvarende er det òg den same 1/4 som i liten grad synleggjer trua si, anten det er i RL eller på nettet.

I samanheng med takt og framtoning på nettet vart det òg spurt om dei eventuelt i gitte situasjonar, som f.eks i eit diskusjonsforum, kunne framstå som andre personar, eller med andre meiningar enn sine eigne. Dette vart kategorisk avvist med ”aldri” av eit overveldande fleirtal av informantane. Dette hadde både praktiske årsaker i at ein stort sett kommuniserte med kjente på nettet, men òg i samvitsgrunnar om at det ville vere uetisk å utgje seg som andre enn seg sjølv. Dei kan eventuelt opptre anonymt, men alltid med eigne meiningar og synspunkt. Eit par enkeltpersonar gjev uttrykk for at dei kan variere litt meir. Ein innrømmer at han kan endre litt personlegheit når han vert engasjert i spel og vert meir aggressiv enn normalt. To stykk kan i anonyme diskusjonar tidvis innta synspunkt dei ikkje nødvendigvis går god for sjølve, både for å provosere, men òg for å teste ut argument og sjå og erfare ulike sider av eit tema. Kun ein har ein sporadisk praksis med å gje seg ut som andre personar i anonyme chattar på omegle.com, med anna namn, alder og heimstad. Dette er mest for moro, men anonymiteten er mest for å beskytte seg sjølv, og etter eige utsegn aldri for å oppnå noko eller med hensikt å lure nokon.

Det samla inntrykket ut frå dette er at graden av synlegheit for trua i kommunikasjon på nettet tilsvarar synlegheita i RL. Det er dei same personane som er synlege, veldig synlege og ”usynlege” begge stader, og informantane verkar overvegande bevisste på å vere seg sjølv både offline og online. Slik er det dekning for å hevda at online-verda i stor grad reflekterer offline-verda, og ikkje representerer noko ”parallelt univers”, men er del av den same verkelegheita. Thomas argumenterer i retning av at det eigentleg ikkje er noko Virtual Reality (Thomas, 2007, pp. 163-166). Det er den same verkelegheita, med gjensidig og likeverdig innflytelse på kvarandre, berre at det utspelar seg på ulike arenaer. Tendensen i responsane som vi har sett på her peikar i retning av at den observasjonen kan ha noko for seg.

#### 4.5.4 Kristen tru i nettsamfunn og grupper

Dei påfølgande spørsmåla handla om deltaking i nettsamfunn, og eventuelt i kva grad ein kan framstå med andre identitetar i desse samfunna. I forhold til aktivitet i nettsamfunn eller nettgrupper er det generelle inntrykket at den er svært lav blant informantane. Det mest iaugnefallande funnet er at ingen ved Kvitsund er regelmessige deltakarar i nettsamfunn utanom Facebook, medan ein liten 1/3 Drottningborg er, eller har inn til nyleg vore meir og mindre aktive i andre nettsamfunn enn Facebook. 2 stykk har tidlegare vore aktive i nettby, men ikkje lenger, og 1 er sporadisk brukar av twitter og myspace. 1 er forholdsvis regelmessig innom itro.no og svarthvitt.no som er kristne nettstader for ungdom, mens 3 stykk har vore regelmessige deltakarar på smootown.no, òg ein nettstad for kristen ungdom. Men bruken av desse kristne nettstadane har avteke i takt med at dei har fått fleire kristne vener ved skulen. Dei 2 mest aktive deltakarane i nettsamfunn er dagleg innom diverse grupper og forum knytta til sport og idrett. Dei få som har nemneverdig erfaring med nettsamfunn har jamt over hatt ein moderat bruk der dei har vore forsiktige med opplysningar om seg sjølv. Informasjon dei har lagt ut utanom namn er ofte knytta til interesser, film og musikk. Ein gjev uttrykk for at det tidlegare var ein tendens til å ville framstå som litt "kul" i nettby, gjerne gjennom å vere med i ulike slags rare grupper, men at dette behovet ikkje lenger er tilstades.

Elles er oppfatninga at det å framstå med andre identitetar på nettet både er lite utbreidd og lite aktuelt for det store fleirtalet. For om lag 3/4 er det ikkje ei problemstilling i heile teke å utgje seg som nokon andre, og dei fleste oppgjev ærlegheit som grunngeving for dette. Eit par stykk får assosiasjonar til pedofile og sosiale kasus berre ved tanken, og vil nødvendig plassere seg sjølv i den kategorien. Blant den 1/4 som er litt meir aktive i spel og forums-samanheng er det derimot ikkje uvanleg å oppgje eit anna namn enn sitt eige, anten for ikkje å verte kjent att, eller fordi ein kan vere litt usikker på reaksjonar på standpunkt og liknande. Ein av informantane kan sporadisk framstå som andre enn seg sjølv i anonyme chattar pga "spenningen ved å være en annen person". To stykk har òg tidlegare saman med vener oppretta "køddeprofilar", gjerne med litt sære karakterar, for spenning og moro, for å tulle med vener, og av og til kunne vere inne på andre sine profilar utan å verte gjenkjent. Begge framstiller derimot dette meir som eit "ungdomsskulefenomen", og ikkje noko dei driv med no lenger.

Samla inntrykk er at deltaking i nettsamfunn ikkje er veldig relevant i informantane sin nett-aktivitet, at dei foretrekk å framstå som seg sjølv, eventuelt anonymisert, og at den svært begrensa eksperimenteringa med andre identitetar er mest for moro, og mest eit påfunn dei kan ha *saman med andre*. Biletet av framangjorte og forvirra ungdomar som sit på rommet og eksperimenterar med identitetar får ingen støtte blant informantane. Det stadfestar òg Thomas sin påstand om at den slags aktivitet i heile teke er lite utbreidd blant ungdom. Det er i tråd med Ziehe sine begrep heller eit sterkt behov for å bruke nettet til å bygge og styrke *credibility* meir enn *makeability*, og å framstå som ekte og *autentiske* personar både online og offline.

#### **4.5.5 Kristen tru og produksjon av nettinnehald**

Svært få av informantane er aktive med eigenprodusert innhald for nettet. Det er som nemnt kun 2 av informantane som er *aktive* bloggarar, men regelmessigheita for oppdatering kan variere veldig i periodar. Den eine fører ein typisk dagbok-blogg, mens den andre kommenterar og reflekterar meir over aktuelle tema. For begge utgjør *trua* ein vesentleg del av innhaldet dei legg ut. Dei skriv om ting som opptek dei i kvardagen, og ofte handlar dette om kristen tru og verdiar, ein link til ein song eller songtekst, eller ei andakt dei har høyrte eller hatt sjølv. For desse er *trua* veldig relevant for nettbruken, og som ein av dei uttrykker seg:

*Jeg mener troen er relevant, fordi jeg skal nå folk med evangeliet og gi dem et alternativ til det livet de lever. Gud bruker internett også, og meg der i blant.*

Utover dette er det to stykk som saman med andre er delaktige i drifting og oppdatering av nettsider av meir jobbmessig karakter, og ein som av og til lagar videoar med kameratar og legg dei ut på Youtube. Dette er etter kun for moro, og har ingen relevans med kristen tru.

#### **4.5.6 Kristen tru på Facebook**

Bruken av Facebook er kanskje det område av nett-aktiviteten der forskjellane mellom informantgruppene ved Kvitsund og Drottningborg vert særleg tydelege, både i tidsbruk og bruksområde. Ein liten del av informantane ved begge skulane beskriv seg som moderate og

*uregelmessige* brukarar av Facebook, og eit par av desse uttrykker at dei i heile teke begynner å verte litt lei av Facebook. Ved Kvitsund karakteriserar likevel 2/3 seg som regelmessige og daglege brukarar av Facebook. For ein liten handfull, mindre enn 1/4, er det snakk om fleire gonger om dagen. På Drottningborg er over 3/4 daglege brukarar av Facebook, og over 1/2 vil i tillegg seie at dei er på Facebook nesten heile dagen parallelt med anna nett-aktivitet knytta til skule og fritid. Vi har tidlegare sett at dette gjenspeglar seg for Drottningborg-informantane i både ein time og to ekstra på nettet pr dag. Dei vidare spørsmåla under denne delen skal forsøke å sirkle inn korleis dette gjev seg utslag i identitetsuttrykk og – konstruksjon.

I si beskriving av eigen Facebook-profil i forhold til info dei legg ut og i kva grad profilen reflekterer kristen tru, ser det ut til at informantgruppene har ein noko lunde eins praksis. Det generelle inntrykket er at ungdomane er forsiktige med å legge ut informasjon om seg sjølv utover namn, heimstad, bursdag, sivilstand og liknande. Utlegging av bilete varierer derimot voldsomt, frå dei som stort sett berre har profil-biletet til dei som legg ut bilete frå ”alt” dei er med på. Deling av bilete er heilt klart meir utbreidd blant Drottningborg-elevane enn ved Kvitsund.

I forhold til synleggjering av kristen tru finn vi om lag same fordelinga som tidlegare. Ca 1/2 viser trua stort sett gjennom at dei oppgjev ”Christian” som livssyn under ”Religious views” på profil-informasjonen. I tillegg kjem det gjerne fram gjennom ulike grupper dei er med i som direkte og indirekte signaliserar kristen tru og verdiar, eller at dei gjennom bilete og Events-applikasjonen viser deltaking på kristne møter og arrangement. Utover dette er ikkje trua aktivt uttrykt i særleg grad. Så er det den 1/4 som i tillegg til det overnemnte tidvis bevisst og aktivt kan uttrykke trua gjennom f.eks bibelvers i ”Write something about yourself”-feltet, statusoppdateringar som refererer til tru, bibel og kristenliv, kommentarar til andre, linkar til kristne songar og taler, og enkelte som har lagt inn ein Daglig Bibelvers-applikasjon. I tillegg kan dei drive meir aktiv promotering av kristne møter og arrangement gjennom Events-applikasjonen. Til slutt er det den same 1/4 som i liten grad synleggjer trua si, også på Facebook, og som kan beskrive si kristne tru som ”usynleg” på nettet. Dette heng i følgje informantane saman med korleis dei framstår i RL. Som ein av dei svarer: ”I liten grad, på samme måte som jeg viser det i liten grad med min oppførsel til vanlig”.



#### 4.5.7 Facebook og identitet

På spørsmålet om korleis dei opplever si framtoning på Facebook som ein del av sitt Real Life-image og identitet så varierer dette i stor grad proporsjonalt med tidsbruken på Facebook! Tidsfaktoren avgjer òg i kor stor grad dei opplever at dei to verdene heng saman. Ca 1/4 bruker Facebook såpass lite at dei ikkje ser nokon relevans og samanheng mellom den dei er på Facebook og den dei er i det verkelege livet. Ein god 1/2 seier at dei stort sett er seg sjølv på Facebook, og at online-identiteten gjennom det fungerer som ei *stadfesting* av offline-identiteten, og som tidlegare antyda er det for mange ein ”samvitssak” å framstå ærleg og ”usminka” på nettet. Samstundes er det ei erkjenning av at ”det er meg, men ikke hele meg”. Delar av følelsesregisteret vert f.eks ikkje spelt ut på nettet, og særleg er det dei negative følelsane som vert haldne tilbake, noko som kan gje eit mindre nyansert bilete av person og identitet. Generelt viser denne halvdelen av informantane ei viss *tilbakehaldenheit* på Facebook, og dei er nøye med både informasjon, bilete og statusoppdateringar dei legg ut.

Ein liten 1/4 anser derimot sin Facebook-identitet som ein *viktig* del av identiteten sin. Ikkje overraskande ut frå tidsbruken finn ein dei aller fleste i denne kategorien blant informantane frå Drottningborg. Informantane i denne gruppa hevdar fortsatt at Facebook-profilen gjev eit realistisk inntrykk av kven dei er, men at dei gjennom blant anna høgare tidsbruk og meir bilete rett og slett viser *meir* av seg sjølv, livet sitt og identiteten sin. Samtidig innrømmer dei at der den moderate halvparten av Facebook-brukarane gjerne er litt tilbakehalden og ”dempar” seg på nettet, kan det for den ivrigaste 1/4 i større grad medføre ei *forsterking* av visse trekk og element. Ein informant oppgjev å vere *meir open* på Facebook enn elles, og ein at det opplevest enklare å vere *tydeleg kristen* på Facebook. Nokre av dei som er flittigast til å legge ut bilete viser nettopp til det at livet på denne måten i stor grad vert offentleg gjennom tekst og bilete, enten det er snakk om kvardag eller fest. Ein effekt av dette som vert kommentert er at med å legge meir tid og flid i Facebook-profilen kan det verte at ein framstiller seg meir i retning av slik ein *vil* vere enn slik ein faktisk *er*. Ingen har jo interesse av å gjere seg *mindre* interessant? Uansett medfører det i tråd med Thomas sine antydningar om online-tid at Facebook får ein større plass og innflytelse på identiteten, enten det er online eller offline. Ein større del av RL-identiteten skin igjennom på online-arenaen, som igjen vil medføre at VR-identiteten vil slå sterkare tilbake på offline-arenaen. Begge desse tendensane med demping og forsterking samsvarer med det vi har kommentert frå Thomas før, at ungdom

ikkje er veldig eksperimentelle med identitet på nettet, og for dei som eventuelt eksperimenterar dreier det seg heller om å forsterke det ein likar ved eigen identitet framfor å utforske nye identitetar.

Svært få av informantane fryktar negativ innverknad på sin Real Life identitet gjennom sin Facebook profil og online aktivitet. Det er ein som trur på negativ innverknad, men han viser generelt skepsis til å bruke særleg tid på nettet. Ein annan kommenterer at han kanskje kan oppfattast som lite sosial fordi han er *for lite* på Facebook. Dei aller fleste trur derimot at Facebook-identiteten i stor grad fungerer som ei stadfesting av kven dei er i Real Life, forutsatt at dei er ærlege og ekte på nettet, og at Facebook dermed ikkje har nokon særleg endringseffekt på RL-identiteten verken eine eller andre vegen. Ein liten 1/5 trur i tilfelle Facebook-identiteten slår positivt ut i verkelegheita, til dels grunngjeve i at ein stort sett er hyggelege og greie på Facebook. Slik viser dei seg frå ”godsida”, både som personar og som kristne. På den andre sida er det fleire som bemerkar at dei på Facebook òg får vite ting om personar som dei ikkje vil vite eller ikkje treng vite, og som er negativt for personen det gjeld. Denne faren med negativ overføring mellom online- og offline-verdene er dermed noko dei både er bevisst på og har erfaring med, sjølv om ingen ser ut for å ha opplevd det på kroppen. Ein positiv effekt av Facebook som fleire bemerkar er at det i enkelte samanhengar bidreg til kontakt med andre kristne, ikkje minst kristne utover eigen skulen.

#### **4.5.8 Facebook og relasjonar**

Dette leier oss over i spørsmålet om i kva grad dei opplever Facebook som ein del av sine Real Life-venskap og relasjonar. Igjen ser vi informantane sin tidsbruk på nettet som ein avgjerande faktor for korleis ein opplever dette, og igjen ser vi korleis det gjev utslag i litt ulike svar mellom Kvitsund og Drottningborg. Ved Kvitsund oppgjev berre 1/4 at dei opplever Facebook som ein *viktig* del i kommunikasjonen og relasjonen med nære vener dei omgåast daglege. Ein annan 1/4 ser på Facebook som viktig først og fremst i oppretthalding av venskap over geografiske distansar. Så mange som 1/2 hevdar at Facebook ikkje er viktig i deira venskap, og utgjer ein liten del av kommunikasjonen med vener anten det er langt borte eller nære. Tidsfaktoren på Facebook forklarar noko av denne opplevinga, men mange av desse gjev og klart uttrykk for at dei verdsett Real Life venskap og relasjonar høgare enn

kommunikasjon via nettet. Det er òg ein større tendens blant Kvitsund-informantane til å tenke eit skilje mellom online og offline kommunikasjon, der dei til dels ekskluderar kvarandre; anten kommuniserer du online eller offline. Offline kommunikasjon ser ut for å verte oppfatta som både kvalitativt betre og høgare verdsatt, medan online-kommunikasjon stadig vert omtalt som ”overflatisk” og ”useriøs”. Kun ein av informantane ved Kvitsund uttrykker seg eintydig positivt om online-kommunikasjon gjennom erfaringa med at enkelte ting er enklare å uttrykke og kommunisere om via nettet enn ansikt til ansikt.

Tilsvarande på Drottningborg er det berre om lag 1/4 som ser på Facebook som *lite vesentleg* i deira RL-vennskap. Godt over 2/3 av informantane her opplever på den andre sida Facebook-kommunikasjonen som ein *viktig* del av venskapa sine, først og fremst fordi det dreier seg om dei same venene som dei ser, omgåast og har kontakt med dagleg eller regelmessig. Den eine 1/3 gjev uttrykk for at Facebook først og fremst rettar seg mot, og er viktig overfor dei nære og daglege omgangsvenene. Det vert òg gjeve uttrykk for at ”man kan forbedre vennskap på Facebook”, og slik styrke relasjonane gjennom online-kontakten. Den andre 1/3 kommuniserer gjerne med venene dei omgjev seg med til dagleg, men gjev uttrykk for at dei særleg opplever det viktig og nyttig i forhold til vener som ikkje går ved skulen, og som til dels bur på andre kantar av landet. Her får vi altså stadfesta på nytt at utvikling av lokale normer styrer bruken og opplevinga av nettmedia. Dersom venene dine er på Facebook så er det viktig å vere på Facebook. Dersom venene dine *ikkje* er på Facebook har du heller ikkje du noko nytte og glede av å vere der. Som ein av informantane kommenterte under eit tidlegare spørsmål: ”Det er gode venner som gjør Facebook morsomt”!

Betydningen av relasjonar i identitets utviklinga og betydningen av relasjonar i nett-kommunikasjonen har vi kommentert litt allereie i forhold til Keyes sine begrep og faktorar. Dette vert stadfesta på nytt gjennom den responsen informantane gjev her, men det eksemplifiserer og eit anna perspektiv som Thomas kommenterer: Opplevinga av *tilhøyrsla* er den grunnleggande motivasjonen for ungdom til å delta på sosiale nettarenaer! Denne tilhøyrsla skapast som regel sterkast gjennom relasjonar, og identifisering med dei personane ein har relasjonar til på det sosiale mediet. Tilhøyrsla vert forsterka om dette òg er personar ein har relasjonar til og identifiserer seg med utanom det sosiale mediet. Facebook er dermed ikkje plassen å gå om ein søker spenningen i anonym chatting! For på Facebook og andre sosiale medier *skal* det opplevest trygt og kjent gjennom at ein møter folk ein kjenner og er

trygg på! Om ein ikkje opplever desse sosiale relasjonane i det sosiale mediet så vil ein heller ikkje oppleve nytteverdien av å vere der. Og motsatt; har RL-relasjonene dine flytta på nett så har du ikkje noko anna val enn å flytte etter. Så i tillegg til *tid* er nok *tilhøyrse* eit stikkord for å kunne forstå og forklare forskjellen i praksis ved Kvitsund og Drottningborg.

#### 4.5.9 Kor synleg og relevant er trua på Facebook?

Eit hovudspørsmål i denne oppgåva er å finne ut om kristen ungdom uttrykker trua i større eller mindre grad på nettet samanlikna med i den verkelege verda. Ut frå at Facebook framstår som nesten totalt dominerande som arena for elevane sin nett-aktivitet er det difor av stor interesse korleis dei sjølv vil beskrive trua si online i forhold til offline. I tillegg skulle dei seie litt om i kva grad dei i heile teke opplever trua som relevant for Facebook-aktiviteten sin. Svara til denne delen er i tillegg supplert og fylt ut med kommentarane informantane gav til dei avsluttande påstandane i spørjeundersøkinga, som omhandla same tema; om trua deira var synlegare, tydlegare og ”kristelegare” på nettet enn i RL.

Tendensane viser nokre nyansar mellom Kvitsund og Drottningborg, men det er uansett *færre* enn 1/10 som hevdar at trua deira er *tydlegare* og meir synleg på Facebook enn i RL. Av denne ti-delen som meiner at tru deira er synlegare på Facebook forklarar nokre det i at dei er veldig *lite* synlege i RL, men på Facebook står det f.eks alltid at dei er kristne under Religious views. Og ”det som står det står”. I RL har dei erfaring med at trua gjerne ikkje kjem fram i det heile. To stykk kommenterer òg at dei opplever seg tryggare på nettet enn i spontane RL-situasjonar, og dermed i større grad får den tid og ro dei treng til å uttrykke og formulere seg. Ut frå det vil dei då hevde at trua trass alt er synlegare på nettet.

I underkant av 1/2 av alle informantane opplever at trua deira er om lag *like synleg* på Facebook som elles i det daglege livet. Det er litt varierende og situasjonsavhengig, men i sum beskriv dei det som ganske likt. Det er lokale variasjonar i at 1/3 av elevane ved Kvitsund plasserer seg i denne kategorien, medan 1/2 ved Drottningborg vil hevde at trua er like mykje tilstades online som offline. Det kan vere ”*like lite*” eller ”*like mykje*”, men dei uttrykker i alle fall samsvar mellom dei to verdene. Ut frå det vi veit om tidsbruken på internett for elevane ved Kvitsund og Drottningborg kan ei av forklaringane på at fleire

Drottningborg-elevar tenderar til å uttrykke trua si meir i samsvar med offline-trua vere at dei brukar meir tid på nettet. Det vil seie at auka tid på nettet medfører at større delar av livet vert reflektert på nettet, inkludert større delar av truslivet. Dette samsvarer igjen med det Thomas seier, at meir tid på nettet medfører at meir av identiteten i ulike fasettar kjem til syne.

I overkant av 1/2 av alle informantane opplever òg at trua *ikkje* er like tydeleg og synleg på Facebook. Den lokale variasjonen er at 2/3 ved Kvitsund plasserer seg i denne kategorien, medan det gjeld i underkant 1/2 ved Drottningborg. For nokre er årsaken til at trua er mindre synleg så enkel at dei er for lite på Facebook til å kunne uttrykke noko som helst. Andre understrekar at dei fortsatt lever og tilbringer mest tid i RL, at det er der dei er med på ulike aktivitetar, og at det slik vert fleire anledningar til å synleggjere trua offline enn på Facebook. RL "talar sterkare" enn Facebook, med andre ord. Desse tendensen er tydlegast i svara frå Kvitsund. Andre grunngjev det i at dei bevisst held ein lavare profil på Facebook fordi dei opplever det for "public", og difor ikkje ønsker, eller føler behov for å brette ut livet for kjente og ukjente. Det betyr at trua vert mindre synleg, men det same gjeld òg andre sider ved personlegheita. Denne generelle skepsisen til nettet, og ikkje minst å dele personlege tankar og meiningar, er klart tydelegare ved Kvitsund, noko som òg kan bidra til forklaringa om at så stor andel av informantane derifrå plasserer seg i kategorien "mindre synleg". Av andre forklaringar på at trua kjem mindre fram på Facebook er at dei i liten grad har tenkt på det som "misjonsmark", og at meir trivielle tema difor vert dominerande. I tillegg er det nokre kommentarar på at bilete som vert lagt ut ikkje alltid synleggjer trua på ein god måte, og til dels har motsatt effekt. Det kan vere både eigne og andre sine bilete frå festar og liknande som bryt med tru og verdiar, men òg generelt erfaring med at bilete ute av sin samanheng lett kan oppfattast som noko anna enn det som var den opprinnelege situasjonen.

I forholdt til i kor stor grad dei opplever trua som relevant for sin Facebook-aktivitet kan det i enkelte svar sjå ut til at spørsmålet har vorte oppfatta ulikt. Nokon har oppfatta det som om kristen tru er relevant for deira *noverande* Facebook-praksis, mens andre som om kristen tru *bør vere* relevant for deira Facebook-praksis. Det var den siste forståinga som var intensjonen i spørsmålet, og med litt romslege tolkingar og litt samanlikning med svar informantane har gjeve på liknande spørsmål, får ein likevel eit inntrykk av korleis dei tenker om trua sin plass på Facebook. Det er blant anna ein tydeleg tendens blant ca 1/4 at trua har ein lite bevisst plass i deira daglege Facebook-bruk, men at dei gjerne ser at den *skulle hatt* ein tydlegare og

meir framtrédande plass. Dei står oppført som kristne på "Religious views", men i statusar, chattar og kommentarar elles kjem trua i bakgrunnen. Rundt 1/4 antydar at dei ser på trua som forholdsvis lite relevant for Facebook-aktiviteten. Nokon grunngjev dette i at dei ser på Facebook som eit lite eigne medium, i alle fall for utadretta vitneteneste, at markering av tru i profilen får halde, og at Facebook elles som *sosialt* medium duger best til "tant og fjas". Dei vil først og fremst framstå som "normale", og føler ikkje stort behov for å markere trua på Facebook.

1/2 vil likevel seie at deira kristne tru er relevant for måten dei framstår på og bruker Facebook. "Troen er relevant uansett hvor jeg er", og "vi er alltid vitner, også på Facebook" er to utsegner som uttrykker denne oppfatninga tydeleg. Den generelle oppfatninga i denne kategorien er at trua er viktig for både språk, haldningar og verdiar ein utviser på Facebook, i tillegg til at ein må framstå ærleg og naturleg. Det kan derimot vere litt ulike oppfatningar om kva ein oppfattar som "ærleg og naturleg". Nokon søker bevisst anledningar for å flette inn eit eller anna om tru i flest mogleg samanhengar, og kan blant anna ha opplevd gode chattar om kristen tru med ikkje-kristne vener på Facebook. Andre kan oppleve dette "overdrevent, kunstig og overflatisk" andre vegen dersom det går inflasjon i åndelegheita. Ein vesenteleg faktor for opplevinga her vil nødvendigvis avhenge av kor offentleg og opent denne religiøse kommunikasjonen foregår på Facebook, om det er på den opne wall'en eller wall to wall mellom to personar.

Ut frå dette kan ein konkludere med at graden av synlegheit og tydelegheit for trua på Facebook heng tett saman med synlegheit og tydelegheit i RL, men det er nok hensiktsmessig å *skilje* mellom synlegheit og tydelegheit! Inntrykket gjennom undersøkinga er at graden av *tydelegheit* på Facebook reflekterer graden av tydelegheit i RL. Dvs at dei som er tydelege offline er tydelege online, og omvendt. I forhold til *synlegheit* er det *nesten* slik at informantane beskriv trua si synlegheit på Facebook omvendt proporsjonal samanlikna med synlegheit i RL. Tendensen blant informantane er at trua er *like* synleg eller *mindre* synleg på Facebook enn i det verkelege livet, og det er ein viss tendens til at dei som framstår som *mest* synlege offline beskriv trua si som *mindre* synleg online. Då samanliknar dei sjølv sagt sin eigen praksis mellom dei to arenaene, og ikkje med andre informantar. Dersom trua er heilt usynleg offline så skal det jo heller ikkje så mykje til at den vert meir synleg online, men er du veldig synleg offline så skal det litt til å oppretthalde same grad av synlegheit på nettet.

Ein god majoritet, ca 3/4 av informantane, uttrykker likevel at trua deira er, eller bør vere, relevant for Facebook-aktiviteten, og at den i alle fall bør vere tydeleg sjølv om den ikkje alltid treng vere like openlyst eksponert. Som vi har sett tidlegare i undersøkinga er det òg ein tendens blant den gjennomsnittlege informanten til at dei heller *dempar* seg på nettet framfor at dei over-eksponerar seg, og det same mønsteret ser ut for å stadfeste seg i forhold til trua. No skal ikkje denne oppgåva ta aktivt stilling til eller gje råd om vitneteneste på nettet, men som ein personleg respons så er det ikkje sikkert denne strategien er så dum. Tydeleg, frimodig og synleg, men ikkje ”flashy”...

## **4.6 Påstandar om tru, identitet og internett**

Avslutningsvis i undersøkinga skulle informantane ta stilling til ti påstandar om tru og identitet på internett. Påstandane beveger seg innanfor same temaområda som dei føregåande spørsmåla, men hardde til hensikt å få fram nye vinklar, perspektiv og spissformulerte responsar. Nokre av påstandane står i forhold til kvarandre, mens andre er uavhengige utsegn.

### **4.6.1 ”Den personen eg er på nettet liknar på meg, men minus dei negative sidene”**

3/4 opplever denne påstanden som sann og dekkande for sin aktivitet på nettet, men grunngeiv praksisen ulikt. Nokre forklarar dette enkelt i at dei ”vil jo ikkje skrive dritt om meg selv”, mens ein uttrykker det endå meir direkte:

Veldig sant, facebook-profiler speiler livet en skulle ønske man hadde, det er ingen hemmelighet

Dei fleste informantane ser likevel på demping av dei negative sidene sine som ein måte å verne seg sjølv på ved å ikkje legge ut ting som ein vil angre på, eller andre kan reagere på eller bruke mot ein. Ca 1/4 opplever på den andre sida at påstanden ikkje er heilt sann, men det spriker ganske mykje i kva dei forstår med det. Nokon opplever at dei er såpass ærlege på

nettet at det gjev eit forholdsvis realistisk bilete av dei som personar. Andre hevdar at dei òg *kan* legg ut negative sider ved seg sjølv, sjølv om dei ikkje vil finne på å legge ut dei verste og mest personlege tinga. Det vert òg påpeika at om ein er mykje på nett over tid så vil det negative kome fram i større og mindre grad uansett. Eit anna perspektiv er at det kan opplevast subjektivt kva som eventuelt er negativt eller ikkje. Det som for eksempel vener opplever som morsomt treng ikkje slå like godt ann hos tante og onkel!

Det poenget illustrerer nettopp den utfordrande balansegangen som eit opent medium som Facebook representerer. Ein kan ikkje berre overføre praksisen og erfaringane sine frå nettby der brukarane er mykje meir avgrensa aldersmessig, og du kan bygge din identitet inn mot bestemte grupper utan særleg hensyn til omgjevningane. På Facebook kan ein oppleve at det som styrkar identiteten i ein del av vene-lista kan rive ned identiteten i andre delar av lista. Ei slutning frå det kan vere at sosiale medier, og særleg Facebook som har slått slik an på tvers av generasjonar og sosiale lag, stiller høgare krav til ein bevisst, reflektert og integrert identitet og personlegheit enn det tidlegare online-medium og -aktivitar har gjort. Det gjeld både *på* nettet, og *mellom* nettet og Real Life. Slik er det dekning for å seie at Facebook representerer noko nytt i internetts historie, ikkje først og fremst i teknologi, men i det omfanget og gjennomslaget det har fått som felles-areana for vanlege folk i alle aldrar.

#### **4.6.2 ”Den personen eg er på nettet er ei redigert og ”pynta” utgåve av meg i RL”**

Oppfatninga her deler seg ganske på midten. Godt og vel halvparten hevdar at påstanden i stor grad er usann. Dei erkjenner eventuelt at det er ei viss redigering, eller ”siling” i og med at dei er varsame negative ting om seg sjølv og andre. Men bevisst pynting vil dei ikkje vedkjenne seg! Ubevisst kan det vere litt pynting ved at ein viser seg frå si beste side, men idealet om ektheit og truverdighet står sterkt. Refleksjonen er som fleire gonger før at dei i stor grad kommuniserer med folk dei har tett kontakt med i det daglege, og dermed fort ville verte avslørt som falske. Dei er heller ikkje så redde for å legge ut mindre flaterande bilete, men eit kriterium er at det eventuelt må vere morosamt for dei sjølv og andre.

Rett under halvparten innrømmer derimot at dei meir og mindre bevisst ”pyntar” eller gjer seg meir interessante og kule enn det dei kanskje er i RL. Nokon erkjenner det ganske rett fram



med ”jajamensann”, mens andre meir motvilleg erkjenner at ”ja, det kan nok stemme”. Pyntinga kan handle om å vege meiningane sine meir, og jobbe med språk og formuleringar i statusoppdateringar og kommentarar slik at det skal vere mest mogleg morosamt, interessant og perfektionerte. For enkelte er det òg viktig at bileta er mest mogleg fordelaktige, og særleg profil-biletet kan dei bruke tid på, og gjerne ta utelukkande med tanke på bruk på Facebook. Inntrykket er at framstilling gjennom bilete er viktigare for jenter enn gutar, og at gutar legg meir vekt på språket. Dette inntrykket må derimot takast med forbehold om at informantane ikkje oppgjev kjønn direkte. Sjølv om det stemmer med ”kjønnsmytene” hadde det vore interessant å sett nærare på korleis dette verkeleg hang saman.

#### **4.6.3 ”Min aktivitet, profil og identitet på internett er eit forsøk på å ”forfatte meg sjølv” til den personen eg helst vil vere”**

Å bruke nettet til aktivt å forfatte seg sjølv til den personen dei vil vere er ein tanke 4/5 av informantane stiller seg ganske avvisande til. Nokon karakteriserer det så sterkt som ”usunt”, og teikn på usikkerheit og mangel på sjølv-aksept. ”Jeg er den jeg er”, og ”den jeg skal vere” og ”den jeg vil være” er utsegner som går att. Den 1/5 som erkjenner forfating av seg sjølv varierer frå å berre kort stadfeste påstanden som sann til å nyansere den til at den ”kan stemme på noen punkt” og ”i noen grad”. Ingen spesifiserer på denne påstanden kva denne forfatinga eventuelt går ut på, men responsen som kjem fram i andre samanhengar kan jo peike i retning av for eksempel å vise sitt beste i forhold til bilete, språk, humor osv.

#### **4.6.4 ”Eg brukar internett til å eksperimentere med identitetar, roller, grenser og fantasiar som eg ikkje kan utforske i RL”**

Thomas hevdar at ungdom generelt ikkje er særleg opptekne av å eksperimentere med andre identitetar på nettet, og det er bakgrunnen for å teste denne påstanden på informantane. Og tilbakemeldinga frå informant-gruppene ved både Kvitsund og Drottningborg gjev Thomas uforbeholdent medhald. Det er ein som stadfestar at påstanden er sann. Ut frå det denne informanten har skreve om porno tidlegare er det rimeleg å anta at det først og fremst er ”grenser og fantasiar” han har i tankane, og i mindre grad eksperimentering med ”identitetar og roller”. Informanten har tydeleg gjeve til kjenne at han opplever det som eit nederlag å gje

etter for denne freistinga. I tillegg er det èin som elles viser stor aktivitet i nettforum og chattar som innrømmer å sporadisk utgje seg som andre enn seg sjølv, og èin som prøvde dette ut tidlegare, men som føler seg ferdig med det no og at ”det ikke var så spennende”. Dei resterande 47 svarer bombastisk nei på påstanden, med både store bokstavar og utropsteikn! Ut frå det som tidlegare har kome fram om informantane sine syn og praksis på samsvar mellom liv og lære, og offline og online, så er ikkje den responsen så overraskande, men eg hadde faktisk trudd at denne påstanden skulle få ”lurt ut” fleire som kanskje eksperimenterte litt i det ly av nettet.

#### **4.6.5 ”Internett-aktiviteten min fører til mindre kontakt, og meir overflatisk kontakt med venene mine”**

Ein liten 1/4 av alle informantane samtykker meir og mindre i påstanden, og særleg i at det kan gje meir overflatisk kontakt. Det er flest informantar frå Kvitsund i denne katagorien. Kun èin av informantane opplever dette som problematisk. Eit par stykk peiker på at det kan vere både og, og at det kan variere frå ven til ven kva Facebook-relasjon dei utviklar. Dei fleste i denne gruppa peika på at kontakten kunne vere overflatisk, men at Facebook-bruken for deira del hovudsakleg retta seg mot vener dei ikkje omgåast til dagleg, og at det er vener dei elles *ikkje* ville hatt særleg kontakt med. Mange av desse velgjer dermed å sjå det frå ei positiv side. Samtidig er det i denne kategorien ein finn dei *minst* aktive brukarane av Facebook, og den delen av informantane som er mest skeptiske til at online-kontakt skal erstatte offline-kontakt.

Dei resterande 3/4 avviser påstanden, og hevdar til dels at det like gjerne kan vere motsatt; at særleg Facebook kan bidra til djupare og meir utvida kjennskap og bekjentskap. Ein interessant tendensen er at dei som brukar Facebook *mest* er dei som i størst grad opplever online-kontakten som ein *tilleggskontakt* med venene, og ikkje ei erstatning for RL-kontakt. Om då online-kontakten skulle vere litt overflatisk så er det ikkje nødvendigvis problematisk så lenge RL-kontakten fortsatt er god. Og kanskje er den betre fordi ein har ”tulla frå seg” på Facebook? Eit par stykk påpeiker at kontakten på Facebook og i RL i så stor grad flyt saman og går parallelt at det er vanskeleg å skilje frå kvarandre og seie kva som er viktig og mindre viktig kontakt. Eksempelvis at dei kan sitje på Facebook i same rommet, og slik veksle på

kontakt via tekst på skjermen og munnleg ansikt til ansikt. Og då nærmar vi oss eit godt eksempel på Thomas sin tese om ”seamlessness” mellom online og offline reality! Samtaletema flyt fritt fram og tilbake gjennom kommentarar på Facebook som får respons i RL, og motsatt. I sum ser det frå desse svara ut for å vere grunnlag for å påstå at online-kontakt for dei fleste av informantane både gjev *meir* kontakt, *djupare* kontakt, og *breiare* kontakt. Kvantitativt meir kontakt i tid, kvalitativt djupare kontakt med smitte-effekt over på RL, og breiare kontakt gjennom at ein har kontakt med fleire personar og får eit større nettverk. Opplevinga av denne tendensen er klart mest utbredt ved Drottningborg, og forklarar seg i det vi har kommentert om tidsbruk og tilhøyrsløse tidlegare.

#### **4.6.6 ”Livet på internett har stort sett bare rom for ”happy faces” og positive følelsar” ”Livet på internett gjev meg anledning å uttrykke alle mine følelsar på ein betre måte enn i RL**

Påstanden om at internett berre har rom for ”happy faces” kan gjerne sjåast i samanheng med om online-kontakten generelt er meir eller mindre overflattisk. Responsen på påstanden viser *igjen* eit markant skilje mellom Kvitsund og Drottningborg! I begge gruppene kjem det fram at utlevering av følelsar på f.eks Facebook er ei risikabel øving, at dei innarste tankane og følelsane ikkje høyrer heime på nettet, og at dei som legg ut for mykje informasjon gjer det vanskeleg for både seg sjølv og andre. Det skapar ei problemstilling i forhold til korleis ein skal respondere på kommentere og statusoppdateringar som går over intimitetsgrensene. Skal ein oversjå dei, kommentere dei, spørje korleis det går, flytte over i wall to wall-kommunikasjon? I begge responsgruppene vert det òg kommentert eit skilje mellom kva som er ”lov” av følelsar på blogg i forhold til Facebook. Oppfatninga er eintydig at blogg-sjangeren har adskillig større rom og register for å uttrykke følelsar, særleg det som går på personlege, vonde og triste opplevingar.

Så til skilnadane: Ved Kvitsund er det så mange som 2/3 som seier seg einig i påstanden om at internett stort sett berre har rom for positive følelsar. Det spenner frå dei som ”hater følelsar på Facebook. Det er upersonlig falskt og risikabelt”, til dei som opplever at normen stort sett berre tillet, eller berre *burde* tillate ”smilefjes”. Dei har eit inntrykk av at andre som regel berre uttrykker positiv følelsar, og gjer i stor grad det same sjølv, medan dei reserverar dei

meir personlege tinga for ansikt til ansikt-samtalene. Bryt med normen vert i enkelte tilfelle beskreve som ”patetisk. Gå heller til en venn enn til hele verden!”. 1/3 av Kvitsund-ungdomane hevdar likevel på motsatt side at internett og Facebook *har* rom for følelsar. Desse òg understrekar nødvendigheita av å sile ut dei mest personlege tinga for å beskytte seg sjølv, men dei ønsker sjølv å framstå som ærlege og truverdige på nettet, og sette pris på at andre òg kan dele meir enn berre overflatisk snakk.

Ved Drottningborg vart svar-andelane nøyaktig motsatt. 1/3 samtykker i påstanden, og gjev uttrykk for at dei sjølv berre deler overflatiske og ”nøytrale” ting, og dei opplever at dei fleste andre praktiserar det same. Grunngevinga er blant anna at ”følelsene skifter, men det som er skrevet blir stående”. Heile 2/3 hevdar derimot at følelsar, også negative og triste, har ein plass og får kome til uttrykk på Facebook. Behovet for å setje grenser vert understreka, men i følgje ein av informantane er det ”følelser folk helst vil ha”. Dei fleste er litt meir nyanserte, men i følgje ein annan må ho ”stadig lytte, trøste og vise medfølelse overfor veninner på Facebook”. Her anar vi kanskje nokre kjønnsmessige forskjellar, men det står uansett i forhold til tendensen ved Drottningborg.

Nok ein gong får vi stadfesta korleis verdsvev og sosial medier utviklar sine lokale og gruppeavhengige variantar, normer og praksisar. Når så stor andel ved Kvitsund opplever nettet som ”følelseslaust” så er det fordi dei stort sett kommuniserer med andre frå Kvitsund som òg er forsiktige med følelsar på nettet, og slik stadfestar og justerar normene og praksisen til kvarandre. Dei same mekanismene er det ved Drottningborg, berre med andre utfall og konsekvensar. ”Kvitsund-normen” tillet og aksepterar rett og slett mindre følelsar på Facebook enn ”Drottningborg-normen”!

Elevane ved Kvitsund og Drottningborg er derimot samstemte i forhold til den neste påstanden, og hevdar at livet på internett *ikkje* gjev anledning til å uttrykke følelsane på ein betre måte enn i RL. To kommentarar til denne påstanden skil seg derimot ut andre vegen. Den eine hevdar faktisk at det *er* lettare å reflektere følelsar på nettet med den grunngeving at det er lettare å kontrollere korleis dei vert oppfatta. Det betyr ut frå informantens svar på foregåande påstand ikkje at vedkomande ønsker ”fri flyt” av følelsar på nettet, men det kan bety at når ein først skal vise følelsar på nettet så kan ein i større grad ha styring med korleis

og kor sterkt dei skal uttrykkast. Den andre kommentaren går på bruk av *emoticons*, eller følelsesikon, som florerer i denne typen kommunikasjon. Vedkomande påstår at dei er lettare å slenge ut enn følelsar i RL, og med mindre konsekvensar. ”Et lei seg fjes i virkeligheten er værre enn et :( på dataen”. Eit lei-seg-fjes på Facebook er altså *ikkje* så lei seg som eit tilsvarande lei-seg-fjes i det verkelege liv. Internett og Facebook har slik i følgje informantane nokre begrensingar i forhold til å leve ut sitt følelsesregister. Konklusjonen på det er at følelsane ikkje får betre utløp på nettet, men at det kanskje er lettare å ”hinte litt” om svingingar i sinnsstemningane gjennom emoticons? Men igjen ser vi tendensen til den tilbakehaldne nettbruken blant informantane som vi har sett tidlegare, og at følelsane vert holdt litt i tøyle. Og kanskje er det like greitt?

#### **4.6.7 ”Livet på internett og livet i RL er adskilte verder utan påverknad på kvarandre”**

I forhold til om livet på internett og RL er adskilt eller går i kvarandre er tendensen tydeleg. Kun 1/10 meiner internett og det verkelege livet har lite påverknad på kvarandre, men felles for desse er at dei brukar lite tid på nettet, og deler lite av personleg liv på f.eks Facebook. Dei andre seier seg einige i at online og offline-verdene heng saman i varierende grad. Dei viktigaste faktorane for kor tett verdene er knytta saman er kor mykje tid ein brukar på nettet, og kor mykje ein kommuniserar av eige liv og følelsar med sine online-kontakter. ”Livet påvirker hva jeg deler, og det jeg deler påvirker real life” er ein av observasjonane, og i forhold til Facebook er ”begge deler viktige deler i livet mitt” i følgje ein annen. Det som foregår på Facebook utgjør for enkelte òg ein vesentleg del av offline-samtalene, og motsatt kan aktuelle tema i miljøet dukke opp som diskusjonar på Facebook. Facebook og livet flyt slik i kvarandre.

Men er det bra? Eit par informantar antyder at det kunne vere sundt å oppretthalde eit klarare skilje, mens eit fleirtal av dei som reflekterer rundt dette understrekar viktigheita av å ta på alvor at det *er* same verda, og nødvendigheita det medfører om å vere den same begge stader. Thomas si forestilling om *seamlessness* ser dermed ut til å halde; ungdomane opplever i stor grad at online og offline grip i kvarandre, og det er ikkje alltid mogleg å seie kva som høyrer

til kor. Virtual Reality har dermed vorte stadig mindre ”virtual” og stadig meir ”reality”, og i alle fall i forhold til Facebook gjev begrepet lite meining. Det er Real Life alt saman!

#### **4.6.8 ”Facebook er ei ikkje-religiøs sone”**

Ut frå svara informantane stort sett har gjeve undervegs er dei ikkje overraskande ueinige i påstanden om at Facebook er ei ”ikkje-religiøs sone”. Ein del modererar seg ved at dei sjølv ikkje er så utprega aktive og kristelege på Facebook, eller viser til at alt bør praktiserast med måte. Det vert blant anna kommentert av enkelte at dei opplever *for* kristelege statusar som litt tilgjort. Det er likevel ei utprega og samstemt oppfatning at kristen tru, og religion generelt, er tilstades på Facebook og høyrer heime på Facebook. ”En kan være så kristen man bare vil” i følge fleire, og det visast blant anna til alle gruppene med kristeleg tilsnitt, samt diskusjonar og kommentarar som meir og mindre reflekterer kristen tru og verdiar. Fleire opplever det som ei trygg og god ramme for å ha kontakt med kristne vener, og at det i enkelte tilfelle òg kan vere ein flott plass for å evangelisere og vitne om trua si. Verdien av å kunne stå for sin kristne identitet vert understreka, og det er ”viktig for meg å være hele meg på Facebook, inkludert troa” vert det sagt. Så ungdomane opplever definitivt at trua høyrer heime på Facebook, men den rådande haldninga er at den må vere ekte, naturleg og uttrykt med måte og tilpassa situasjonen.

### **4.7 Kristen ungdomsidentitet online - oppsummering og drøfting**

Gjennom analysen av spørjeundersøkinga har informantane teikna eit mangfaldig bilete av kristen ungdom på internett, men vi ser om lag følgjande konturar:

Dei kjem frå stabile kristne heimar, beskriv den kristne trua som ein viktig del av identiteten sin, og uttrykker den gjennom språk, samtaler, aktivitetar, symbol og verdiar dei står for. Ein betydeleg del av tida deira går med på nettet der dei les *litt* nyheiter, ser og høyrer ein god del av den same kulturen og underhaldninga som ungdom generelt ser og høyrer, og brukar elles tida på Facebook. Her ”kikkar dei rundt”, og kommuniserer via chat og statusar med familie, vener og bekjente som dei òg har kontakt med i RL. Til meir tid dei er på nettet til viktigare er

denne online-kontakten for dei, til større del av livet og trua delar dei på nettet, og til meir opplever dei at internett-aktiviteten er ein integrert del av kvardagen og identitet sin. Nett-aktiviteten sitt formål handlar om å ivareta RL-relasjonar og skape tilhøyrse, og i liten grad om eksperimentering med fantasiar og identitetar. Dei framstår som bevisste nettbrukarar, og legg stor vekt på samanheng og samsvar mellom online og offline praksis og identitet, sjølv om dei held litt att på følelseslivet. Spelar-typane skil seg ut frå majoriteten på enkelte område, særleg i forhold til bruk og haldningar til spel-aktivitetar. Trua har likevel ein naturleg plass på nettet for dei fleste, og den viser seg særleg gjennom språk og verdiar, og litt mindre i chattar, aktivitetar og symbol. Online-trua framstår dermed litt mindre synleg enn offline-trua, men det er reell tru sjølv om mediet er virtuelt.

Vi skal avslutningsvis i kapittelet prøve å besvare forskingsspørsmåla som vart presentert i innleiinga, og i den samanhengen vil vi ta oppatt sentrale begrep frå anti-essensiell og kristen tenking om identitet og identitetsdanning. Men vil og oppsummere nokre samanhengar mellom begrep vi løfta fram i teorien, men som ikkje i same grad inngår i forskingsspørsmåla. Dei har likevel gjort seg gjeldande i funna frå spørjeundersøkinga, og har til dels har vorte kommentert undervegs. Ziehe sitt credibility-begrep har vorte stadfesta gjennom at informantane stadig har understreka nødvendigheita av å framstå som integrerte og truverdige personar på nettet. Makability har derimot ikkje vore like framtrudande i beskrivinga av aktiviteten, sjølv om ei viss redigering førekjem. Subjektiviseringa sitt fokus på dei nære ting ser ein i at online-aktiviteten i stor grad dreier seg om nære relasjonar og kvardagslege hendingar. Internett-aktiviteten som ontologisering ved at den skulle skape sin eigen røyndom er ikkje like framtrudande, all den tid den heng så tett saman med RL-identitet, RL-verdiar og RL-relasjonar. Facebook kan ein sjølv sagt forstå som ei potensering, ei fargelegging av tilveret, men den kritiske sansen og realitetsorienteringa ser ut for å vere såpass intakt at det ikkje er nokon umiddelbar fare for verkelegheitsflukt.

Thomas sine begrep og observasjonar har vore nyttige i analysen, og svara frå informantane har i stor grad stadfesta hennar inntrykk, funn og påstandar. Først og fremst saumlausheita mellom online og offline-verda, dei sosiale media sitt krav til ein meir nyansert men konsistent identitet, web 2.0 sitt bidrag til utvida sosiale relasjonar på nettet, og behovet for tilhøyrse som styrande for ungdoms nettaktivitet. Språket og kommunikasjonen via digitale medier er viktig, både for å uttrykke og "redigere" identitet, men redigeringa ikkje må kome

på kant med forventninga om autensitet og truverdigheit. Refleksjonane Thomas har om avatarisering og kroppsleggjering på nettet er ikkje like iaugnefallande hos informantane, men gjer seg gjeldande gjennom at online-aktiviteten handlar om verkelege menneske, verkelege følelsar, verkelege konsekvensar og verkeleg liv.

#### **4.7.1 Drøfting av forskingsspørsmål om tru, verdiar og identitet**

Så til forskingsspørsmåla: Enkelte av spørsmåla er delvis direkte og indirekte besvart undervegs i analyse og drøfting, og vi skal ikkje gjenta alt dette her. Nokre avsluttande og oppsummerande kommentarar må likevel til. Dei to første spørsmåla retta mot kristen ungdom på nettet var *i kva grad og på kva måtar kristen ungdom opplever og uttrykker si tru, verdiar og identitet på internett, og i kva grad kristen ungdom sine uttrykk for tru, verdiar og identitet samsvarer mellom internett og det daglege livet*. Her har vi sagt mykje allereie, men inntrykket er at kristen ungdom i relativt stor grad er bevisst på og uttrykker trua si på internett, og særleg Facebook. Språk, samtaler, verdiar dei står for, omtale av aktivitetar dei er med på i RL osv er nokre av måtane dette kjem til syne på. Det er òg stor grad av samsvar i måten og graden tru, verdiar og identitet kjem til uttrykk på i RL og på nettet. Informantane si tru er like synleg eller usynleg begge stader, dei forfektar dei same verdiane, og framstår med same profil, personlegheit og identitet begge stader. Det er difor stor grad av samsvar, og informantane opplever stor grad av samanheng mellom nett og RL.

*Kva faktorar bidreg til å danne og forme kristen ungdom si tru, verdiar og identitet på internett, og er kristen ungdomsidentitet på internett forma av at dei inntek posisjonar eller ivaretek relasjonar?* Keyes sine faktorar for identitetsdanning har vist seg nyttige inn mot dette spørsmålet, og informantane sin respons viser at verdiar, førebilete, meistring og relasjonar er viktig for dei, og at det er stor grad av samanheng og overføring av desse faktorane frå RL til online-aktiviteten. Internett opererar *ikkje* på sida av verdiar og normsystem, og vert *ikkje* oppfatta eller brukt som ei frisone for utprøving, eksperimentering, fantasering og grensesprenging. Informantane sine familie- og venskapsrelasjonar har vist seg særleg relevante i forming og moderering av nettaktivitet, og peiker slik i retning av ein identitetskonstruksjon basert på relasjonelle prinsipp. Mitt oppfatning er at ungdomane sitt liv på nettet i liten grad ber preg av strategisk posisjonering og ytre performance. I eit sosial



samspel handlar det sjølvsagt alltid om posisjonar, og ein finn alltid trekk av rollespel. Inntrykket gjennom informantane er derimot at livet på internett er ”ekte vare”, og at *den drivande krafta* gjennom alt dei foretek seg på nettet er ønsket om, og behovet for å ivareta og styrke sine relasjonar til familie, vener og bekjente.

Eit spørsmål eg har stilt meg sjølv i forhold til den generasjonsblandinga ein no ser på Facebook er som følger: Vil ungdomen ”flykte” til andre medier når vaksengenerasjonen no trenger seg på og dei ikkje lenger får ”vere i fred” på nettet? Eg har ikkje spurt etter det i undersøkinga, men det samla inntrykket informantane har gjeve undervegs, saman med refleksjonen om relasjonar over, gjer at eg *ikkje* trur det vil skje! Ungdom vil nok fortsatt ha behov for sine ”private spaces”, men inntrykket er òg at ungdomen ser ut for å setje pris på kontakten og gjerne kan tenke seg å ha det slik. Det er eit uttrykt ønske om relasjonar på tvers av generasjonar, og ungdomane gjev sterkt uttrykk for at dei ønskjer samsvar og samanheng i mellom dei ulike delane av livet, inkludert det livet som foregår online.

Dette leier oss over på det siste forskingsspørsmålet: *Er internett ein trussel for kristen identitetsdanning?* Nokon vil kanskje seie eg er naiv, men mitt svar ut frå arbeidet med denne oppgåva er; nei. Eller, ja, i den forstand at *alt* potensielt kan true vår identitet. Relasjonar er ein føresetnad for identitetsdanning, men kan òg torpedere heile identitetsprosjektet. Internett utgjer dermed ikkje nokon større trussel enn andre utfordringar vi møter på, sjølv om internett har sine særeigne utfordringar særleg knytta opp mot potensialet for anonymitet, eventuelt potensialet for overvaking! Og som forelder, kroppsøvingslærer og samfunnsengasjert borgar ser eg sjølvsagt at det går grenser for hensiktsmessig og helsemessig tidsbruk foran skjermen. Når eg likevel ikkje er veldig bekymra er det blant anna fordi dei teknologiske trendane og praktiske anvendinga av internett til dels går i retning av større openheit gjennom for eksempel sosiale medier, og normer og etikette for bruk begynner å setje seg etter som 1. generasjons *innfødte* cyborgarar kjem på banen. Internettforskning viser ei normalisering av åtferd gjennom at ”normale” folk no er på nett, og ikkje berre ”nerdar” og spesielt interesserte. Responsen i undersøkinga viser i alle fall i forhold til kristen ungdom ei høg grad av nettvett, og ei høg grad av verdibasert bevisstheit om samanhengen mellom livet på nettet og i RL. Mi oppleving av det informantane gjev til kjenne om sin online-aktivitet tyder på at ungdomen langt på veg meistrarar begge arenaer, og til dels betre til tryggare *verdigrunnlag* dei har i RL, og til større *bevisstheit* dei har om samanhengen mellom VR og RL. Ut i frå det ser det ut til at ein gjerne kan berolige foreldre, lærarar og andre vaksne om ungdomane sitt liv på

nettet. Internett har allereie vorte ein viktig arena for kristen ungdom i å danning og uttrykk tru og identitet, og må ein berre ta utfordringa. Den beste vegleiinga ein eventuelt kan gje i forhold til å bygge ein integrert og samanhengande identitet mellom VR og RL er nettopp å vise *samanhengen* mellom verdene, og ikkje motsetjingane! Konstruerar ein eit unødig skilje mellom desse to så oppmuntrar det heller til fragmentering, forvirring og dobbeltliv. Ein tydeleg og bevisst samanheng skaper openheit, integrering og meining, og legg grunnlag for sunn identitetsdanning både online og offline.

## 5 AVSLUTNING

Vi skal ikkje repetere alle drøftingar og konklusjonar her, men viser til oppsummeringar og analyser undervegs i oppgåva. Om kultursosiologiske identitetstenkinga viser eg særleg til avsnitta ”*Anti-essensiell identitet - konsekvensar og kritiske refleksjonar*” og ”*Oppsummering anti-essensiell identitetsteori*”. I forhold til kristen identitetsforståing samanfattar følgande avsnitt viktige moment; ”*Beyond identity - kristendommens bidrag til identitetsforståinga*”, ”*Identitet som relasjonell forankring*” og ”*Oppsummering anti-essensiell og kristen forståing - samsvar og utfordring*”. Vedrørende spørjeundersøking og analyse om kristen tru, verdier og identitet på nettet samanfattar følgande kapittel det mest sentrale: ”*Oppsummering del 1- kven er informantane i RL?*”, ”*Oppsummering og kommentarar del 2*”, ”*Oppsummering bibelske faktorar for identitetsdanning*” og ”*Kristen ungdomsidentitet online - oppsummering og avsluttande drøftingar*”.

For likevel å peike på det som er dei viktigaste poenga i oppgåva er det at kultursosiologisk og kristen identitetstenking har mange felles oppfatningar og anliggande. Samstundes beskriv H. L. Menchen mykje av refleksjonen vi har gjort undervegs: ”There is always an easy solution to every human problem; neat, plausible, and wrong” (Samuelson, 2010, p. 19). Anti-essensiell og kristen forståing skil blant anna lag på fundamentale punkt, som verdiane sin plass, og rommet for den religiøse dimensjonen i identitetsdanninga. Desse perspektiva er viktige bidrag frå kristen tru inn mot *djupare* refleksjonar omkring identitet. Men djupast sett skil dei to syna òg lag på forståinga av kva identitet er, og korleis den vert til: Er identitet konstituert i upersonlege posisjonar eller personlege relasjonar? Summen av min refleksjon omkring forståinga av identitet i denne oppgåva kan difor samlast i forståinga av identitet som grunnleggande *relasjonelt* forankra og forma. Og på same vis som relasjonar alltid rettar seg utover seg sjølv, slik må sunn identitetsdanning òg alltid søke utover seg sjølv og eigen identitet, og djupast sett kvile i Guds-relasjonen. Denne erfaringa av identitet som relasjonelt konstituert og forma har vi òg sett spor av i beskrivingane informantane har gjeve av liv, tru og verdier i sin online-praksis. Det dreier seg om relasjonsbygging med familie og vener, som igjen formar online-praksisen. Elles har trua ein naturleg plass på nettet gjennom ungdomane sin aktivitet, og dei opplever stor grad av samanheng mellom livet på nettet og livet i verden. Opplevinga av samanheng varierer som vi har sett med lokale normer, men det er semje om at ein må framstå med autentisk identitet og integritet uansett kva ”verkelegheit” ein er i.

Avslutningsvis tek vi med nokre tankar rundt det metodiske utgangspunktet for arbeidet med oppgåva, med prinsipp henta frå grounded theory, kritisk teori og trippel-hermeneutikk. *Oppdaging* som forskingsmetode står sentralt i grounded theory, og arbeidet med oppgåva har vore som ei oppdagingsreise for min del. Det gjeld både arbeidet med det teoretiske identitetsbegrepet og analysen av ungdomane sine svar og refleksjonar om tru og identitet på nettet. Den største oppdaginga var *kor* djuptgripande begrepet faktisk er. Eg visste det var viktig på individnivå, men at det på fundamentalt vis representerer ei *så* sterk drivkraft i historisk, kulturell og ideologisk utvikling var nye perspektiv. Ei lærerik reise var det òg å få del i 50 kristne ungdomar sine skildringar og refleksjonar om sine online-liv. Det gav innsikt og forståing i forhold til bruken av internett som medium for å leve ut kristen tru, og eit innblikk i korleis ungdom integrerer nettet i sosial omgang. I tillegg illustrerte og berika det dei teoretiske begrepa på ein overraskande presis måte. Likevel vil eg i tråd med grounded theory vere varsam med å trekke bastante konklusjonar, men har tru for at biletet eg teiknar av kristen ungdomsidentitet online i det minste har *kontekstuell* validitet. Hensikten har uansett vore ut frå ulike vinklar å spore til kritisk refleksjon, nye perspektiv og djupaer forståing. Det håpar eg kan gjelde uansett kor einige eller ueinige ein måtte vere i resonnement og argument.

Kritisk teori og trippelhermeneutikk har som mål å bevisstgjere kulturelle, ideologiske, politiske, økonomiske og individuelle faktorar som påverkar forskingsobjekt, forskar, analyser og konklusjonar i forskingsprosessen. I oppgåva har dette særleg gjort seg gjeldande i at eg har forsøkt så grundig som mogleg å avklare mitt utgangspunkt, motivasjon og ståstad. Dette har eg reflektert over og drøfta i dei innleiande delane av oppgåva. Det har ikkje vore like lett å aktivt og systematisk flette det inn i analyser, refleksjonar og drøftingar undervegs, men eit og anna glimt har sporadisk dukka opp. Hensikten for min del har uansett vore å tydeleggjere min posisjon, og gjennom det gjere det lettare for *andre* å ta kritisk stilling til det eg uttrykker og formidlar. Det er alltid lettare å forholde seg til ein motpart når ein veit kven motparten er og kva den står for. Slik håpar eg det kritiske perspektivet i alle fall er delvis oppnådd, og at oppgåva har bidrege til den kritiske teorien sitt *eigentlege* anliggande: Å dyrke den frigjerande og kreative kunnskapsinteressen! Eg veit i alle fall for min del at denne oppgåva *ikkje* er slutten, men *byrjinga* på mi interesse og engasjement rundt spørsmål knytta til identitet og identitetsdanning. Og som oppgåva har forsøkt å få fram: Det omfattar jo det meste!

## 6 REFERANSELISTE

- Alvesson, M., & Sköldbberg, K. (2008). *Reflexive Methodology - New Vistas for Qualitative Research*. London: SAGE.
- Barker, C. (2003). *Cultural studies: theory and practice*. London: Sage.
- Bradshaw, P. (2008, 15. oktober). Retrieved from <http://petebradshaw.wordpress.com/2008/10/14/putting-the-ph-into-the-phd/>
- Broady, D., & Palme, M. (1989). Pierre Bourdieus kultur-sociologi. In H. Thuen & S. Vaage (Eds.), *Oppdragelse til det moderne* (pp. 181-197). Oslo: Universitetsforlaget.
- Brådlund, T. A. (2007). Hvilket syn har kristne ungdommer på kristne videregående skoler på ulike samlivsformer. Mastergrad, Universitetet i Agder, Kristiansand.
- Engedal, L. G. (1995). Den andres ansikt - En systematisk analyse av grunnstrukturen i Erik H. Eriksons identitetsteori. In L. G. Engedal (Ed.), *Ecce Homo - En studie av psykovitenskaplige identitetsteorier med særlig henblikk på identitetserfaringens konstituerende elementer og de metateoretiske forutsetningenes funksjon i teoriutforming*. Oslo: Unipub forlag / Akademika AS.
- Engedal, L. G. (1999). Den andres ansikt. En systematisk analyse av grunnstrukturene i Erik H Eriksons identitetsteori. In L. G. Engedal (Ed.), *Ecce Homo - En studie av psykovitenskaplige identitetsteorier med særlig henblikk på identitetserfaringens konstituerende elementer og de metateoretiske forutsetningenes funksjon i teoriutforming*. Oslo: Unipub forlag / Akademika AS.
- Fossheim, H. J. (2009, 15. juni 2009). Internettbrukere og internettforskning Retrieved 1. mai, 2010, from <http://www.etikkom.no/no/FBIB/Temaer/Forskning-pa-bestemte-grupper/Internettbrukere-og-internettforskning/>
- Gergen, K. (1991). *The Saturated Self - Dilemmas of Identity in Contemporary Life*. New York: Basic Books.
- Hall, S., & Gay, P. d. (Eds.). (1996). *Questions of Cultural Identity*. London: Sage.
- Hellevik, O. (2009, 25. mars 2009). Spørreundersøkelser. Forskningsetisk bibliotek Retrieved 1. mai, 2010, from <http://etikkom.no/no/FBIB/Introduksjon/Metoder-og-tilnæringer/Sporreundersokelser/>
- Holian, R. (1999, 4. mai 2002). Doing Research In My Own Organisation: Ethical Dilemmas, Hopes And Triumphs Retrieved 2. mai, 2010, from <http://www.scu.edu.au/schools/gcm/ar/ari/p-rholian99.html>
- Keyes, D. (2003). *Beyond identity : finding your self in the image and character of God*. Ann Arbor, Mich.: Servant Books.
- Kolmannskog, H. (2005, 27. august 2005). Judith Butler, Klassekampen, nettutgåve. Retrieved from <http://www.klassekampen.no/7916/article/item/null>
- Krogseth, O. (2001). Identitet i en pluralistisk kultur. Paper presented at the Å bli det du er - oppvekst, identitet, kontekst, Berlin. IKS-seminar retrieved from [http://www.hf.uio.no/ikos/forskning/forskningsprosjekter/vokse\\_opp/publikasjoner/semrapp2/index.html](http://www.hf.uio.no/ikos/forskning/forskningsprosjekter/vokse_opp/publikasjoner/semrapp2/index.html)
- LaPolt, E. K. (1997). Ethical Dilemmas in Program Evaluation and Research Design. Program Evaluation and Research Design Retrieved 2. mai, 2010, from <http://www.socialresearchmethods.net/tutorial/Lapolt/lizhtm.htm>
- Larsen, L. J. (1991). Ungdommelighet og tyranni. *Norsklæreren*(4), 5-16.
- Lorentzen, A. (2000). Kjønnen eller frikjønnet? Rock som diskursiv praksis. Master thesis, University of Bergen, Bergen. Retrieved from <http://www.ub.uib.no/elpub/2000/h/710001/>
- Lundgaard, H. (2010, 3 April 2010). Bruker mer tid på nett enn TV, *Aftenposten*. Retrieved from <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article3590475.ece>
- Lunsford, K. (2009). Lecture on academic writing. Lecture. Høgskolen i Hedmark. Hamar.
- NESH. (2003, 22. april 2009). Forskningsetiske retningslinjer for forskning på Internett Retrieved 1. mai, 2010, from <http://www.etikkom.no/no/Forskningsetikk/Etiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/Internett-forskning/>
- Prieur, A. (2002). Frihet til å forme seg selv? *Kontur*(6), 4-12.

- Rasmussen, T. (2008). Martin Luther. In R. Rasmussen (Ed.), Store Norske Leksikon (Vol. [www.sn1.no](http://www.sn1.no)). Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Salmeboken. (1985). Norsk Salmebok. Oslo: Verbum.
- Samuelson, R. J. (2010, 26. april). The VAT Masquerade. Newsweek.
- Schjøth, A. (2001). Hva er kristen identitet? Halvårsskrift for praktisk teologi(2).
- Svendsen, L. F. H. (2009). Emmanuel Kant. In L. F. H. Svendsen (Ed.), Store Norske Leksikon. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Thomas, A. (2007). Youth online: identity and literacy in the digital age. New York: Peter Lang.
- Trochim, W. M. K. (2006). Research Methods Knowledge Base. Web Center For Social Research Methods Retrieved 1. mai, 2010, from <http://www.socialresearchmethods.net/kb/>

Antal ord: Ca 47 600

## **7 SAMANDRAG OG VEDLEGG**

## 7.1 Samandrag: Kristen ungdomsidentitet online – posisjon eller relasjon?

Masteroppgåva ”Kristen ungdomsidentitet online – posisjon eller relasjon” teiknar eit bilete av korleis kristen ungdom uttrykker tru, verdiar og identitet på internett. ”Kristen ungdom” er elevar ved Norsk Luthersk Misjonssamband sine kristne vidaregåande internatskular, der underteikna er tilsett som lærar. Nærleik til tema og informantar medførte behov for etisk og kritisk refleksjon over forskarrolla i forhold til personvern, sensitivitet og validitet. Dette er berørt i metodekapittelet, men validitet i oppgåva forståast som *kontekstuell* validitet; å teikne eit bilete som kristen ungdom sjølv kjenner seg att i. Men problemstillinga har *to* fokus:

Det første fokuset er i kva grad anti-essensielle identitetsteoriar samsvarer med kristen identitetsforståing, og kva kristen tru og tenking kan tilføre av nye perspektiv innan fagfeltet. Beskriving av religiøs tru i identitetsdanninga må ta utgangspunkt i teoriar som er opne for, og tek på alvor denne dimensjonen, og ei antaking i oppgåva er at anti-essensiell tenking ikkje gjer det i tilstrekkeleg grad. Drøfting av identitetsbegrepet er difor via stor plass. Oppgåva utfordrar førestillingar frå Foucault, Hall og Butler, og kritiserer ei overflatisk beskriving av identitet og identitetsdanning lausreve frå verdiar, avvisande til religiøs tru, og som i sum definerer identitet som å innta upersonlege, diskursivt forma posisjonar. Mot dette oppfordrar oppgåva ut frå forskning og kristen tru til å leite etter identitet *utover* identiteten, utanfor subjektet! Ulike identitetsdannande faktorar samlast i ei *relasjonell* forståing av identitet, der relasjonar saman med andre faktorar dannar grunnleggande mønster for identitetsutvikling.

Det andre fokuset er korleis kristen ungdom dannar, opplever og uttrykker kristen tru, verdiar og identitet på nettet. Sentrale spørsmål er korleis online-trua samsvarer med offline-trua, og i kva grad internett utgjer ein trussel mot kristen identitetsdanning. Det empiriske materialet baserer seg på anonyme spørjeundersøkingar blant ungdomar ved NLM-skulane som definerer seg som kristne. Viktige funn er at det utviklar seg lokale forskjellar i normer og praksisar mellom skulane når det gjeld bruk av nettmedier. Vidare viser analysen at ungdomane har stor grad av bevisstheit i forhold til nett-aktivitet, og vektlegg samsvar i tru, verdiar og identitet mellom online og offline-verdene. Relasjonar utgjer den grunnleggande motivasjonen for ungdomane til å vere online, noko som samsvarar med identitetsbegrepet i teoridelen. Konklusjonen er at internett i seg sjølv ikkje er nokon større trussel enn andre utfordringar i identitetsdanninga, så lenge ein vektlegg samanhengen mellom verdene.



## 7.2 Abstract: Christian Youth Identity Online - Position or Relation?

The master thesis "Christian Youth Identity Online - Position or Relation" tries to picture how Christian youth express their faith, values and identity on the Internet. "Christian youth" are students at the Norwegian Lutheran Mission's Christian upper secondary boarding schools, where signed is employed as a teacher. Proximity to theme and informants sparked a need for ethical and critical reflection on research role in relation to privacy, sensitivity and validity. This is covered in the methodology chapter, but the measure for validity of the thesis gathers in the concept of *contextual* validity; to provide a "snap-shot" of Christian youth online where they recognize themselves. The thesis has *two* focuses in the approach:

The first focus is to what extent anti-essential theories match with a Christian understanding of identity, and what perspectives Christian thinking can bring to the field.. Descriptions of religious belief in the identity formation must be based on theories that is open to, and takes seriously this dimension, and an assumption in the thesis is that anti-essential thinking does not do that sufficiently. Discussing the concept of identity is therefore at the core of the thesis. The thesis challenges views from Foucault, Hall and Butler, and criticizes a superficial understanding of identity and identity formation that is detached from values, neglecting religious beliefs, and in sum defines identity as adopting impersonal, discursive positions. Against this the thesis encourages on the basis of research and Christian faith to look for identity *beyond* identity! Identity forming factors centers in a *relational* understanding of identity, where relations constitute the essence in patterns for identity formation.

The second focus is how Christian youth form, experience and express their faith, values and identity online. Central questions are how online-faith matches offline-faith, and whether Internet is a threat to Christian identity. The empirical material is based on anonymous questionnaires among students on the NLM schools that define themselves as Christians. Key findings is that there develop local differences in norms and practices in the use of online media. The analysis also shows that young people have a high degree of consciousness to this activity, and that they emphasis on conformity between the online and offline worlds. Relationships constitute the fundamental motivation to be online, which corresponds to the identity concept in the theory section. The conclusion is that the Internet is not a greater threat to identity than other challenges, provided emphasis is put on seeing the worlds in coherence.

## 7.3 Vedlegg 1 – Informasjonsbrev til informantane

### Forespørsel om deltaking i spørjeundersøking i samband med masteroppgåve

#### Generell info

Underteikna held på med ei masteroppgåve i språk, kultur og digital kommunikasjon ved Høgskolen i Hedmark. Temaet for oppgåva er *kristen ungdomstru og identitet på internett*, der eg skal undersøke i kva grad, og på kva måtar, kristen ungdom uttrykker si kristne tru, verdiar og identitet i ulike samanhengar på nettet. Eg er særleg interessert i å finne samanhengen mellom korleis kristen ungdom framstår i det daglege liv samanlikna med livet på nettet. Kort sagt: Kor ”kristne” er kristen ungdom på nettet samanlikna med i den verkelege verda? Oppgåva vil ha ei vinkling mot NLMvgs sine internatskular.

Eg ønsker i den samanhengen å gjennomføre ei spørjeundersøking blant elevar ved skulen. Den vil foregå anonymt via Fronter, og svara kan ikkje sporast tilbake til informanten. Det vil ikkje bli spurt etter person-identifiserbare opplysningar! Del 1 av spørjeundersøkinga vil kartlegge bakgrunn og forholdet til kristen tru og liknande i ”real world”. Del 2 vil kartlegge generelle opplysningar om nettaktivitet. Del 3 vil kartlegge korleis kristen tru, verdiar og identitet kjem til uttrykk på nettet gjennom profilar, bruk av språk, symbol , verdiar og haldningar i sosiale medier, nettforum, online-spel osv.

Det er frivillig å vere med, men etter at svar er levert er samtykke gitt til at informasjonen kan brukast i undersøkinga. Undersøkinga tek ca 45 minutt +/- . Innsamla materiale vert sletta når oppgåva er godkjent, etter planen juni 2010.

Hvis det er noko du lurer på kan du ringe på 930 85 352. Du kan òg kontakte min vegleiar Steinar Laberg ved Høgskolen i Hedmark på telefonnummer 62 51 76 84.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

#### Praktisk info

For å finne spørjeundersøkinga på Fronter gjer du følgande:

- Velg rommet 05 Alle
- Velg verktøyet Prøve i venstre meny...
- ... og opne mappa / fila Spørjeundersøking masteroppgåve
- ELLER går direkte til undersøkinga frå Snarveier i 05 Alle-rommet

Øvrig informasjon får du evt undervegs i undersøkinga.

På førehand takk!

Med venleg helsing  
Stig Tore Aaberg  
Drottningborg 1B  
4885 Grimstad

## 7.4 Vedlegg 2 - Spørjeundersøking

### INNLEIING

Velkomen til denne spørreundersøkinga om korleis kristen ungdom uttrykker si kristne tru på nettet. Du må reikne ca 30-60 minutt på gjennomføring av undersøkinga:

- Undersøkinga er anonym, og det er viktig å ikkje gje identifiserbare opplysningar som namn, klasse, heimlass o.l.
- Deltaking i undersøkinga er frivillig, men når svaret er sendt har du samtykka i at det kan brukast i oppgåva
- Undersøkinga rettar seg mot dei som på eit eller anna vis vedkjenner seg ei kristen tru
- Undersøkinga består av tre delar
- Ærlege svar er meir interessante enn "riktige" svar
- Utfyllande svar er å foretrekke, men samtidig kan korte svar fortelle meir enn du trur
- Alle spørsmål bør besvarast, men du bestemmer kor mykje (evt bare "Pass"... )

Lykke til, og på førehand takk for hjelpa!

Mvh Stig Tore Aaberg

### DEL 1 - KARTLEGGING AV BAKGRUNN OG KRISTEN TRU

Svara i denne delen skal gje eit inntrykk av korleis du uttrykker di kristne tru i "real world", og er tenkt som samanlikningsgrunnlag for svara du seinare gjev om korleis du uttrykker di kristne tru på nettet.

1. Vil du beskrive deg som ein kristen?
2. Gje ein stikkordsmessig beskrivelse av din oppvekst og bakgrunn, blant anna i forhold til kristen tru og miljø.
3. Kan du beskrive i kva grad, og på kva måtar di kristne tru kjem til uttrykk og er "synleg" for omgivelsane dine gjennom bruk av symbol, aktivitetar, verdiar, språk, i samtaler og liknande?
4. I kva grad, og på kva måtar vil du beskrive di kristne tru som ein del av din identitet?
5. I kva grad, på kva måtar, og evt kvifor trur du andre oppfattar deg som kristen?

### DEL 2 - KARTLEGGING AV NETTAKTIVITET OG NETTVANAR

7. Kor mykje fritid bruker du gjennomsnitteleg på internett-aktivitet pr dag?
8. Kva type aktivitet brukar du nettet mest til, rangert etter tidsbruk? Antyd ca tid for kvar aktivitet:
  - Nyheiter (f.eks vg.no)
  - Søke etter informasjon (f.eks Wikipedia el. Google)
  - Online spel (f.eks WoW el. Sims)
  - Kultur og underhaldning (f.eks film, musikk e.l)
  - Kommunikasjon (f.eks msn, skype e.l)
  - Diskusjonsforum (f.eks Si:D el. vgdebatt)

- Nettsamfunn (f.eks nettby)
- Nettgrupper (f.eks interessegrupper som Itro.no el. liverpool.no)
- Sosiale medier (f.eks Facebook el. Twitter)
- Produksjon av nettinnhald (f.eks websider el. blogg)

9. List opp 5 av dei nettsidene du besøker oftast og mest regelmessig.

10. I kva grad har du kontakt med din vanlege venne- og bekjentskapskrets gjennom internettaktivitetane, og kva type aktivitet er det snakk om?

11. I kva grad har du gjennom ulike nettaktivitetar kontakt med folk utanfor din vanlege venne- og bekjentskapskrets? Kva forhold har du til desse, og kva type aktivitet er det snakk om?

12. I kva grad framstår du med namn eller nick i ulike samanhengar på nettet, og kvifor / kvifor ikkje?

### **DEL 3 - KARTLEGGING AV KRISTEN TRU OG IDENTITET PÅ NETTET**

Svara i denne delen skal gje eit inntrykk av i kva grad, og på kva måtar di kristne tru kjem til uttrykk på nettet, og vil bli sett i samanheng med svara du har gitt i dei tidlegare delane.

Generelt om kristen tru og nettaktivitet

Internettforskarar beskriv ulike typer åtfærd på nettet:

> spelaren (*the gamer*): søker utover etter aktiv deltaking, samarbeid og dialog med andre, som f.eks gjennom spel, diskusjon

> forfattaren (*the writer*): søker innover etter å uttrykke og ”forfatte” seg sjølv gjennom tekst, bilete osv, som f.eks gjennom blogg

> kikkaren (*the lurker*): søker å halde seg orientert om andre, og sjå kva andre driv med utan å aktivt delta sjølv

> sabotøren (*the saboteur*): Ute etter å øydelegge og bryte normer ved f.eks å spolere taktikk i spel, sabotere forumdebattar og liknande

15. Kva type åtfærd av det som er skissert over er mest beskrivande for din nettaktivitet, og kvifor?

16. Beskriv nokre viktige verdiar du har i real world. I kva grad formar desse verdiane din praksis på nettet, og kva andre verdiar påverkar eventuelt din online-aktivitet?

17. Beskriv nokre viktige personar / førebilete du har i real world. I kva grad formar desse din praksis på nettet, og kven er eventuelt førebilete for din online-aktivitet?

18. Beskriv nokre av dine sosiale og praktiske eigenskapar og ferdigheiter. I kva grad er desse relevante i din online aktivitet? I kva grad og på kva måtar opplever du større eller mindre grad av sosial og praktisk mestring gjennom din online-aktivitet?

19. Beskriv nokre viktige relasjonane i ditt liv (f.eks familie og vener). I kva grad er desse relasjonane relevante for din online-aktivitet? I kva og på kva måtar opplever du sterke eller svake, trygge eller utrygge relasjonar gjennom din online-aktivitet?

### **Kristen tru vs online-spel**

21. I kva grad spelar du online spel, kva spel spelar du, og kven spelar du saman med?

22. I kva grad, og på kva måtar reflekterer profilen(ane) / karakteren(ane) / avataren(ane) du brukar i spel eigenskapar og sider ved deg, din identitet, og di kristne tru og verdiar?

23. I kva grad opplever du at di kristne tru og verdiar er relevant for din spel-aktivitet?

### **Kristen tru vs kultur og underhaldning**

25. Gje ein beskrivelse av typisk kultur og underholdning som du "forbruker" på nettet, og korleis det eventuelt reflekterer di kristne tru og verdiar

26. I kva grad opplever du at di kristne tru og verdiar er relevant for din "bruk" av kultur og underholdnings på nettet?

### **Kristen tru vs kommunikasjon og diskusjon**

28. I kva grad, og på kva måtar er di kristne tru og verdiar "synlege" i omgangsform, tone og språk i din kommunikasjon med andre på nettet?

29. I kva grad, og på kva måtar framstår du eventuelt som andre personar, med andre meiningar i diskusjonar o.l, og kvifor?

### **Kristen tru vs nettsamfunn og grupper**

31. I kva grad er du aktiv og regelmessig deltakar i nettsamfunn og nettgrupper?

32. Korleis framstår du i nettsamfunnet i forhold til bilete, namn, profil og type informasjon du legg ut om deg sjølv?

33. I kva grad, og på kva måtar, kjem eventuelt di kristne tru og verdiar til uttrykk i nettsamfunnet?

34. I kva grad har du, eller har du vurdert å framstå med anna namn, identitet, kjønn e.l, og kvifor / kvifor ikkje?

### **Kristen tru vs Facebook / sosiale medier**

36. I kva grad er du regelmessig brukar av Facebook eller andre sosiale medier?

37. Kan du gje ein beskrivelse av profilen din på Facebook eller andre sosiale medier i forhold til namn, bilete, symbol, informasjon, statusoppdateringar, grupper, lenker, applikasjonar, events osv?

38. I kva grad, og på kva måtar kjem eventuelt di kristne tru, verdiar og aktivitetar til uttrykk i din bruk av Facebook eller sosiale medier?

39. I kva grad, og på kva måtar er framstilling av deg sjølv på Facebook / sosiale medier gjennom språk, bilete og aktivitetar ein del av ditt image og identitet i real world?

40. Korleis, og i kva grad trur du din identitet på Facebook påverkar din identitet i real world positivt og / eller negativt?

41. I kva grad opplever du at Facebook er ein del av, eller adskilt frå, venskap i den verkelege verda?

42. Vil du seie at di kristne tru er meir eller mindre tydeleg og synleg på Facebook enn i real world, og kvifor?

43. I kva grad tenker du at di kristne tru og verdiar er relevant for din aktivitet på Facebook?

#### **Kristen tru vs produksjon av nettinnhald (film, web, blogg etc)**

45. I kva grad produserer du innhald for nettet, og kva slags innhald er det snakk om?

46. I kva grad, og på kva måtar uttrykker dette nettinnhaldet eventuelt di kristne tru og verdiar?

47. I kva grad tenker du at di kristne tru og verdiar i heile teke er relevant for det materialet du produserer for nettet?

#### **Kommenter kor relevante dei følgjande påstandane er for din aktivitet på nettet:**

49. Den personen som eg er på nettet liknar på meg, men minus dei negative sidene

50. Den personen eg gjev meg ut for på nettet er ei redigert og ”pynta” utgåve av den eg er i real world

51. Min aktivitet, profil og identitet på internett er eit forsøk på å ”forfatte meg sjølv” til den personen eg helst vil vere

52. Eg brukar internett til å eksperimentere med identitetar, roller, grenser og fantasiar som eg ikkje kan utforske i real world

53. Internett-aktiviteten min fører til mindre kontakt, og meir overflatisk kontakt med mine vener

54. Livet på internett har stort sett bare rom for ”happy faces” og positive følelsar

55. Livet på internett gjev meg anledning å uttrykke alle mine følelsar på ein betre måte enn i real world

56. Livet på internett og livet i real world er adskilte verder utan påverknad på kvarandre.

57. Facebook er ei ”ikkje-religiøs sone”

58. Mi kristne tru og verdiar er mindre tydeleg og synleg på nettet enn i real world

59. Mitt liv på nettet er "kristnare" enn mitt liv i real world